



Meland kommune

Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Rådmannen sitt framlegg og kommentarar

Oppdatert 21.11.2017

Vert ettersendt:

Vedlegg:

1. Økonomiske oversikter

- Driftsregnskap
- Investeringsregnskap
- Anskaffing og bruk av midlar
- Budsjettskjema 1 A - Drift
- Budsjettskjema 2 A – Investering
- Budsjettskjema 1 B – Drift
- Budsjettskjema 2 B – Investering

Innhald:

2.	Utvikling i folketal og prognose for økonomiplanperioden	5
3.	Prinsipp for god økonomistyring i Meland kommune	7
4.	Utvikling i kostnader for tenesteområda 2014 - 2017	7
5.	Økonomiske nøkkeltal Meland kommune 2014-2016	9
6.	Renteutvikling, investeringsnivå og gjeldsutvikling.....	13
7.	Framlegg til statsbudsjettet for 2018 – Kommuneopplegget	15
7.1.	Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2018.....	15
7.2.	Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2018.....	17
7.3.	Andre satsingsområde i statsbudsjettet	17
7.4.	Skjønstilskot	18
7.5.	Kommunereform	19
8.	Framlegg til budsjett for 2018.....	20
9.	Kommentar til netto finanspostar, skatt og rammetilskot:.....	21
9.1.	Skatt og rammetilskot.....	22
9.2.	Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt.....	23
9.3.	Skatteøre eigedomsskatt	24
9.4.	Renter og avdrag.....	24
10.	Rådmannen sitt framlegg til prioritering av nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2018-2021	25
11.	Kommentarar frå administrative einingar.....	26
11.1.	Stab/rådmannskontor.....	26
11.2.	Økonomikontor.....	27
11.3.	Meland kyrkje	27
11.4.	IKT	27
11.5.	Interkommunalt Brannvern	28
11.6.	Rådgjeverstab (ekskl. barnehage)	28
11.7.	Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og endringar for adm.einingar .	28
11.8.	Breibandsutbygging	29
12.	Barnehage.....	29
12.1.	Private barnehagar	29
12.2.	Barnehageadministrasjon	31
12.3.	Kommunal Barnehagedrift.....	32
13.	Skulesektoren	33
13.1.	Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden.....	33
13.2.	Andre generelle forhold vedr. skulane i Meland kommune.....	36
13.3.	Grasdal skule.....	36
13.4.	Meland Ungdomsskule og Vaksenopplæring.....	37
13.5.	Rosland skule.....	38
13.6.	Sagstad skule.....	38
13.7.	Vestbygd skule	40
14.	Helse, NAV og Barnevern	41
14.1.	Helse	41
14.2.	NAV / Sosiale tenester	42
14.3.	Barnevern	43
15.	Sjukeheimen og Heimetenesta	44
15.1.	Meland sjukeheim	44
15.2.	Heimetenesta.....	46

16. Kultur	48
17. Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)	51
17.1. Oversikt.....	51
17.2. Egedomsforvaltning og utbygging. Drift og vedlikehald.....	51
17.3. Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø.....	52
17.4. Behandling av private planar og utarbeiding av kommunale planar / utgreiingar.....	53
17.5. Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og andre endringar	53
18. Gebyr, avgifter og betalingssatsar	55
18.1. Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester – nye satsar frå januar 2018.....	55
18.2. Gebyrsatsar kulturskolen og skulefritidsordninga for 2018	57
18.3. Kopisatsar 2018.....	57
19. Investeringsbudsjett og kapitalrekneskapan for 2018 - 2021	58
19.1. Ordinære investeringar og andre kapitalutgifter	58
19.2. Investeringar i Vatn og avlaup.....	68
20. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK.....	72

1. Innleiing – Meland, på vei mot Alver 2020

Rådmannen legg med dette fram balansert budsjett og økonomiplan for Meland kommune. Kommunen har tydelege «veksesmertar» og det er krevjande å sikre ressursar til naudsynt drift og god utvikling – spesielt i ein periode med aukande fokus på innovasjon, effektivisering i offentleg sektor, utfordrande ungdomsmiljø i Meland og samstundes skulle delta aktivt i viktige prosesser under etablering av Alver kommune.

Tidlegare har eg peika på at det samla sett ikkje er tilstrekkeleg sakshandsamingskapasitet i kommunen. Dette fører til problem med t.d. å sikre fullt ut forsvarleg system for internkontroll, svare på spørsmål og saker i rett tid til kommunestyret, og utarbeide prosedyrar og retningsliner på kommunens mange ansvarsområde. Dette gjer at Meland kommune på nokre område ikkje leverer så gode tenester som vi ynskjer.

I komande økonomiplanperiode er hovudfokus retta mot våre yngste innbyggjarar. I denne samanhengen vil eg peike på at ny kommunal barnehage og ungdomsskule er fullfinansiert og at det er tilrettelagt for kommunestyret å kunne prioritere ei heilskapleg utvikling av Frekhag som lokalsenter, inn i nye Alver kommune. I dette ligg ei omfattande utvikling av området og vegen mellom Langelandskogen, via sentrum til Frekhaug kai. Dette kan på 10 – 15 års sikt gje ei total opprusting av kommunesenteret med gode gang og sykkelforbindelser til kaien, attraktive boområde for fortetting, og eit meir «fristande» og opent handelsentrum. Tanken er at området rundt Meland ungdomsskule, barnehagen og gamle driftsstasjonen kan frigjerast og utviklast i samarbeid mellom kommunen og private utbyggjarar. Ei slik transformasjon kan også bidra til delfinansiering av dei nye tiltaka nemnd i økonomiplanen.

På sikt kan dette gje betre tilhøve for born, unge vaksne og andre som ikkje ynskjer, eller har trong for å nytte bil til intern forflytting i Frekhaugområdet. I så tilfelle vert dette eit positivt bidrag til miljørekneskapen også.

Rådmannen vil åtvare kommunestyret om at ambisjonane for investering i skule, barnehage og kyrkje/kulturhus er svært krevjande for kommunens totale økonomi. Dersom rentekostnaden aukar med 0,4% utover det budsjetterte nivå i økonomiplanperioden, vert heile driftsmarginen på 1% brukt til dette. Aukar lånerenta med ca. 1%, veks kommunens netto finanskostnader med om lag 10. mill. kr. I økonomiplanperioden (2018 -2021) aukar renteutgifter, utanom VAR, med ca. 11. mill. kr, som må belastast årleg drift.

Dersom kommunestyret ynskjer å sikre ei betre finansiering av tiltaka, kan eksempelvis eigedomsskatten for hus og hytter aukast med ein eller to promille. Kvar promille gir ca. 4. mill. kr i auka inntekt for Meland kommune, som kan nyttast til eigendel i finansiering av tiltaka.

Rådmannen har ikkje nytta disposisjonsfondet til å balansere drifta i økonomiplanperioden, men har rekna med at regjeringa kjem attende med manglande kompensasjon for redusert basistilskot.

Martin W Kulild
rådmann

2. Utvikling i folketal og prognose for økonomiplanperioden

2.1. Prognose for folketalsutviklinga 2018 - 2020

Utvikling i folketal og den demografiske utviklinga er eit viktig grunnlag for å kunne berekne den forventa økonomiske utviklinga for kommunen. Folketalsutviklinga framover vil avhenge av ei rekke forhold.

Slike kan vere:

- Bustadutviklinga og tilgangen på attraktive bustader i kommunen.
- Sysselsetjing og tilgang på arbeidsplassar i kommunen og i pendlaravstand.
- Kommunen sitt omdømme og korleis oppfatninga av det kommunale tenestetilbodet er.
- Nasjonale utviklingstrekk, som til dømes tilflyttinga til dei store byregionane.
- Utvikling innan samferdsle.

Berekning av skatt og rammetilskot (dei såkalla frie inntektene til kommunen) tek utgangspunkt i folketalet 1. januar i budsjettåret, medan den såkalla utgiftsutjamninga er basert på folketal og ein del andre statistiske parameter 1. juli i året før budsjettåret. Vi bruker KS sin prognosemodell for å rekne ut forventa frie inntekter i økonomiplanperioden.

Statistisk sentralbyrå publiserte oppdaterte befolkningsprognoser for perioden 2016-2100 den 21. juni 2016, og vi bruker desse som grunnlag for inntektsberekningane. Prognosane er laga både på nasjonalt og regionalt nivå. SSB har og detaljerte framskrivingar på kommunenivå fordelt på alder. Vi brukar prognosane for medium vekst, men låg innvandring (MMML-varianten). SSB oppdaterer sine folketalsprognosar annan kvart år, neste prognose er venta sommaren 2018.

Frå befolkningsprognosen vart laga for vel eitt år sidan har den faktiske utviklinga vist lågare vekst enn forventa, og vi har så langt mogeleg justert prognosane for dette. Meland kommune sin prognose som er lagt til grunn i langtidsbudsjettet er difor noko meir usikker enn den har vore dei siste åra.

Folketalsutvikling Meland kommune 2013 - 2021

Faktiske tal til og med 01.07.2017, prognose fra 01.01.2018

Alle	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
01.01. i året	7 347	7 544	7 736	7 812	8 021	8 146	8 333	8 532	8 748	8 974
Endring i året	197	192	76	209	125	187	199	216	226	
Endr. i året %	2,7%	2,5%	1,0%	2,7%	1,6%	2,3%	2,4%	2,5%	2,6%	
01.07 i året	7 477	7 667	7 789	7 944	8 038	8 241	8 433	8 641	8 861	
Endring frå året før	257	190	122	155	94	203	192	208	220	
Endr. i frå året før	3,6%	2,5%	1,6%	2,0%	1,2%	2,5%	2,3%	2,5%	2,5%	


Frå 1. januar 2016 (7.812) til 1. januar 2017 (8.021) auka folketallet med 209 personar eller 2,7%, som er betydeleg høgare enn året før, då veksten var på berre 1,0%. I 2014 var veksten på 2,5%, og dei 5 siste åra (2012-2016) er gjennomsnittleg folkevekst på 2,8%, som er den nest høgaste veksten hjå alle kommunar i Norge i denne perioden. Frå 1. januar 2017 til 1. juli 2017 var veksten i folketal svært låg, og auka berre med 17 personar til 8.038. Dette gjer at veksten frå 1. juli 2016 til 1. juli 2017 vert på berre 1,2% (94 personar). Denne auken er vesentleg for berekning av utgiftsutjamninga i rammetilskotet, og den låge veksten gjer at inntektene for 2018 vert noko lågare enn rekna med i Langtidsbudsjettet for 2017-2020.

2.2. Aldersfordeling og demografi

Med nokre mindre justeringar er SSB sin prognose for den demografisk fordelinga av folketallet brukt i økonomiplanen. Følgjande utvikling per aldersklasse er lagt til grunn:

Alder	Faktiske tall 1. juli					Prognose 1. juli			
	F-2013	F-2014	F-2015	F-2016	F-2017	P-2018	P-2019	P-2020	P-2021
0-1 år	252	258	227	242	239	238	244	250	255
2-5 år	491	499	524	518	511	524	544	562	570
6-15 år	1 076	1 120	1 156	1 159	1 187	1 215	1 239	1 276	1 327
16-22 år	733	725	717	732	705	732	736	742	750
23-66 år	4 197	4 279	4 350	4 415	4 466	4 565	4 661	4 759	4 853
67-79 år	517	564	595	645	689	716	752	787	824
80-89 år	167	175	172	183	194	200	205	212	228
90+ år	44	47	48	50	47	52	53	54	55
Sum	7 477	7 667	7 789	7 944	8 038	8 242	8 434	8 642	8 862


Utviklinga kan og beskrivast i følgjande figur:



Endringane frå året før er spesifisert i tabellen under:

Alder	Faktiske tal 1. juli					Prognose 1. juli			
	F-2013	F-2014	F-2015	F-2016	F-2017	P-2018	P-2019	P-2020	P-2021
0-1 år	35	6	-31	15	-3	-1	6	6	5
2-5 år	15	8	25	-6	-7	13	20	18	8
6-15 år	11	44	36	3	28	28	24	37	51
16-22 år	40	-8	-8	15	-27	27	4	6	8
23-66 år	111	82	71	65	51	99	96	98	94
67-79 år	45	47	31	50	44	27	36	35	37
80-89 år	2	8	-3	11	11	6	5	7	16
90+ år	-2	3	1	2	-3	5	1	1	1
Sum	257	190	122	155	94	204	192	208	220
0-1 år	16,1 %	2,4 %	-12,0 %	6,6 %	-1,2 %	-0,4 %	2,5 %	2,5 %	2,0 %
2-5 år	3,2 %	1,6 %	5,0 %	-1,1 %	-1,4 %	2,5 %	3,8 %	3,3 %	1,4 %
6-15 år	1,0 %	4,1 %	3,2 %	0,3 %	2,4 %	2,4 %	2,0 %	3,0 %	4,0 %
16-22 år	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %	2,1 %	-3,7 %	3,8 %	0,5 %	0,8 %	1,1 %
23-66 år	2,7 %	2,0 %	1,7 %	1,5 %	1,2 %	2,2 %	2,1 %	2,1 %	2,0 %
67-79 år	9,5 %	9,1 %	5,5 %	8,4 %	6,8 %	3,9 %	5,0 %	4,7 %	4,7 %
80-89 år	1,2 %	4,8 %	-1,7 %	6,4 %	6,0 %	3,1 %	2,5 %	3,4 %	7,5 %
90+ år	-4,3 %	6,8 %	2,1 %	4,2 %	-6,0 %	10,6 %	1,9 %	1,9 %	1,9 %
Sum	3,6 %	2,5 %	1,6 %	2,0 %	1,2 %	2,5 %	2,3 %	2,5 %	2,5 %/c

Endringane kan og beskrivast med følgjande figur som viser vekst per år per aldersgruppe:



3. Prinsipp for god økonomistyring i Meland kommune

Kommunal og moderniseringsdepartementet gav i desember 2014 ut ein vegleiar til kommunane sin økonomiplanlegging. I denne tilrår departementet at kommunane etablerer gode mål og rammer for økonomiplanlegginga i kommunen. I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017-2020 fremja rådmannen følgjande prinsipp, men som i år ikkje vert stetta fullt ut.

1. Kommunen sin langsiktige planlegging skal vere basert på ein bærekraftig økonomisk utvikling som tek i vare notida sitt behov utan å stå i vegen for at framtidige generasjonar klarer å ivareta sine (generasjonsprinsippet).
2. I driftsbudsjettet skal det setjast av eit årlig eit beløp som overskat eller som eigenkapital til investeringar, slik:
 - a. Det skal avsetjast til disposisjonsfond med inntil 17% av driftsinntektene per år til fondet når minimum 5% av driftsinntektene.
 - b. Dersom disposisjonsfondet er meir enn 5 % av driftsinntektene, skal det avsetjast 1% av driftsinntektene til eigenfinansiering av investeringar.
3. Kommunen skal ha ein lånegjeld som er berekraftig og som tek i vare generasjonsprinsippet.
4. Kommunen sin økonomiplan for dei fire neste årene skal sjåast i lys av det investerings- og driftsbehov kommunen vil ha i eit perspektiv på inntil 8 år.
5. Kommunen ynskjer gjennom ein vid delegeringsfullmakt å myndiggjere rådmannen til å disponere tildelte driftsrammer på ein effektiv og god måte basert på styringssignal som kommunestyret gjev i overordna styringsdokument som kommuneplan, økonomiplan, budsjett, etc.

Vedr. punkt 2 er disposisjonsfondet i revidert budsjett for 2017 berekna å bli kr 30,75 mill. per 31.12.2017 eller om lag 5,6% av driftsinntektene (revidert budsjett 2017). Det skal dermed i denne økonomiplanen leggast til grunn eit overskat på 1% som skal gå til eigenfinansiering av investeringar i økonomiplanperioden.

4. Utvikling i kostnader for tenesteområda 2014 - 2017

Tabellane nedanfor viser at sum utgifter i rekneskapen for tenesteområda i 2014 var kr 379,5 mill., kr 392,4 mill. i 2015, kr 419,1 mill. i 2016 og er kr 441,2 mill. i revidert budsjettet for 2017. Auken frå 2014 til 2015 er på 3,4 %, auken frå 2015 til 2016 6,8% og auken frå 2016 til 2017 er på 5,3%, alle inkl. pris- og

lønsvekst. Lav vekst frå 2014 til 2015 skuldast reduksjon i tilskot til barnehagar og omlegging av samhandlingsreforma innan helse som gjer at ramma for helseområdet vart redusert med 6,3 mill. eller 22% frå 2014 til 2015. Veksten frå 2015 til 2016 er høg mellom anna som følge av stor vekst i tilskota til dei private barnehagane.

Inntektsveksten frå 2014 til 2015 var på 3,2% og frå 2015 till 2016 på 5,4%. Veksten er budsjettert å auke med berre 1,3% frå 2016 til 2017. I 2014 mottok kommunen ekstra utbytte frå Meland Utvikl. Selskap og auka satsen for eigedomsskatt for å dekke inn gammalt underskot og komme ut av Robek-registeret. Når inntektsveksten både i 2016 og 2017 er betydeleg lågare enn auken i utgiftene får det som konsekvens at overskotet vert redusert. Vi budsjetterer difor med underskot (eller bruk av disposisjonsfond) på kr 6,55 mill. i 2017, samanlikna med overskot i rekneskaperen for 2015 på kr 14,5 mill.

Totalt ser vi at kommunen i perioden 2014-2017 har ein vekst i inntekter på 10,2% og vekst i utgifter på 16,3%. Samstundes er eit overskot(avsetning til fond) i 2014 på kr 14,9 mill. snudd til eit underskot (bruk av fond) i 2017 på kr 6,55 mill. På 4 år har vi altså auka utgiftene med kr 21,5 mill. meir enn inntektene. Dette er ein utvikling som ikkje er berekraftig. Det er naudsynt å stramme inn på utgiftene, slik at desse i budsjetten for 2018 og i økonomiplanperioden aukar mindre enn inntektene.

Nedanfor er tabell med oppsummerte tal per kommunal sektor:

Utvikling 2014-2017 per sektor	Regnsk 14	Regnsk 15	Regnsk 16	Budsj. 17 (rev)	Økn. 14-15	Økn. 15-16	Økn. 16-17	Økn. 14-15 %	Økn. 15-16 %	Økn. 16-17 %	Økn. 14-17 %
Skatt+Rammetilsk.	364 664	391 791	414 817	419 800	27 127	23 026	4 983	7,4%	5,9%	1,2%	15,1%
Andre finanspostar	29 725	15 060	14 093	14 800	-14 665	-967	707	-49,3%	-6,4%	5,0%	-50,2%
Sum Økonomi/Finans	394 389	406 851	428 910	434 600	12 462	22 059	5 690	3,2%	5,4%	1,3%	10,2%
Sum adm, rådgjevarar, IKT mm.	44 364	47 932	47 993	50 672	3 569	60	2 679	8,0%	0,1%	5,6%	14,2%
Sum barnehage	82 727	79 448	86 963	90 033	-3 280	7 515	3 070	-4,0%	9,5%	3,5%	8,8%
Sum skule inkl. PPT	87 233	91 964	98 729	105 228	4 731	6 766	6 498	5,4%	7,4%	6,6%	20,6%
Helse, NAV, Barnevern	48 559	43 045	49 298	52 447	-5 514	6 252	3 150	-11,4%	14,5%	6,4%	8,0%
Sum PLOMS	82 145	94 191	99 181	101 981	12 046	4 990	2 800	14,7%	5,3%	2,8%	24,1%
Kulturkontor	6 637	7 648	8 148	9 690	1 011	501	1 541	15,2%	6,5%	18,9%	46,0%
PUK - Plan, Utbygging, komm.te	27 808	28 122	28 778	31 100	314	656	2 322	1,1%	2,3%	8,1%	11,8%
Sum Tenesteområder	379 472	392 351	419 090	441 150	12 878	26 740	22 060	3,4%	6,8%	5,3%	16,3%
Overskot	14 917	14 500	9 820	-6 550	-417	-4 681	-16 370				-21 467

Nedanfor er tabell med detaljert oversyn per tenesteområde:

Utvikling 2014-2017 per tenesteområde	Regnsk 14	Regnsk 15	Regnsk 16	Budsj. 17 (rev)	Økn. 14-15	Økn. 15-16	Økn. 16-17	Økn. 14-15 %	Økn. 15-16 %	Økn. 16-17 %	Økn. 14-17 %
Økonomi/Finans	-394 389	-406 851	-428 910	-434 600	-12 462	-22 059	-5 690	3,2%	5,4%	1,3%	10,2%
Politikk/Rådmannskontor	14 602	16 386	16 320	17 401	1 784	-66	1 081	12,2%	-0,4%	6,6%	19,2%
Økonomikontor	8 078	8 377	8 974	9 333	299	597	359	3,7%	7,1%	4,0%	15,5%
IKT og andre Interkomm. samar	12 495	13 548	13 870	14 731	1 054	322	861	8,4%	2,4%	6,2%	17,9%
Rådgjevar tenesta ekskl. private	9 189	9 621	8 829	9 206	432	-792	377	4,7%	-8,2%	4,3%	0,2%
Private barnehagar (tilskot og a	76 617	74 213	80 799	83 517	-2 404	6 586	2 718	-3,1%	8,9%	3,4%	9,0%
PPT	1 977	2 133	1 984	2 927	156	-148	943	7,9%	-7,0%	47,5%	48,1%
Kommunal Barnehagedrift	6 111	5 235	6 164	6 517	-876	929	353	-14,3%	17,7%	5,7%	6,6%
Grasdøl skule	9 643	10 867	12 277	13 299	1 224	1 410	1 022	12,7%	13,0%	8,3%	37,9%
Meland Ungdomsskule og Vaks	16 331	16 304	15 309	16 170	-27	-995	861	-0,2%	-6,1%	5,6%	-1,0%
Rosslund skule	21 728	22 722	24 101	24 711	994	1 379	610	4,6%	6,1%	2,5%	13,7%
Sagstad skule	23 915	25 024	28 152	29 863	1 109	3 128	1 711	4,6%	12,5%	6,1%	24,9%
Vestbygd skule	13 640	14 915	16 906	18 258	1 274	1 991	1 352	9,3%	13,4%	8,0%	33,9%
Helse	28 793	22 543	26 175	27 489	-6 250	3 632	1 314	-21,7%	16,1%	5,0%	-4,5%
Sosiale tenester (NAV)	12 172	10 039	10 025	12 284	-2 133	-14	2 259	-17,5%	-0,1%	22,5%	0,9%
Barnevern	7 593	10 463	13 097	12 674	2 870	2 634	-423	37,8%	25,2%	-3,2%	66,9%
Meland Sjukeheim	32 163	37 607	40 102	41 565	5 443	2 496	1 463	16,9%	6,6%	3,6%	29,2%
Meland heimetenester	49 982	56 585	59 079	60 416	6 603	2 494	1 337	13,2%	4,4%	2,3%	20,9%
Kulturkontor	6 637	7 648	8 148	9 690	1 011	501	1 541	15,2%	6,5%	18,9%	46,0%
PUK - Plan, Utbygging, komm.te	27 808	28 122	28 778	31 100	314	656	2 322	1,1%	2,3%	8,1%	11,8%
Sum utgifter:	379 472	392 351	419 090	441 150	12 878	26 740	22 060	3,4%	6,8%	5,3%	16,3%
Overskot:	14 917	14 500	9 820	-6 550	-417	-4 681	-16 370				


Utgiftene til Pleie- og omsorg (sjukeheimen og heimetenestene) aukar med til saman 24, 1% frå rekneskap 2014 til budsjett 2017. Auken i skulen er noko mindre med 20,6% i same periode.

5. Økonomiske nøkkeltal Meland kommune 2014-2016

Meland kommune har generelt hatt låge kostnader på dei fleste tenesteområda samanlikna med mange andre kommunar, men etter auke i driftsnivå som påpeika ovanfor, er bilete for 2016 meir nyansert.

Nedanfor vert viktige nøkkeltal frå Kostra-databasen for driftsnivået i 2014-2016 samanlikna med nokre nabokommunar, med gjennomsnitt i Hordaland, med Kostragruppe 8 og til slutt med gjennomsnitt for heile landet utanom Oslo.


5.1. Inntektsnivå



Meland kommune har som følge av ein ung befolkning over tid hatt eit relativt lågt inntektsnivå. Frå 2014 til 2015 auka frie inntekter (skatt og rammetilskat) per innbyggjar (31.12. i året) med 6,4%, og frå 2015 til 2016 med 3,1%. Dei frie inntektene i 2014 er kr 47.141, kr 50.152 i 2015 og kr 51.716,- i 2016. Frå å vere ein av samanlikningskommunane med lågast inntekter i 2014 er dei frie inntektene i 2016 3dje høgast, og høgare enn gjennomsnittet i Hordaland og Kostragruppe 8. Veksten var spesielt stor frå 2014 til 2015.


5.2. Administrasjon

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar varierer ganske mykje mellom kommunane. Organisering av kommunen kan påverke korleis utgiftene vert fordelt på dei ulike tenesteområda. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapan kan forklare avvik.



Meland kommune har faktisk nedgang i administrasjonsutgifter frå 2015 til 2016, frå kr 3.260,- per innbyggjar til kr 3.010,- ein nedgang på 8%. Dette skuldast i hovudsak meir korrekt rapporteringa for 2016. Vi ligg meir enn 20% lågare enn både gjennomsnittet for Hordaland og Kostragruppe 8.

5.3. Skule




Netto driftsutgifter per barn i aldersgruppa 6 – 15 år vert brukt for samanlikning av kostnadsnivået i skulen. Meland er fjerde billegaste kommune etter Askøy, Osterøy og Os med kr 105.180 per innb. 6-15 år. Meland kommune ligg ca. 0,6% lågare enn gj.snittet for Hordaland og høgare enn Kostragr. 8. Frå 2014 til 2016 aukar kostn. per innb. 6-15 år med nær 12%, høgast av alle samanlikningskommunane. Det er og betydeleg over veksten i Hordaland (4,8%), Kostragr. 8 (3,4%) og i landet (3,9%).


Det er relativt stor forskjell mellom kommunane kor stor del av barna i grunnskulealder som er elevar i den kommunale skulen. Utgiftsnivået i skulen er jo i all hovudsak knytt til talet på elevar, og ikkje til talet på barn i skulepliktig alder. Tabellen til høgre viser at i Meland kommune i 2017 er 92% av barna i aldersgruppa 6-15 år i kommunale skular, medan landsgjennomsnittet er 95,8%. Justerer vi kostnad per barn i skulealder til kostnad per elev, får vi tabellen under. Denne viser i 2016 ein kostnad per elev på kr 114.300,- for Meland kommune, som godt over gjennomsnittet i Hordaland, ein god del høgare enn i Kostragruppe 8 og landsgjennomsnittet.

Andel elevar i kommunal 1uunnskule av innb. 6-15 år

	2014	2015	2016
1243 Os (Hord.)	96,1	96,9	97,4
1245Sund	96,1	92,4	95,0
1246 Fjell	89,5	89,5	90,0
1247Askøy	97,6	96,7	97,5
1253 Osterøy	88,0	85,1	83,3
1256 Meland	89,9	90,7	92,0
1259 Øygarden	98,0	95,8	100,9
1260Radøy	97,5	96,0	97,7
1263 Lindås	91,8	88,7	88,0
EKA12 Hordaland	94,9	94,7	94,8
EKG08 Kostragruppe 08	96,6	96,5	96,1
EAKUO Landet uten Oslo	96,4	96,0	95,8



5.4. Barnehage




Netto driftsutgifter til barnehagane i forhold barn i aldersgruppa 1-5 år er eit vanleg samanlikningskriterium for kostnadsnivået i barnehagesektoren. Meland kommune har i 2016 kr 136.800,- i kostnad per barn 1-5 år, og vi ligg med det 0,7% under landsgjennomsnittet og 2,1% under gjennomsnittet i Hordaland, men 2,4% høgare enn Kostragruppe 8. Vi ligg relativt høgt i forhold til samanlikningskommunane.

For 2014 er kostnaden korrigert for det ekstraordinære tilskatet på kr 3,1 mill. som eigentleg gjeld 2013. For 2015 er ekstraordinært tilskat på kr 5,0 mill. inkludert i kostnadstala.

5.5. Pleie og omsorg


Utgiftsnivå til pleie og omsorg (sjukeheimen og heimetenestene) kan målast på fleire måtar. Enklast er netto drift i forhold til innbyggjarar i kommunen. Då vil vi korne ut med låge kostnadar som følgje av ein relativt ung befolkning og få eldre.



Med kostnadar på om lag kr 14.000,- per innb. ligg vi høgare enn Askøy, Sund og Fjell, men lågare enn Lindås og Radøy. Vi ligg omkring 17,5 % under gj.snitt for landet, 15% for Hordaland og 3,6% lågare enn Kostragruppe 8. Frå 2014 til 2015 har vi ein vekst på 7,2%, som er høgt samanlikna med dei fleste andre, medan vi har ein meir moderat vekst frå 2015 til 2016. Både i Hordaland, Kostragruppe 8 og i landet total var det nedgang i kostnad per innbyggjar til Pleie- og omsorg frå 2014 til 2015, men vekst igjen frå 2015 til 2016.


5.6. Helse

Utgiftene til kommunehelsetenesta i Meland kommune auka med over 12% frå 2015 til 2016, og er kr 2.800,- per innbyggjar i 2016. Samanlikninga syner at vi ligg ca. 16% over gjennomsnittet i Hordaland og Kostragruppe 8, og 6% over landsgjennomsnittet. Elles ser vi at vi ligg noko høgare enn dei fleste samanlikningskommunane.




5.7. Kultur

Utgiftene til kultursektoren i Meland kommune auka med til saman 14% frå 2014 til 2016, og er kr 1.190,- per innbyggjar i 2016. Samanlikninga syner at vi ligg 51% under gjennomsnittet i Hordaland, 36% under gjennomsnittet i Kostragruppe 8, og 43% under landsgjennomsnittet. Vi ligg og lågt samanlikna med dei fleste samanlikningskommunane.



5.8. PUK {plan, utbygging og kommunalteknikk)

Tenestoområde er omfattande, og det er vanskeleg å finn ein Kostra-statistikk som omfattar heile området som i Meland kommune heiter Plan, utbygging og kommunalteknikk. Ein vesentleg del av tenestoområdet er vedlikehald av kommunale bygg, og tabellen nedanfor viser at Meland kommune ligg lågast av alle samanlikningskommunane i forhold til kor mykje vi brukar på vedlikehald.



6. Renteutvikling, investeringsnivå og gjeldsutvikling

6.1. Lånegjeld

I framlegget til budsjett og økonomiplan har rådmann følgd opp kommunestyret sitt vedtekte investeringsnivå i økonomiplanen for 2017-2020 frå desember 2016. Dette er eit høgt investeringsnivå, men som vekstkommune har kommunen eit stort investeringsbehov. Kommunen må lånefinansiere investeringane, og det er difor viktig å ha oversyn over kommunen sin evne til handtere gjelda framover.

Total lånegjeld for Meland kommune per 31.12.2017 er venta å bli kr 624 mill., ei auke frå kr 567 mill. per 31.12.2016. Netto lånegjeld er langsiktig lånegjeld minus vidareutlån (i hovudsak startlån).

Basert på investeringsframlegget i kapittel 19 får vi følgjande utvikling i lånegjeld:

	mill kr					
Forventa utvikling Langsiktig Gjeld	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gjeld knytta til drift	352	374	417	463	707	916
Gjeld knytta til VAR	157	164	228	310	320	325
Gjeld til vidareutlån	58	46	51	58	65	74
Sum	567	584	696	831	1091	1315
Netto lånegjeld	509	538	645	773	1026	1241
Innbyggjarar per 31.12.	8021	8146	8333	8532	8748	8974
Netto lånegjeld per innbygger	63 500	66 100	77 400	90 600	117 300	138 300

Tabellen viser at kommunen sin lånegjeld er venta å bli kr 1.315 mill. ved utgangen av økonomiplanperioden. Netto lånegjeld per innbyggjar er venta å auke frå kr 63.500 per 31.12.2016 til kr 138.300 per 31.12.2021.

Låna er delt inn i følgjande lånetypar:

1. Gjeld knytta til drift

Dette er gjeld som er teken opp for å finansiera td. skulebygg, anleggsmaskinar, bustadkjøp osv. Noko av denne gjelda vil til ein viss grad vera sjølvfinansierande då det kjem inn leigeinntekter frå sosiale bustader, flyktningbustadar osv. Herunder vil det og vera gjeld som kvalifiserer til statlege rente- og avdragskompensasjonar.

2. Gjeld knytta til Vatn/Avlaup (VAR)

Denne er sjølvfinansierande då dette kjem inn under sjølvkostregimet, og gjeld til investeringar på dette området vil vere finansiert av gebyrinntekter på VAR-området.

3. Gjeld knytta til vidareformidling

Dette er t.d. startlån som er tekne opp i Husbanken for vidare utlån. Låna er og sjølvfinansierande då Meland kommune får renteinntekter på desse.

6.2. Rentenivå

Utvikling i renteutgifter på kommunen sin langsiktig gjeld avhenger av to forhold.

1. Rentenivå framover
2. Investeringsnivå

Meland kommune bruker Bergen Capital Management (BCM) som rådgjevar i spørsmål og oppgaver knytt til langsiktig finansiering, og vi har i hovudsak brukt BCM sin tilråding til budsjettrente. Denne består av Norges Bank sin forventa rentebane med tillegg av rentemarginen som kommunen kan vente å måtte betale med opptak av lån i marknaden. Vi legg til grunn noko lågare rentenivå enn BCM sin budsjettrente som følgja av at kommunen vil ha ein portefølje med lån med fast rente som bidrar til å jamne ut effekten av ein renteauke .

Forventa renteutvikling	2017	2018	2019	2020	2021
Norges Bank	1,10 %	1,10 %	1,19 %	1,62 %	2,26 %
Markedet (påslag lange rente)	1,06 %	1,16 %	1,33 %	1,54 %	1,76 %
BCM - tilrådd kommunerente	1,17 %	1,56 %	1,68 %	2,29 %	2,69 %
Meland kommune vektet		1,60 %	1,67 %	1,80 %	2,47 %

Vi har rekna ut effekten på rentekostnadane som skuldast renteauke, og kor mykje som skuldast opptak av nye lån. Tabellen nedanfor viser at renteauken først slår inn i 2021, då fleire store investeringsprosjekt (ny ungdomsskule, barnehage og kyrkje/kulturhus) er planlagt ferdigstilt.

Tal i heile 1000 kr

Renteutgifter langsiktig gjeld	2018	2019	2020	2021
Lån Drift	6 128	6 230	6 536	8 723
Nye lån drift	600	872	1 965	8 994
Lån VA	3 129	3 155	3 282	4 339
Nye lån VA	0	1 167	2 863	4 326
Startlån	736	852	1 026	1 581
Sum renter - faktisk rente i året	10 594	12 276	15 672	27 962

Tabellen viser at brutto renteutgifter aukar frå om lag kr 10,6 mill. i 2018 til kr 28 mill. i 2021. Auken på lån til VA (Vatn og Avlaup) vert overført til sjølvkostrekneskapen, og vil ikkje føre til auka nettoutgifter for kommunen. Auken i renter skuldast delvis at rentekostnadane aukar og delvis at vi har auke i gjeld. I tabellen under har vi prøvd å sjå disse effektane for seg. Netto renteauke frå 2018 til 2021 som følgje av forventa auke i rentenivå er kr 6,8 mill., medan auke i investeringar og langsiktig gjeld gjer at rentekostnaden aukar med kr netto 5,6 mill. frå 2018 til 2021.

Renteauke i forhold til budsjett 2018	2019	2020	2021
Meirkostnad som følgje av renteauke - brutto	- 515	1 741	9 849
Renteauke VA-lån - dekkja i sjølvkostrekneskapa	- 181	683	3 052
Meirkostnad som følgje av renteauke - netto	- 333	1 059	6 797
Merk at meirkostnaden også er rekna på nye låneopptak			
Meirkostnad som følgje av auke i gjeld - brutto	- 1 768	3 937	8 119
Auka renter nye VA-lån -	- 1 012	2 332	2 483
Meirkostnad som følgje av auke i gjeld - netto	- 756	1 604	5 636

7. Framlegg til statsbudsjettet for 2018 – Kommuneopplegget

Oppsummeringa nedanfor er basert på fylkesmannen si oppsummering av kommuneopplegget i skriv til kommunen av 12. oktober 2017.

Veksten i rammeoverføring og skatt (frie inntekter) frå 2017 til 2018 vil variera ein god del mellom kommunane. Følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet frå 2017
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga frå 2017
- endra kriteriedata (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordeling av skjønstilskot
- endring i veksttilskot og endring i distriktstilskot

7.1. Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2018

- Det økonomiske opplegget for 2017

Skatteinntektene inneverande år er no justerte opp med i underkant av kr. 3,4 mrd. samla for kommunane. Pårekna skatteauke for 2017 blir med det justert opp frå 1,0% (pårekna i revidert nasjonalbudsjett i mai) til 3,3%, i høve til faktisk innkomen skatt i 2016. Auken skuldast ekstraordinært stort utbytte til personlege skattytarar for inntektsåret 2016. Oppjusteringa av skatteanslaget vil isolert sett berre gi økt økonomisk handlingsrom for kommunane i 2017.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,3%.

- Pris- og kostnadsvekst 2018

I framlegget frå regjeringa er den samla pris- og kostnadsveksten (kostnadsdeflatoren) på 2,6%. Pårekna lønsvekst er og på 3,0%, medan prisvekst på varer og tenester vert berekna til 1,9%. Deflatoren vert mellom anna nytta til prisjustering av rammetilskot og øyremerka tilskot frå 2017 til 2018.

- Frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2017 til 2018 med knapt 3,6 mrd., rekna frå inntektsnivået som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Prisjustering til 2018-kroner kjem i tillegg. Nominell vekst i kommunane sine frie inntekter frå 2017 til 2018 er på landsbasis rekna til 2,6%. Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i

denne sammenhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette, slik at det ikkje inngår i prosentveksten. Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Om veksten frå 2017 til 2018 i staden vert samanlikna med forventta rekneskap for 2017 inneber opplegget tilnærma ingen realvekst. Tek ein i staden for utgangspunkt i forventta rekneskap for 2017 inneber opplegget ein realnedgang i skatteinntektene med kr 0,3 mrd. , medan realveksten i rammetilskotet er uendra på kr 0,3 mrd.

- Skatteauke

Det er rekna med nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 2,4%. Dette med bakgrunn i pårekna sysselsetjingsvekst (1,1%) og lønsvekst (3,0%). Kommunane må justera for lokale tilhøve knytta til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.18 vil og påverka skatteinntekter og inntektsutjamninga.

- Skatteøre

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir uendra frå 2017 til 2018, det vil seie 11,80%, og at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40% også for 2018.

- Inntektssystemet i 2018

Det er ikkje lagt opp til omleggingar i inntektssystemet frå 2017 til 2018 når det gjeld inntektsutjamning, utgiftsutjamning med basistilskot, veksttilskot, distriktstilskot eller småkommunetillegget. Teljetidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling som grunnlag for rammeoverføring og utgiftsutjamning for 2018 er som før 1. juli 2017, medan teljetidspunktet for inntektsutjamninga er 1. januar 2018.

- INGAR (inntektsgaranti-ordninga)

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon dersom kommunen frå eit år til det neste har ein reduksjon i rammetilskotet som er høgare enn ein fastsatt grenseverdien (landsgjennomsnittet). Denne grenseverdien for kompensasjon blir justert opp frå kr 300,- i 2017 til kr 400,- per innbyggjar i 2018.

Meland kommune fekk i 2017 overført kr 3,9 mill. via INGAR som følgje av stor reduksjon i rammetilskotet og reduksjon som følgje av gradering av basistilskotet. Kommunen betalte kr 0,8 mill. som sin del av finansieringa av ordninga, slik at netto INGAR-oppgjør for 2017 for Meland kommune var kr 3,1 mill. Som følgje av at kommunen har vekst i innbyggjartal og dermed vekst i rammetilskotet får kommunen ikkje INGAR-midlar i 2018, men må betale for finansiering av ordninga.

- Veksttilskot og andre regionalpolitiske tilskot

Veksttilskotet for 2018 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Dette er uendra frå fjorårets statsbudsjett. Veksttilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2018 er i framlegget kr. 57.191,-, som er det same som for 2017.

Det er i framlegget ikkje lagt opp til å prisjustera satsane for dei regionalpolitiske tilskota frå 2017 til 2018. Dette omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storbytilskotet. Dei frigjorte midlane vil i staden bli omdisponert til ei styrking av innbyggjartilskotet og vil med det bli fordelte mellom alle kommunane.

7.2. Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2018

Realveksten på kr 3,6 mrd. frå 2017 skal gå til å dekke auka ressursinnsats i kommunane til:

- Befolkningsutvikling (kr 2,2 mrd.)
Gjeld både med omsyn til folkevekst og endring i alderssamansetjing.
- Auke i pensjonskostnadar (300 mill.)
Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene.
- 300 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg
Dette er eit trinn i ein opptrappings-plan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. I 2016 og 2017 var denne opptrappinga gjennom rammetilskotet på til saman kr 700 mill. For 2018 er det lagt opp til ei ytterlegare opptrapping av rammetilskotet med kr 300 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.
- 200 mill. til tidleg innsats i barnehage og skule
Satsinga er til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Det er ei målsetjing å gjere kommunane i stand til å ta større ansvar på barnevernsområdet, jf. barnevernsreforma. Halvdelen av desse midlane vert fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkelen for barnehage, medan resten blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.
- Barnevern
Kr 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Målsetjinga er at kommunane skal kunne ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Midlane blir fordelte mellom kommunane etter den samla kostnadsnøkkelen.

7.3. Andre satsingsområde i statsbudsjettet:

- Helsestasjon og skulehelseteneste
Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. Sum i 2018 er kr 753,5 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.
- Dagtilbod demente
Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens, med gradvis utbygging av tilbodet fram mot 2020. Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført, med framlegg om å leggja til rette for 350 nye plassar i 2018.
- Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet
I 2017 vart kr 10 mill. av øyremerkt bustadsosialt tilskot (Arbeids- og sosialdepartementet) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr 28,5 mill. i rammetilskotet. I 2017 vart kr 5,7 mill. av øyremerkt bustadsosialt kompetansetilskot (KMD) innlemma i rammetilskotet., medan det for 2018 er framlegg om å innlemma kr 15,5 mill. i rammetilskotet.

- Tilskot frivilligsentralar

Tilskotet vart innlemma i rammetilskotet i 2017. I tillegg til priskompensasjon frå 2017 til 2018 vil ytterlegare kr 15 mill. bli fordelt i 2018, slik at summen for 2018 vert kr 170 mill.

- Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

I revidert nasjonalbudsjett for 2017 vart tilsegsramma utvida til å gjelde omtrent 3.100 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. For 2018 er det framlegg om ei tilsegsramme som vil kunne gje investeringstilskot til om lag 1.800 nye einingar.

I 2017 er tilskotssats 55% av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimplassar og 45% av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2018. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Stortinget har vedteke ei gradvis endring (2017 - 2020) i investerings-tilskotet slik at det frå og med 2021 berre blir gitt til heildøgns omsorgsplassar som aukar det samla talet på plassar i kommunen, det vil seie ikkje tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar. Omlegginga blir gjennomført med 40 prosent verknad i 2018.

- Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2018 er basert på direkte lønsutgifter i 2017 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2018:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80% av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået per brukar for å få kompensasjon blir auka frå kr 1,157 mill. til kr 1,235 mill. for netto utgifter i 2017. Det inneber ein auke på kr. 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2017 (2,4%).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2018 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2017. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore. Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet og eventuelle øyremerkte tilskot blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget.

- Barnehagar

Stortinget vedtok i revidert nasjonalbudsjett for 2017 at det øyremerkte tilskotet på kr 172,2 mill. til fleire barnehagelærarar blei overført til rammetilskotet. Heilårsverknad (sju månader i tillegg) av denne innlemminga i rammetilskotet utgjer for 2018 med priskompensasjon (2,6%) kr 247,2 mill. Dette blir innlemma i rammetilskotet for 2018. Det er lagt opp til auka foreldrebetaling i barnehage med kr 110,- per månad per barn. Rammetilskotet blir på denne bakgrunn redusert med kr 301,5 mill.

- Vedlikehald og rehabilitering

Det er i 2016 og 2017 gitt eit eige øyremerkte tilskot til vedlikehald og rehabilitering til kommunar på Sør- og Vestlandet med høg arbeidsløyse. I 2017 er den samla ramma for tilskotet kr 650 mill. Det er ikkje framlegg om noko løyving i 2018.

7.4. Skjønstilskot

Føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar. Skjønnsramma skal også ivareta behov som kan oppstå i løpet av året. Fylkesmannen i Hordaland har for 2018 fordelt kr 91,5 mill. av ei total ramme på kr 122,5 mill. Resten, kr 31,0 mill. vil bli fordelt til uventa økonomiske utfordringar, som naturskader, og til prosjektskjøn.

Meland kommune får i 2018 kr 3,9 mill. i skjønstilskot, som er kr 0,2 mill. mindre enn i 2017. Fylkesmannen kommenterer tildelinga til Meland kommune slik:

«Kommunen har i dei siste åra vore ein av kommunane i landet med høgast prosentvis folkevekst. Veksttilskotet blei redusert mykje frå 2016 til 2017. For 2018 er veksttilskotet venta å bli om lag på same nivå som i 2017, det vil seie kr. 3,0 mill. Den høge folkeveksten har ført til mange utfordringar, blant anna press på nye investeringar i skulesektoren.

Mange av elevane ynskjer bokmål i skulen. Det fører til høge kostnader til språkdeling i skulen. Større vekst i talet på eldre enn påreknar har gjort det nødvendig å ta i bruk fleire sjukeheimplassar i år. Auken i kostnadene vil få heilårseffekt i 2018. Kommunen viser til aukande rusproblem. Fleire personar enn tidlegare med rusproblem har no opphald i kommunen..»

7.5. Kommunereform

- Regionsentertilskot

Tilskotet skal gå til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8.000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot. Regionsentertilskotet er fordelt mellom dei framtidige samanslåingskommunane med ein sats per samanslåing (60 prosent av samla tilskot) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av samla tilskot). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet. Det er lagt til grunn at tilskotet blir nytta til fellestiltak for den nye samanslåtte kommunen.

Ramma for tilskotet blir på landsbasis utvida frå kr 100 mill. i 2017 til kr 200 mill. i 2018, med heilårsverknad. Det er ikkje gitt signal om vidareføring av regionsentertilskotet utover 2018.

- Overgangsordning 2017 – 2019

Det blir i perioden 2017 - 2019 gitt årleg kompensasjon til kommunar i samanslåing som har fått redusert basistilskot frå 2016 til 2017 på grunn av omlegginga til gradering av halvdelen av basistilskotet (basert på strukturverdi i høve til grenseverdi). I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som kjem gjennom overgangsordninga INGAR. Kompensasjon i denne overgangsordninga blir også gitt til kommunar i samanslåing som får redusert småkommunetilskot som følgje av trekk, frå og med 2017, basert på distriktsindeks.

Tilskotet vil i 2018 inngå i innbyggjartilskotet med særskilt fordeling. Fordelinga i 2018 er i vidareføring frå 2017, med tillegg av priskompensasjon.

Rådmannen er av den oppfatning at Meland kommune i 2018 ikkje har fått full kompensasjon. Dette fordi samordning med INGAR-midlar i 2017 er vidareført til 2018, noko som gjer at Meland får om lag kr 3,9 mill. mindre enn vi skulle fått.

- Ufrivillig åleine

Det blir gitt delvis kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av basistilskotet eller småkommunetilskotet frå 2016 til 2017, omsyn teke den kompensasjonen som blir gitt gjennom INGAR. Tilskotet vert vidareført frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. Tilskotet blir gitt av departementet (KMD) sine skjønsmidlar.

- Eingongstilskot og inndelingstilskot

Tilskot for eingongskostnader er utbetalt i 2017 saman med tilskot til infrastrukturtiltak.

Reformtilskot vil bli utbetalt etter at kommunesamanslåing har vorte sett i verk etter 1. januar 2020.

Årleg inndelingstilskot blir utbetalt frå og med år 2020 (i 15 + 5 år). Det erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing.

Inndelingstilskotet vil vere basert på tilskot og kriteriegrunnlaget for 2016. Det blir tillagt årleg priskompensasjon. Basistilskotet i 2016 var kr. 13,2 mill. for kvar kommune.

8. Framlegg til budsjett for 2018

Rådmann har delegert mynde til å fordele samla utgiftsramme på dei ulike tenesteområda som den kommunale administrasjonen er delt opp i. Kommunestyret gjer heller ikkje vedtak om fordeling av ramma. For å forklare innhaldet i budsjettframlegget vil likevel rådmannen informere om korleis budsjettamma for 2018 er tenkt fordelt til tenesteområda, korleis utvikling i denne ramma har vore frå 2017, og kva nye tiltak som rådmann har med i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan.

Netto finansinntekter, skatt og rammetilskot er i 2018 budsjettert med kr 454,6 mill. Rådmann gjer framlegg om rammer til tenesteområda i budsjettet for 2018 med til saman kr 454,2 mill. Budsjettframlegget er dermed i balanse med eit mindreforbruk på kr 0,4 mill., som er 0,1% av netto finansinntekter. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond.

TO	Tenesteområde	Budsj. 2018	Revidert budsj. 2017	auke 17 - 18	auke 17 - 18 i %
12	Netto finansinntekter (inkl. skatt og rammetilskot)	454 600	434 600	-20 000	-4,6%
10	Politikk/Rådmannskontor	17 870	17 401	469	2,7%
11	Økonomikontor	9 700	9 333	367	3,9%
13	IKT, Brann mm.	15 530	14 731	799	5,4%
14	Rådgevartenenesta	8 970	9 206	-236	-2,6%
15	Barnehagar - private+tilsyn	81 450	83 517	-2 067	-2,5%
19	PPT	2 950	2 927	23	0,8%
20	Kommunal Barnehagedrift	7 840	6 517	1 323	20,3%
21	Grasdalskule	13 500	13 299	201	1,5%
23	Ung.skulen og Vaksenoppl.	15 780	16 170	-390	-2,4%
24	Roslandskule	24 900	24 710	190	0,8%
25	Sagstads skule	31 420	29 863	1 557	5,2%
26	Vestbygd skule	19 290	18 258	1 032	5,7%
30	Helse	27 650	27 489	161	0,6%
35	Sosiale tenester (NAV)	12 260	12 284	-24	-0,2%
36	Barnevern	10 310	12 674	-2 364	-18,7%
37	MelandSjukeheim	45 410	41 565	3 845	9,3%
38	Meland heimetenester	63 140	60 416	2 724	4,5%
50	Kulturkontor	10 570	9 690	880	9,1%
60	PUK - Plan, Utbygg., Komm.tekn.	32 460	31 100	1 360	4,4%
	Netto lønstilllegg og korr. pensjon	3 200		3 200	
	Sum utgifter per tenesteområde:	454 200	441 150	13 050	3,0%
	Resultat / endr. disp.fond:	400	-6 550	6 950	
	Overskot i % av netto finans	0,1%	-1,5%		

Samanlikna med revidert budsjett for 2017 har vi auka netto finans, skatt og rammetilskotet med til saman kr 20 mill. eller 4,6%, medan utgiftene til tenesteområda er auka med kr 13,05 mill. (3,0%). Dette gjer at vi går frå eit underskot (bruk av disp.fond) med kr 6,55 mill. i revidert budsjett for 2017 til eit overskot (mindreforbruk) i budsjettet for 2018 på kr 0,4 mill., ein resultatforbetring på kr 6,95 mill.

Budsjettprosessen for 2018 har vore vanskeleg grunna store behov for auke til einssilde tenesteområder, samt eit mål om å komme opp i eit overskot på 1% slik økonomistyringsprinsippa i kap. 3, punkt 2b slår fast. Nedanfor er beløp av vesentleg karakter kommentert. Sjå kommentarar til tiltak i budsjettet for 2018 og til økonomiplanperioden.

9. Kommentar til netto finanspostar, skatt og rammetilskot:

Tabellen nedanfor viser spesifikasjon av netto finanspostar i budsjettframlegget for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021.

Tal i 1000 kr - 2018 prisnivå

Økonomiplan 2018-2021 Netto finans / utgiftrammer	Regn. 2015	Regn. 2016	Rev. bud. 2017	Budsjett 2018	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021
Skatt og rammetilskot	391 791	414 817	419 800	443 400	457 700	467 300	479 700
% vekst i skatt og rammetilsk. pr år	7,4 %	5,9 %	1,2 %	5,6 %	3,2 %	2,1 %	2,7 %
Regionsentertilskot overført Alver komm.				-1 400	-1 400		
Avdrag	-13 190	-15 167	-16 158	-16 600	-19 700	-24 400	-26 300
Netto avskrivningar	8 426	8 552	9 440	8 400	10 250	13 893	13 900
Netto rentepostar	-1 619	-1 130	-1 182	-2 100	-2 470	-6 043	-15 650
Eigedomsskatt, utbytte m.m.:	21 443	21 838	22 700	22 900	23 250	23 450	23 650
Sum andre finanspostar	15 060	14 093	14 800	11 200	9 930	6 900	-4 400
Netto inntekter og finanspostar	406 851	428 910	434 600	454 600	467 630	474 200	475 300
% vekst i netto finans pr år	3,2 %	5,4 %	1,3 %	4,6 %	2,9 %	1,4 %	0,2 %
Driftsramme tenesteområda	392 351	419 090	441 150	454 200	464 330	469 500	470 500
Overskot til fond (+) / bruk av fond (-)	14 500	9 820	-6 550	400	3 300	4 700	4 800
Overskot i % av netto finans	3,6 %	2,3 %	-1,5 %	0,1 %	0,7 %	1,0 %	1,0 %
Rammeøkning / til disp i forh. til året før	12 879	26 739	22 060	13 050	10 130	5 170	1 000
Rammeøkning i % i forh. til året før	3,4 %	6,8 %	5,6 %	3,0 %	2,2 %	1,1 %	0,2 %
Rammeøkning / til disp i forh. til 2017				13 050	23 180	28 350	29 350

Netto inntekter og finanspostar er sum av inntektene frå skatt og rammetilskot (sjå kap. 9.1 nedanfor) og andre finanspostar, som består av avdrag, renter, netto avskrivningar og eigedomsskatt (sjå forklaring i kap. 9.2). Tabellen over visar at vi har ein auke i netto inntekter og finanspostar frå 454,6 mill. i 2018 til kr 475,3 mill. i 2021. Veksten i 2020 og 2021 er mindre enn dei føregåande åra som følgje av auke i utgifter til renter og avdrag.

Netto inntekter og finanspostar minus driftsramme for tenesteområda gjev overskot (avsetning til disp.fond) eller underskot (bruk av disp.fond). Tala for 2018 er kommentert i kap. 8 over. For 2019 er overskotet 0,7% og for 2020 – 2021 legg rådmannen opp til eit overskot på 1,0% av netto inntekter og finanspostar. Overskotet er kr 3,3 mill. i 2019, 4,7 mill. i 2020, og kr 4,8 mill. i 2021.

I siste rad i tabellen kjem det fram kva som er til disposisjon til nye tiltak i kvart år i økonomiplanen i forhold til driftsnivået i 2017. Auken er mindre frå 2020 til 2021 enn dei føregåande åra med kr 1,0 mill. Dette skuldast

at vi i 2021 får størst auke i renteutgiftene, både som følge av høgt investeringsnivå, men og at auke i forventa rentenivå er størst frå 2020 til 2021. Dermed «spis» auken i renter og avdrag frå 2020 til 2021 opp så å seie heile veksten i skatt og rammetilskot frå 2020 (kr 467,3 mill.) til 2021 (479,7 mill.).

Regionsentertilskotet skal overført til prosjektarbeid i nye Alver kommune, og er difor i denne siste oppdaterte versjon av budsjettframlegget lagt inn som overføringsutgift på eiga linje i tabellen over som del av andre finanspostar i 2018 og 2019. Rådmann har ikkje gjort endring i driftsrammene til fordeling på tenesteområda som følge av dette, men redusert overskotet (avsetning til disposisjonsfond) med kr 1,4 mill. for 2018 og 2019.

9.1. Skatt og rammetilskot

KS sin prognosemodell vert nytta som grunnlag for Meland kommune si budsjettering av rammetilskot og skatteinntekter. Rammetilskotet vert fastsett i statsbudsjettet. Skatteanslaget som ligg til grunn for berekninga av kommunen sine frie inntekter (sum av skatt og rammetilskot) i statsbudsjettet er basert på folketalet per 1. januar 2017. I prognosemodellen får vi i tillegg med oss forventa skatteinntekter som følge av veksten i folketalet fram til 1. januar 2018. Prognosemodellen gir difor meir korrekte tal på skatteinntekter og skatteutjamning enn det som kjem fram i statsbudsjettet.

Tabellen nedanfor viser utvikling i rammetilskot, skatt og inntektsutjamning for perioden 2015 – 2021. Skatt og rammetilskot for 2018 er budsjettert med kr 443,4 mill. Dette er kr 18 mill. høgare enn i siste prognose for 2017, ein vekst på 4,2%. Auken inkluderer inntektsendringar som følge av omfordeling av oppgåver og øyremerka tilskot.

Skatt og rammetilskot - Budsjett og økonomiplan 2018-2021	Rekn. 2015	Rekn. 2016	rev. buds. 2017	Progn. 2017	Budsjett 2018	Endr progn 17 bud 18	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021
1 Innbyggjartilskot	171 931	176 564	185 197	185 197	190 710	5 513	195 604	200 285	205 440
2 Utgiftsutjamning	17 163	17 592	9 009	9 009	11 993	2 984	13 492	15 142	17 253
3 Korreksjon for barn i statlege og private skular	-3 885	-4 782	-4 758	-4 758	-3 446	1 312	-3 446	-3 446	-3 446
4 Tilskot til INGAR (inntektsgarantiordn.	-486	-446	-801	-801	-575	226	-412	-337	-346
5 Overføring frå INGAR			3 910	3 910		-3 910			
6 Saker m/særskild fordeling	689	1 226	1 721	1 721	1 808	87	1 808	1 808	1 416
7 Veksttilskot	7 469	7 481	2 979	2 979	3 049	70	1 547	3 695	3 318
8 Skjønstilskot	4 042	4 390	4 100	4 100	3 900	-200	3 900	3 900	3 900
9 Budsjettavtale+Rev. nasj. budsj.	1 497	1 005	-267	-150		150			
10 Regionsentertilskot				693	1 407	714	1 415	1 428	1 441
11 Overgangsordning - tilbakeføring av gradert basis			500	548	4 462	3 914	4 462	4 462	4 462
12 Sum rammetilskot	198 420	203 030	201 590	202 448	213 308	10 860	218 370	226 937	233 438
13 Auke i forhold til året før:	13 395	4 610	-1 440	-582	10 860		5 062	8 567	6 501
14 Auke i %:	7,2%	2,3%	-0,7%	-0,3%	5,4%		2,4%	3,9%	2,9%
15 Skatt og inntektsutjamning									
16 Kommunale skatteinntekter	173 698	185 566	199 116	198 380	204 730	6 350	209 000	213 865	219 111
17 Inntektsutjamning	19 673	26 221	19 094	24 572	25 362	790	30 330	26 498	27 151
18 Sum	193 371	211 787	218 210	222 952	230 092	7 140	239 330	240 363	246 262
19 Auke i forhold til året før:	13 732	18 416	6 423	11 165	7 140		9 238	1 033	5 899
20 Sum auke i %:	7,6%	9,5%	3,0%	5,3%	3,2%		4,0%	0,4%	2,5%
21 Sum rammetilskot, skatt og innt.utjamn.	391 791	414 817	419 800	425 400	443 400	18 000	457 700	467 300	479 700
22 Auke i forhold til året før:	27 127	23 026	4 983	10 583	18 000		14 300	9 600	12 400
23 Sum auke i %:	7,4%	5,9%	1,2%	2,6%	4,2%		3,2%	2,1%	2,7%

Gjennom utgiftsutjamninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved hjelp av behovsindeksen, frå kommunar med lågt kalkulert utgiftsbehov til kommunar med høgt utgiftsbehov. Behovsindeksen seier noko om kor dyr ein kommune er å drive etter objektive kriteriar samanlikna med landsgjennomsnittet. Behovsindeksen denne vert brukt til å rekne ut kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjamninga.

Auka inntekter frå utgiftsutjamninga kjem såleis som følgje av auka utgiftsbehov for kommunen på eitt eller fleire område, og motsett. Meland kommune har totalt ein vekst i rammetilskotet på kr 10,9 mill. frå prognosen for 2017 til budsjett for 2018, eller 5,4%. Dette skuldast forventa vekst i talet på innbyggjarar og auka innbyggjartilskot med kr 5,5 mill. auke i utgiftsutjamninga med kr 3,0 mill. og auke som følge av færre born i private skular med kr 1,3 mill.

Rådmann legg og inn kr 4,46 mill. i refusjon frå overgangsordninga knytt til reduksjon i basistilskot for kommunar som skal slå seg saman. Dette er kr 3,9 mill. meir enn det kommunen førebels er tilgodesett med i statsbudsjettet, men vi reknar med at dette vert retta opp slik at vi får det som ligg til grunn i avtalen om kommunereforma mellom fleirtalspartia i Stortinget frå april 2016.

Vi har ein auke i innbyggjartilskotet (fast beløp per innbyggjar) på kr 5,5 mill. frå 2017 til 2018. I 2018 er satsen per innbyggjar kr 23.726,-. Multiplisert med innbyggjartalet per 1. juli 2017 på 8.038 vert dette kr 190,7 mill. Satsen per innbyggjar er auka med kr 413,- frå 2017 til 2018. Kr 3,3 mill. av auken på kr 5,5 mill. kjem dermed som følgja av auka sats. Resten, kr 2,2 mill., skuldast auke i innbyggjartalet med 94 frå 1. juli 2017 til 1. juli 2018. Meland kommune får i 2018 eit trekk på kr 3,4 mill. som følgje at vi har 74 barn (teljedato oktober 2016) i statlege og private skular. I 2017 fekk vi trekk for 83 elever. Trekket i kroner er i 2018 redusert med om lag kr 1,3 mill. frå 2017.

Kommunar skal få tilskot frå INGAR-ordninga (INtektGARantiordninga) når nedgangen i rammetilskot vert meir enn kr 400 per innbyggjar frå eit år til det neste (auka frå kr 300 per innb. i 2017). Endringar i veksttilskotet er ikkje med når INGAR vert berekna. Ordninga er finansiert med eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunar. Vi får redusert vår kostnad til finansiering av ordninga frå kr 0,8 mill. i 2017 til kr 0,6 mill. i 2018. Meland kommune får i 2018 ikkje tilskot frå ordninga.

Auke i skatteinntekter og skatteutjamning er totalt berekna til å verte kr 7,1 mill. frå prognosen for 2017 til budsjett 2018. Merk at i det i prognosen for 2017 er berekna at vi får inntekter frå skatt og skatteutjamning på kr 5,0 mill. meir enn i det reviderte budsjettet for 2017.

Sum vekst i frie inntekter vert dermed kr 18 mill., eller ein vekst på 4,2%. Fylkesmannen har i skriv til kommunen berekna denne veksten til 3,0%. Talet frå fylkesmannen brukar statsbudsjettet sine utrekningar for skatteinntekter. Han tek dermed ikkje omsyn til folkeveksten fram til 1. januar 2018 når det gjeld skatteinntekter, men bruker folketalet per 1.1.2017. Som følgje av at Meland har stor folkevekst får vi reelt ein høgare vekst enn det tala til fylkesmannen tilseier. Fylkesmannen reknar i si berekning heller ikkje med veksten i skatt i 2017 (som for Meland vil utgjere om lag kr 5,0 mill.) i grunnlaget for berekning av veksten frå 2017 til 2018, men han tek utgangspunkt i skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett som kom i mai 2017. Rådmannen har og i si berekning av veksten inkludert full kompensasjon for redusert basistilskot i 2018.

9.2. Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt

I budsjettframlegget for 2018 er netto inntekt frå andre finanspostar redusert med kr 3,6 mill. frå kr 14,8 mill. i revidert budsjett for 2017 til 11,2 mill. i budsjettet for 2018. Endringa skuldast auke i avdrag og renteutgifter på lån. Netto avskrivningar er ein inntekstpost som i praksis inneber at nokre av avskrivingspostane er fordelt til andre områder i budsjettet. Dette gjeld avskrivningar på kommunale bygg og avskrivningar på VA-anlegg som inngår i sjølvkostrekneskapen for desse områda. Andre rentepostar er renteinntekter frå bankinnskot, frå utlån, og kalkulatoriske renter fordelt ut på investeringar og sjølvkostområda.

I perioden 2019-2021 har vi grunna høgt investeringsnivå ein stor auke i Avdrag og renter, som gjer at netto inntekter frå andre finanspostar vert redusert ytterlegare frå 11,2 mill. i budsjettet for 2018 til ein netto kostnad i 2021 på kr 4,4 mill. Kostnadane på desse postane aukar dermed med kr 15,6 mill. i økonomiplanperioden.

9.3. Skatteøre eigedomsskatt

Det er lagt til grunn eit skatteøre på 7 ‰ på verk og bruk og 3,5 ‰ på bustad og hytter for budsjett 2018. Dette er same nivå som i 2017.

9.4. Renter og avdrag

Budsjett 2018

Tabellen nedanfor syner oppstilling over renter og avdrag i budsjettet for 2018. Gjennomsnittleg vekta rentekostnad for låneporteføljen i 2018 er 1,6%.

Renter og avdrag innlån 2018	Renter 2018	Avdrag 2018	Sum renter og avdrag 2018	Restgjeld 01.01.2018	Restgjeld 31.12.2018	Avdrag i % av gjeld per 01.01.2018
Kommunalbanken	2 741 464	7 212 420	9 953 884	180 819 810	173 607 390	3,99 %
Husbanken	1 427 512	3 394 440	4 821 952	74 656 436	71 261 996	4,55 %
Andre lån	6 600	300 000	306 600	300 000	-	100,00 %
Lån i verdipapirmarknaden*	3 369 888	7 700 000	11 069 888	234 020 000	226 320 000	3,29 %
Obligasjonslån	2 467 298		2 467 298	134 825 000	134 825 000	0,00 %
Nye lån 2018	600 000		600 000		132 490 000	
SUM	10 612 762	18 606 860	29 219 622	624 621 246	738 504 386	2,98 %
Avdrag startlån ført i kapitalrekneskapen		2 000 000				
SUM driftsrekneskapen	10 612 762	16 606 860				
Avrunda i budsjettet til:	10 600 000	16 600 000				

* På verdipapirlån vert det ikkje betalt avdrag slik som gjeldsbrevlån, men ein reduserer opplåninga ved ei evt. refinansiering.

Sum lånegjeld ved utgangen av 2018 er budsjettet til kr 738,5 mill. Grunna god likviditet treng ein ikkje gjere opptak av nye lån før i mot slutten av 2018, og det er difor budsjettet med rentekostnadar tilsvarande dette på nye låneopptak i 2018.

Avdraga utgjer 2,9% av gjelda per 1.1.2018. Dette er ei forenkla utrekning som ikkje tek omsyn til lån til utlån og forskottering eller verdien av anleggsmiddel og avskrivningane av desse. Om ein tek omsyn til dette utgjer avdraga rundt 3,5%, avhengig av val av metode, og er såleis innfor minimumsberekninga av avdrag.

10.Rådmannen sitt framlegg til prioritering av nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2018-2021

Tabellen nedanfor viser kva tiltak og endringar som er inkludert i rådmannen sitt budsjettframlegg. Rådmannen vil prioritere nye driftstiltak og andre endringar i 2018 i forhold til revidert budsjett for 2017 som spesifisert i tabellen med til saman kr 13,05 mill. i 2018. Linje 35 har med ikkje spesifiserte endringar på kr 1,59 mill. Dette er mindre endringar frå 2017 til 2018 i tenesteområda sine internt fordelte rammer som ikkje kjem er spesifisert i tabellen. I 2020 og 2021 er det i linje 34 spesifisert ikkje fordelt innsparing på henholdsvis kr 0,5 mill. og kr 1,4 mill. som må innarbeidast i framtidige budsjettframlegg.

Oppsummering rammer og tiltak/endingar						Tal i heile 1000 kr
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
	Driftsramme	454 200	464 330	469 500	470 500	Frå Oppsummering Netto Finans kap. 10
	Ramme i 2017: 441.150	13 050	23 180	28 350	29 350	Endring i forhold til 2017
	Nye tiltak /endingar:	2018	2019	2020	2021	Alle endringar i forhold til nivå i 2017
1	Auka kostnad lærling rådmannskontoret	200	200	200	200	Kontorlæring tilsett i 2017.
2	Frikjøp tillitsvalde	250	250	250	250	Auke frikjøpsressurs med 40% stilling i samband med kommunesamanslåinga. Frikjøp til saman 1,9 årsverk.
3	Reduksjon økonomikontoret	-300	-300	-300	-300	Kutt i 50% vakant stilling økonomikontoret
4	Auka tilskot kyrkja	350	200	200	200	Auke for å dekke auka lønskostnader, vedlikehald mm.
5	Auke i utgifter til IKTNH, IKT Strategi og Brannvern	430	430	430	430	Auke ut over ordinær prisstigning
6	Diverse kutt rådgjevarstab	-300	-300	-300	-300	Reduksjon i skuleskyss betalt over rådgjevar skule sitt budsjett, reduksjon spes.ped tiltak og auka inntekt ved refusjon av løn frå tilskotsmidlar til realfagprosjektet
7	Ny avdeling Marihøna H-2018	950	2 550	2 550	2 550	Oppstart ca 15. aug. 2018 og årseffekt frå 2019. Netto kostnadsauke og inntekter frå auke i foreldrebetaling er brukt i berekninga.
8	Barnehage: Kommunale plassar for å dekke auka behov i 19-21		1 150	2 600	2 600	Auka kostnader med 15 nye born per år i perioden
9	Tilskot til private barnehagar	-2 100	-1 200	-100	400	Tilskotet inkluderer tilskot til auka bemanning som følgje ny norm for ped.bemanning.
10	Auka klassetal Grasdal skule og lærarressurs	200	1 000	1 000	1 000	Årseffekt i 2018 av auke med ein klasse hausten 2017, kr 200.000,- og kr 1,0 mill. resten av perioden. Behov for lærerressurs til ny klasse hausten 2018 må dekkast med innsparing på andre områder
11	Auka klassetal Meland Ungd.skule		590	2 000	2 590	Auke med ein klasse hausten 2019, og ein ekstra til vi har tre parallellar haust 2021, årsverknad av auken startar 2019.
12	Meland Ungd.skule: Ekstra assistent- og lærarressursar til elevar med særskilde behov	170	1 210	1 500	1 500	Assistentressursar aukande med om lag 3 årsverk og 1,8 årsverk lærar for gjennomføring av fleire tiltak.
13	Diverse kutt Meland Ungd.skule	-410	-410	-410	-410	Diverse vakante stillingar og andre mindre justeringar
14	Red. skysskostnad Meland US	-150	-200	-200	-200	Noko for høgt budsjett i 2017, samt forventa vedtak om at elevar frå Flatøy ikkje lenger skal ha gratis skyss.
15	Innsparing fådeling 1. og 2. kl. Rosslund skule - hausten 18	-200	-480	-480	-480	Innsparing 50% lærarstilling og 20% stilling SFO
16	Diverse endringar Rosslund skule	200	200	200	200	Netto innsparing og nye tiltak
17	Auka klassetal Sagstad skule	800	2 000	2 400	3 400	Auke med to klassar hausten 2018, ingen 2019, der ein berre får årsverknad av auka i 2018, ein klasse 2020 og ein klasse 2021.
18	Auka adm.ressurs Sagstad skule		335	335	335	Auka behov i samband med auka elevtal, klassetal og tal på tilsette.

	Nye tiltak /endringar:	2018	2019	2020	2021	Alle endringar i forhold til nivå i 2017
19	Ekstra assistentressurs Sagstad skule	-	200	480	480	Auke i assistentressurs til elevar med særskilde behov
20	Sagstad skule sosiallærer 100% stilling frå 01.08.2018	300	720	720	720	Auka oppfølgingsbehov av einskildelevar og klassemiljø.
21	Sagstad skule Diverse endringar	450	450	450	450	
22	Auka sekretærressurs Vestbygd skule	80	160	160	160	Auke 15% i 2018 og 15% i 2019 til totalt 80% stilling. Auka behov i samband med auka elevtal, klassetal og tal på tilsette.
23	Vestbygd skule: Auka assistentressurs for elevar med særskilde behov skule/SFO	420	600	600	600	140% elevassistent. Elevar med særskilde behov som kjem hausten 2018, samt nye elevar med særskilde behov.
24	Auke i pedagogressurs Vestbygd Skule	270	650	650	650	100% lærarstilling.
25	Diverse postar Vestbygd skule	260	260	260	260	
26	Reduksjon tiltaksplassar i Barnevernet	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400	
27	Årseffekt auke i tal på plassar ved sjukeheimen	3 900	3 900	3 900	3 900	Årseffekt av 4 nye plassar ved sjukeheime, og tilsetjing av 6 årsverk. Tiltaket iverksatt frå juli 2017.
28	Auka kapasitet nattenesta ved sjukeheimen	150	150	150	150	
29	Diverse reduksjonar sjukeheimen	-200	-200	-200	-200	Sommarstenging av dagsenteret og diverse andre endringar
30	Diverse tiltak heimetenesene	2 700	2 700	2 700	2 700	Diverse tiltak i lista over nye tiltak frå tenesteområdet prioritert av rådmannen. Sjå liste over tiltak i kap. 16.2
31	Diverse tiltak Kultur	880	1 370	1 820	1 820	Sjå kap 17
32	Diverse tiltak PUK	1 360	3 465	4 235	4 500	Sjå kap 18.5
33	Ikkje fordelt lønstillegg og korreksjon av pensjonskostnad	3 200	3 200	3 200	3 200	Gjeld 2018 - men aukar kostnadsnivå tilsvarande i heile økonomiplanperioden.
34	Ikkje fordelt innsparing			-250	-1 605	Innsparing som rådmann i seinare budsjettframlegg må fordele på tenesteområda
35	Ikkje spesifiserte endringar	1 590	730			Sum av endringar som ikkje framgår i tabellen over
	Sum nye tiltak og endringar	13 050	23 180	28 350	29 350	Alle endringar i forhold til nivå i 2017
	Avvik nye tiltak i forhold til tilgjengelege rammer	-	-	-	-	

Forklaring til linje 33: Ikkje fordelte lønstillegg og korreksjon av pensjonskostnad:

I budsjettramma som er fordelt ut på tenesteområda er det lagt til grunn pensjonskostnadar som er høgare enn det som oppdaterte berekningar frå KLP syner at kommunen vil få i 2018. Lønstillegg for 2018 og tillegg etter lokale forhandlingar i 2017 her heller ikkje fordelt ut på tenesteområda. Netto vert dette kr 3,2 mill., som vil verte fordelt ut på tenesteområda etter endeleg budsjettvedtak i desember 2017.

11. Kommentrar frå administrative einingar

Stabar og administrative støttestrukturar består av administrasjonsstab/rådmannskontoret (inkludert personal, dokumententer og resepsjonen), rådgjevarstaben, økonomikontoret, i tillegg til at innkjøpte IKT-tenester og Brannvern vert administrert av desse stabseiningane. Revisjonstenesta og tilskotet til kyrkja ligg og her, i tillegg til alle politisk-relaterte kostnadar.

11.1. Stab/rådmannskontor

Stabsområdet har same tal årsverk som i 2017, dvs. 11,2 årsverk. I tillegg vert frikjøp for tillitsvalde, med heimel/utrekning etter reglane i Hovudtariffavtalen, ført på dette området. Opphavleg frikjøpsressurs er auka med 40% stilling i samband med kommunesamanslåinga, slik at dette frikjøpet no utgjør totalt 1,9% stilling. Det ligg også inne frikjøp av HVO med 15% stilling. Adm. stab rådmann har skuleåret 2017/2018 ein kontorlærling, dette etter samarbeid med Opplæringskontoret, Nordhordland.

Stabsområdet dekker og utgifter til revisjon, politiske styre, råd og utval, inkl. løn til ordfører og varaordfører, arbeidsmiljøutvalet, samt alkoholløyve og kontroll. Adm.stab rådmann har m.a. ansvar for HR-funksjonen, resepsjonstenesta, dokumentseneteret, overordna arkivteneste, kommunen si heimeside, intranett og Facebook-side. Vidare skal staben serve politiske råd og utval med sekretærtjenester, innkallingar, møtebøker/protokollar m.m. Annakvart år har adm. stab sekretariatsansvar for gjennomføring av val.

Området er kjenneteikna av mange faste utgifter, der kostnadene ligg utanfor kommunen sin kontroll. Døme på dette er utgifter til yrkesskadeforsikring, pasientskade-erstatning, innbetaling av OU-midlar, medlemskap i KS m.m. Mange av kostnadene gjeld for heile kommuneorganisasjonen, som t.d. bedriftshelseteneste, juridisk bistand, innkjøpsordning, meklarteneste på kommunen sine forsikringar, annonsering m.m. Fleire av kostnadene er også knytt til interkommunale samarbeidsordningar, som t.d. Regionrådet/Nordhordland IKS, Interkommunalt arkiv og interkommunal innkjøpsordning.

Det er i all hovudsak ingen driftsmessige endringar frå 2017 til 2018. Ledig 50% stillingsressurs frå 01.01.18 vil bli lyst ut internt. Området er knapt budsjettert og er difor sårbart dersom det kjem uføresette utgifter.

11.2. Økonomikontor

På dette området ligg kostnadar til økonomistaben, samt kostnadar (refusjonar) til felles regionalt kemnerkontor og til Meland kommune sitt kyrkjelege fellesråd. Det er i dag 6,5 årsverk ved kontoret, med ei vakant 50% stilling. Det er lagt inn eit kutt på økonomikontoret på kr 0,3 mill. som inneber at det ikkje vert gjort tilsetjing i den vakante stillinga. På tross av kutt i årsverk er ramma for kontoret auka med 0,37 mill. (3,9%) til 9,7 mill. Dette skuldast auke i overføring til kyrkja.

Økonomikontoret har ansvar for rekneskapsføring, fakturering, løn, økonomirapportering, budsjettarbeid, innkjøp, finansoppfølging, IKT og telefoni. Frå august 2018 er det planlagt oppstart av felles rekneskaps- og lønskantor for Meland, Radøy og Lindås kommunar. Kommunane har i 2017 hatt i arbeid eit prosjekt for å samkjøre rutinane i dei 3 kommunane, slik at det nye kontoret skal kunne kjøre rekneskap og løn mest mogeleg likt for dei 3 kommunane. Fram til kommunesamanslåinga vil dette være et interkommunalt samarbeid der Lindås er vertskommune, og kontoret vil vere plassert på Knarvik. Det er ikkje budsjettert med auke i utgifter som følgje av etableringa av det nye kontoret. Det er så langt lagt opp til at 4 årsverk frå Meland kommune vert overført til det felles kontoret for løn og rekneskap.

11.3. Meland kyrkje

Driftstilskotet til Meland kyrkjelege fellesråd / soknerådet er i budsjettframlegget for 2018 auka med kr 350.000,- eller 10% i forhold til 2017-budsjettet. Veksten er til vanleg løns- og prisvekst med kr 80.000,-, medan resten er auka for å dekke auka driftskostnadar som soknerådet har fått dei siste åra.

I skriv til kommunen bed soknerådet om ein auke i driftstilskotet på kr 400.000,- og i tillegg dekking av eingongskostnadar til drifta med kr 180.000,-. Dette gjeld fullfinansiering av organiststilling, auka kostnad til rekneskapsføring, justering av lønsnivå og driftsmidlar til diakonstilling. Eingongskostnadar gjeld ombygging av kontor og vedlikehald av Meland kyrkje. I økonomiplanperioden frå 2019 er auken i forhold til nivå i 2017 på kr 0,2 mill. per år.

11.4. IKT

IKT-budsjettet inneheld felles kommunale IKT og telefoni-kostnadar. I tillegg kjem kommunen sin del av felles IKT-drift gjennom IKT-Nordhordland (IKTNH) og interkommunale IKT-strategi- og prosjektkostnadar.

Meland kommune har ikkje eigen stab på IKT-området. Økonomisjefen er IKT-kontakt for kommunen og deltek på noko møteverksemd på IKT-området, og er ansvarleg for oppfølging av IKT-budsjettet og den aktiviteten som skal skje på dette område. Elles er heile drifta sett ut til det interkommunale samarbeidet. Sum budsjettframlegg for 2018 er på kr 8,08 mill., ei auke på kr 0,43 mill. (5,7%) frå 2017.

I 2018-budsjettet er kr 0,4 mill. av kostnadane til IKTNH prosjekterrelaterte kostnader som vert ført som investeringar.

Det er lagt inn kr 160' i IKT-budsjettet til deltaking i KS si finansieringsordning for digitaliseringsprosjekter der alle kommunar er invitert til å delta med kr 20 per innbyggjar som ei eingongsinnbetaling.

Sjå følgjande link med meir informasjon om saka:

<http://www.ks.no/faqomrader/utvikling/digitalisering/invitasjon-til-a-delta-i-finansieringsordningen-for-digitaliseringsprosjekter/>.

11.5. Interkommunalt Brannvern

Meland kommune er med i Lindås og Meland interkommunale brann- og redningsteneste. Dette er eit vertskommunesamarbeid der Lindås er vertskommune. I 2018 er det budsjettert med til saman kr 7,44 mill. til føremålet. Dette er ei auke på kr 0,37 mill. eller 5,2% frå 2017.

11.6. Rådgjevarstab (ekskl. barnehage)

På dette området ligg kostnader til rådgjevarstaben innan skulesektor, kommuneplanleggjar, helse, pleie- og omsorg samt næring. Løn til næringsrådgjevar vert fullt ut betalt av tilskot frå Meland Utbyggingselskap AS i 2018 som i 2017. I tillegg er det i 2018 lagt inn kr 50.000,- til kurs, reiser etc. som ein ikkje får refundert.

Utanom lønskostnader er den største kostnaden for rådgjevartenesta knytt til refusjon til skular for gjesteelevar og til andre kommunar for fosterbarn eigentleg heimebuande i Meland kommune.

I tillegg fører ein her kostnader relatert til interkommunale samarbeidsavtaler som til dømes krisesentertilbod og Ungdomskontakten salto.

Området har ein reduksjon i budsjetttramme frå 2017 til 2018 på om lag kr 0,3 mill. frå 2017 til 2018 (utanom løns- og priskompensasjon) Reduksjon ramme er relatert til skuleskyss, noko reduksjon i spesialpedagogiske tiltak, samt auke i inntekter/tilskotsmidlar satsing realfag.

11.7. Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og endringar for adm.einingar

Rådmann stab, økonomi, IKT, Brannvern, Rådgjevar: 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Auka kostnad lærling rådmannskontoret	200	200	200	200	Kontorlæring tilsett i 2017.
2	Frikjøp tillitsvalde	250	250	250	250	Auke frikjøpspressurs med 40% stilling i samband med kommunesamanslåinga. Frikjøp til saman 1,9 årsverk.
3	Reduksjon økonomikontoret	-300	-300	-300	-300	Kutt i 50% vakant stilling økonomikontoret
4	Auka tilskot kyrkja	350	200	200	200	Auke for å dekke auka lønskostnader, vedlikehald mm.
5	Auke i utgifter til IKTNH, IKT Strategi og Brannvern	430	430	430	430	Auke ut over ordinær prisstigning
6	Diverse kutt rådgjevarstab	-300	-300	-300	-300	Reduksjon i skuleskyss betalt over rådgjevar skule sitt budsjett, reduksjon spes.ped tiltak og auka inntekt ved refusjon av løn frå tilskotsmidlar til realfagprosjektet
Sum endr. i forhold til 2017		630	480	480	480	

Alle endringar er inkludert i rådmannen sitt framlegg.

11.8. Breibandsutbygging

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) fekk inn 142 søknader frå 17 fylke i 2017. Stortinget hadde løyva 139 mill. til breibandstilskot. Hordaland fekk 6 mill. kr, Meland kommune var ikkje mellom dei kommunane som fekk av desse midlane i 2017.

Rådmannen foreslår at kommunen søker Nkom på ny i 2018. Dersom kommunen får slikt tilskot i 2018, foreslår rådmann at det blir lagt inn midlar til i eigenfinansiering frå kommunen. Desse midlane må i så fall takast frå disposisjonsfondet. I kommunen sitt budsjett må tiltaket først i driftsbudsjettet som tildeling av tilskot til ekstern utbyggjar.

12. Barnehage

12.1. Private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein av dei store utgiftspostane til kommunen. Tilskotsatsane er basert på drifta i den kommunale barnehagen 2 år før budsjettåret, samt prognose for barnetal i dei private barnehagane 15. des. i året før tilskotsåret. Det vert og gjeve tilskot til oppstart av nye avdelingar i tilskotsåret dersom det er trong for det og etter avtale med kommunen. Tilskotet vil dermed i stor grad være gitt i god tid før budsjettåret, men med ein viss usikkerhet for barnetalet som skal leggjast til grunn. Satsane har auka monaleg dei siste 2 åra, men som følgje av auke i barnetalet i den kommunale barnehagen hausten 2016 vil satsane verte noko lågare i 2018 og vidare framover. Dette var og varsla i fjorårets økonomiplan.

Tabellen nedanfor syner forventa utvikling i barnetal totalt i kommunen og talet på barn i barnehagane i Meland. 1. jan 2017 var det totalt 610 barn i barnehagane i kommunen, som er 80,6% av tal på barn i aldersgruppa 0-5 år i Meland kommune på same tidspunkt, som er 757. Vi føreset at barn som ennå ikkje er fylt eitt år i hovudsak ikkje er i barnehage. Pr 1. januar 2017 er det 36 born i den kommunale barnehagen, medan det er 565 i dei private.

Utvikling Barnetal i Meland kommune samanlikna med barnehageplassar 2015 - 2021

Folketal pr dato:	01.01.15	01.01.16	01.01.17	01.01.18	01.01.19	01.01.20	01.01.21
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Innbyggere 0-2 år	373	356	358	370	379	389	398
Innbyggere 3-5 år	375	377	399	403	411	416	421
Innbyggere 0-5 år:	748	733	757	773	790	805	819
Økning i året	-15	24	16	17	15	14	12
Økning i % i året	-2,01%	3,27%	2,11%	2,20%	1,90%	1,74%	1,47%
Barn i kommunale barneh. 1.1 i året:	30	33	36	37	55	70	85
Barn i private barneh. 1.1 i året:	567	565	574	580	580	580	580
Sum barn i barnehage 1.1 i året:	597	598	610	617	635	650	665
Endring kommunale i løpet av året:	3	3	1	18	15	15	15
Endringar private i løpet av året	-2	9	6	-	-	-	-
Sum endringar i løpet av året:	1	12	7	18	15	15	15
Økning i %	0,2%	2,0%	1,1%	2,9%	2,4%	2,3%	2,3%
Andel barnehageplassar av barn 0-5 år:	79,8%	81,6%	80,6%	79,8%	80,4%	80,7%	81,2%

I investeringsbudsjettet for 2018 er det lagt inn midlar til midlertidig utviding av Marihøna Barnehage. Oppstart er planlagt seinhausten 2018, og vi legg inn ein auke i barnetalet i den kommunale barnehagen til 54 i 2019. I resten av økonomiplanperioden er det rekna med ein årleg vekst på 15 barn. Det er lagt inn driftsmidlar i økonomiplanperioden til å dekke auke i driftskostnadane i den kommunale barnehagen til ein slik vekst. Dei private barnehagane er rekna i sum å ha 580 born i heile økonomiplanperioden.

I investeringsbudsjettet ligg det inne bygging av ny kommunal barnehage i løpet av 2021. Korleis fordelinga av barn mellom ein ny og større kommunal barnehage og dei private barnehagane vert etter at denne er på plass er ikkje vurdert i denne økonomiplanen.

Basert på rekneskap og budsjett for drifta i den kommunale barnehagen har vi rekna ut satsar per barn for tilskot til dei private barnehagane. I summene er satsane for ekstra tilskot knytt til ny pedagognorm. Vi har forutsett at framlegget til satsar i statsbudsjettet for 2018 gjeld for heile økonomiplanperioden.

Tilskotsreglar er slik:

1. Er sett saman av ein driftsdel og ein kapitaldel
2. Tilskotsgrunnlaget (driftsdelen) er kommunen sine 2 år gamle rekneskap.
3. Kommunen sine pensjonsutgifter skal takast ut av berekningsgrunnlaget, og ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal brukast.
4. Kapitaltilskotet er avhengig av byggeåret til barnehagebygget, og vert årleg fastsett av Utdanningsdirektoratet (Udir).
5. Det vert frå hausten 2018 gjeve ein fast tilskotssum per barn til styrking av den pedagogiske bemanninga i barnehagane. Introdusert i revidert nasjonalbudsjett 2017, gjeldande frå hausten 2017.

Budsjetterte satsar for tilskot til private barnehagar i Meland kommune i økonomiplanperioden

Kommunale satsar ordinære barnehager:	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Driftstilskot små barn:	156 844	176 444	180 108	175 180	177 109	180 096	181 369
Driftstilskot store barn:	73 663	84 011	85 702	81 644	82 714	84 374	85 081
Tilskot ped.bem. små barn			900	2 214	2 214	2 214	2 214
Tilskot ped.bem. store barn			500	1 230	1 230	1 230	1 230
Kapitaltilskudd (veid gj.snitt):	9 500	12 262	11 178	12 000	12 000	12 000	12 000
Sum små barn:	166 344	188 706	192 186	189 394	191 323	194 310	195 583
Sum store barn:	83 163	96 273	97 380	94 874	95 944	97 604	98 311

%-vis endring i sats frå året før	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Små barn:	-3,9%	13,4%	1,8%	-1,5%	1,0%	1,6%	0,7%
Store barn:	-2,8%	15,8%	1,1%	-2,6%	1,1%	1,7%	0,7%

Nasjonale satsar ordinære barnehager:	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Små barn:	197 600	196 200	199 800	209 200	209 200	209 200	209 200
Store barn:	96 100	94 700	96 300	100 600	100 600	100 600	100 600
Tilskot ped.bem. små barn			900	2 214	2 214	2 214	2 214
Tilskot ped.bem. store barn			500	1 230	1 230	1 230	1 230
Kapitaltilskudd (veid gj.snitt Meland):	9 500	12 262	11 178	12 000	12 000	12 000	12 000
Sum små barn:	207 100	208 462	211 878	223 414	223 414	223 414	223 414
Sum store barn:	105 600	106 962	107 978	113 830	113 830	113 830	113 830

Meland kommune sine satsar i forhold til dei nasjonale satsane (inkl. kap.tilskot):	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Små barn:	-20%	-9%	-9%	-15%	-14%	-13%	-12%
Store barn:	-21%	-10%	-10%	-17%	-16%	-14%	-14%

I tabellen over framgår det at driftstilskotet per barn til ordinære private barnehagar i Meland kommune er for 2018 er berekna til:

Sats små barn: kr 175.180,- Sats store barn: kr 81.644,-

Total inkl. tilskot til auka pedagogisk bemanning og kapitaltilskot er satsane for 2018 budsjettert til:

Sats små barn: kr 189,394,- Sats store barn: kr 94.874,-

Frå 2019 til 2021 får vi deretter ein moderat auke i satsane per år med mellom 0,7% og 1,7% per år.

Satsane i 2018 for små barn er redusert med 1,5% i forhold til 2017 og for store barn er reduksjonen 2,6%. Desse satsane ligg så langt vi har rekna ut henholdsvis 15 og 17% lågare enn dei nasjonale satsane. Satsane for kapitaltilskot brukt i tabellen er eit veid gjennomsnitt basert på utbyggingsåret til den einskilde barnehagen.

Då Meland kommune ikkje har eigne familiebarnehagar vert det nytta nasjonale satsar for familiebarnehagar i Meland kommune. For 2018 er desse i budsjettet sett til:

Sats små barn: kr 158.200,-

Sats store barn: kr 120.200,-

Tabellen nedanfor viser vekta barnetal (deltidsplassar omgjort til heiltidsplassar) og tilskot per år i økonomiplanperioden.

Gj.snittleg vekta barnetal som grunnlag for tilskot	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Små barn i ordinære barnehagar:	224	205	194	183	183	183	183
Store barn i ordinære barnehagar:	322	346	365	381	381	381	381
Sum barn i ordinære barnehagar:	546	551	559	564	564	564	564
Små barn i familiebarnehagar:	8	4	3	4	4	4	4
Store barn i familiebarnehagar:	2	3	7	6	6	6	6
Sum familiebarnehagar:	10	7	10	10	10	10	10
Sum alle:	556	557	569	574	574	574	574

Tilskotsutrekning (mill kr):	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Små barn (0-2 år):	35,89	36,65	35,45	32,66	33,01	33,55	33,79
Store barn (3-6 år):	23,53	29,40	32,08	31,81	32,22	32,85	33,12
Tilskot ped.bem. små barn			0,17	0,40	0,40	0,40	0,40
Tilskot ped.bem. store barn			0,18	0,47	0,47	0,47	0,47
Kapitaltilskudd:	5,22	6,84	6,38	6,89	6,89	6,89	6,89
Sum ordinært tilskot	64,64	72,89	74,26	72,23	72,99	74,16	74,67
Tillegg og justeringar	5,0						
Sum:	69,64	72,89	74,26	72,23	72,99	74,16	74,67
Endring frå året før	0,46	3,25	1,37	-2,03	0,76	1,17	0,51
Endring frå året før i %	0,7 %	4,7 %	1,9 %	-2,7 %	1,1 %	1,6 %	0,7 %
Endring frå 2017				-2,03	-1,27	-0,10	0,41

For 2018 er det budsjettetert med tilskot til dei private barnehagane med kr 72,2 mill., som er kr 2,0 mill. mindre enn berekna tilskot for 2017. Tilskotet er utrekna som ein fast sum per barn multiplisert med venta barnetal i dei private barnehagane 15. des. i året før tilskotsåret (15.12.2017 for budsjett 2018). Tilskotet vil dermed i stor grad vere gjeve i god tid før budsjettåret, men den endelege summen vil først vera klar når faktiske barnetal per 15.12.2017 føreligg i årsmeldinga til barnehagane i løpet av januar 2018.

I økonomiplanperioden reknar vi med tilskot i 2019 med kr 73,0 mill., 74,2 mill. i 2020 og 74,7 mill. i 2021, alle basert på for 574 barn i omrekna heiltidsplassar. Sjølv om det er likt tal på born varierer tilskotet fordi kostnadsgrunnlaget i den kommunale barnehage endrar seg litt frå år til år i perioden.

Når kommunar slår seg saman skal ein fortsette med utrekning av tilskot i den samanslåtte kommunen basert på 2 år gamle rekneskap i områda for dei samanslåtte kommunane. Dette inneber at nye Alver kommune vil ha ulike satsar for tilskot til private barnehagar i 2020 og 2021. Først for 2020 vil ein lage eit felles kostnadsgrunnlag for alle kommunale barnehagar i nye Alver kommune, som får effekt for dei private barnehagane frå 2022.

12.2. Barnehageadministrasjon

Budsjettramma for barnehageadministrasjonen er i 2018 på kr 81,45 mill. Av dette utgjør tilskotet til private barnehagar kr 72,2 mill. Den resterande summen som ligg til rådgjevartenesta sin barnehageadministrasjon er i 2018 budsjettetert med kr 9,25 mill., den same som i revidert budsjett for 2017. Midlane er fordelt mellom tenestane Førskule og Styrka tilbod førskule.

Status og utfordringar i 2018.

Barnehagesektoren er i dag den tredje største kommune-sektoren i Norge. Nye lovpålagde arbeidsoppgåver etter Barnehagelova gjer at omfang av arbeidsoppgåver i høve barnehageadministrasjonen har auka

betrakteleg. Rådgjevar for barnehage har ansvar for politisk sakshandsaming og fatte delegerte vedtak etter barnehagelova med forskrifter. Rekneskapskontroll og kontroll med utbetalingar til drift, refusjonsordningar og spesialpedagogiske vedtak samt innkrevjing av refusjonar har auka vesentleg. Tenesta har og ansvar for felles barnehageopptak med vedtak, prosjektansvar for fagleg systemarbeid og planarbeid, samt å organisere kurstilbod etter lokal og interkommunal kompetanseplan for dei 200 tilsette i barnehagane i Meland. Budsjet, praksiskoordinering og fagleg oppfølging av lærlingane på barne og ungdomsarbeidarfaget er og lagt til barnehagekontoret.

Nye arbeidsområder dei siste to åra:

- Vedtak i høve Forskrift om redusert foreldrebetaling.
Det vert handsama mellom 60 og 70 søknader frå foreldre i 2017. Utbetalingar for våren 2017 utgjorde kr 760.000,-. Det er usikkert kor mykje som kjem hausten 2017. For 2018 er difor budsjettposten auka til kr 1,4 mill.
- Vedtak etter barnehageloven §19 a som gjeld spesialpedagogikk og 19g individuell tilrettelegging.
Hausten 2016 vart spesialpedagogisk hjelp, teiknspråkopplæring m.m. flytta frå Opplæringslova til Barnehagelova kapittel VA. Endringa førte til nye lovpålagte vedtak for barn med nedsett funksjonsevne i tillegg til retten til spesialpedagogisk hjelp. I opprinneleg budsjett for 2017 vart ikkje budsjettpostane styrka tilstrekkeleg for å dekke opp for nye krav, men dette er justert i budsjettrevisjonen per 2. tertial 2017. For 2018 er postane justert til forventa vedtaksnivå.

Det er i 2018 budsjettert med løn til 2 lærlingar innan barne- og ungdomsfaget. To lærlingar tek fagbrev våren 2018, og desse vert erstatta med to nye lærlingar frå hausten 2018.

Budsjettet for styrka tilbod førskule har auke frå kr 2,0 mill. i rekneskapsen for 2015 til kr 5,0 mill. i budsjettet for 2018. Dette inkluderer tilbod til born med særskilde behov som har rett etter barnehagelova kapittel V A og refusjon for utgifter dei private barnehagane har med gjennomføring av vedtaksbaserte tiltak.

Prosjekt «tidleg innsats» har som mål å styrke barnehagane sin kunnskap og arbeide tidleg med born og såleis førebyggje spesialpedagogisk hjelp seinare i barnehage og skule. Dette prosjektet er avhengig av noko driftsmidlar for å kunne gjennomførast i tråd med systemplanen.

12.3. Kommunal Barnehagedrift

Tenestoområdet har ansvar for drift av Marihøna barnehage og dei tilsette som arbeider med spesialundervisning i barnehagane (STF).

Budsjettforslaget legg til grunn at vi opprettheld bemanninga frå 2017. Bemanninga er tilpasse den unge søkjarmassen som er registrert dei siste åra. Med nåverande bemanning kan vi gje eit godt tilbod, sjølv om dei fleste søkjarane er under tre år. Barnetalet i Marihøna barnehage er i 2018 venta å vere 37 barn, med fordelinga 17 små (under 3 år) og 20 store (over 3 år) barn. Barnehagen har fleire flyktningebarn og andre fleirspråklege barn. Vi ventar her og ei vidare auke framover, og reknar med at vi må bruke fleire ressursar på å gje desse barna eit godt tilrettelagt tilbod, gjennom språkstimulering og integreringsarbeid.

Kapasiteten i den kommunale barnehagen må seiast å være nytta maksimalt. Slik det ser i ut i dag vil barnehagen bare kunne tilby fire ledige plassar frå hausten 2018, da vi bare har fire førskulebarn i inneverande barnehageår. Ettersom vi har søsken som førsteprioritet i vedtektene våre, vil desse plassane i hovudsak tildeles søsken til barn som allereie går i Marihøna barnehage. Dersom ein vedtek ny bemanning- og

pedagognorm i barnehagane vil det frå 1.8.2018 bli behov for ei auke/omgjering av stilling i Marihøna barnehage.

Frå august 2018 er det satt av kr 950.000,- i netto auka utgifter til oppstart av ein ny avdeling i nye midlertidige lokalar i tilknytning til eksisterande bygg som Marihøna disponerer. Det er planlagt oppstart med 18 nye barn. Totalt reknar vi med at det vert 54 barn i Marihøna frå og med hausten 2018. I framlegget til investeringsbudsjett ligg det inne kr 7,1 mill. i 2018 til denne utvidinga.

Frå 2019-2021 er det lagt inn midlar til å drifte auka barnetal i den kommunale barnehagen med 15 per år, til saman 45, slik at barnetalet i 2021 er 85 barn.

Det er og i investeringsbudsjettet lagt inn investering i ny kommunal barnehage med oppstart hausten 2021. Det er ikkje lagt inn konkrete effektar på drift i økonomiplanen knytt til ny stor kommunal barnehage, men investeringane vil gje kommunen reduserte netto kostnader i åra etter at ny barnehage er i full drift.

Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og andre endringar

For barnehagesektoren totalt kan vi dermed oppsummere framlegg til nye tiltak i økonomiplanperioden slik:

Barnehagesektoren: 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Ny avdeling Marihøna H-2018	950	2 550	2 550	2 550	Oppstart ca 15. aug. 2018 og årseffekt frå 2019. Netto kostnadsauke og inntekter frå auke i foreldrebetaling er brukt i berekninga.
2	Kommunale plassar for å dekke auka behov i 19-21		1 150	2 600	2 600	Auka kostnader med 15 nye born per år i perioden
3	Tilskot til private barnehagar	-2 100	-1 200	-100	400	Tilskotet inkluderer tilskot til auka bemanning som følgje ny norm for ped.bemanning.
Sum endr. i forhold til 2017		-1 150	2 500	5 050	5 550	

Alle endringar er inkludert i rådmannen sitt framlegg.

Endring nr 3 gjeld det ordinære tilskotet til dei private barnehagane, og er den akkumulert endring i tilskotet frå nivå i prognosen for 2017 på kr 74,3 mill.

13. Skulesektoren

13.1. Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden

Basert på tal på elevar i skulen og folkeregisteruttrekk av talet på barn under skulepliktig alder har vi laga fylgjande prognose for tal elevar i dei ulike årsklassane:

Forventa elevutvikling basert på skuleår 17/18	Elevar i klassen pr klassetrinn 17/18:														
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10					
Born fødd pr år:	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Grasdalen skule	18	17	20	28	30	27	22	23	29	12	26	17			
Sagstad skule	74	70	74	64	87	62	57	62	68	67	54	47			
Meland Ung.skule	84	79	86	84	109	81	71	77	89	71	72	56	43	46	40
Vestbygd skule	14	24	22	29	22	26	18	33	24	28	36	31			
Rosslan skule	16	10	13	10	10	11	18	17	17	18	17	15			
Rossl. ungd.skule	22	26	27	31	24	29	28	42	33	38	45	35	33	40	38
TOTAL	106	105	113	115	133	126	115	135	138	125	133	110	76	86	78
Skuleåret 2017/18:	Elevtal 1-7 klasse :			882	Elevtal 8-10 klasse:			240	Elevtal totalt:			1 122			
Sum elevar til private skoler:	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	19			

Ut frå dette oversynet kan vi summere elevtal per skuleår i økonomiplanperioden, sjå tabell nedanfor. Vi får ein vekst framover på meir enn 30 barn per år i den kommunale skulen. Størst vekst er det venta frå skuleåret 2017/18 til 2018/19 med auke på 52 elevar. Rådmann reknar med at det inneber 3 nye klassar i Melandsskulane frå hausen 2018. I tabellen er sum skuleborn i teljinga (inkl. tal på barn i private skular) samanlikna med prognose for folketalsvekst for aldersgruppa 6-15 år. Vi ser at vi har eit mindre avvik mellom forventa auke i barnetal og våre anslag for vekst i elevtal, men ikkje så mykje at det har vesentleg betydning for berekning av talet på klassar og kostnadsutviklinga vidare framover.

Barn fødd i år:	02-11	03-12	04-13	05-14	06-15	Endringar per år:				Sum vekst 17-21
	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	18-19	19-20	20-21	21-22	
Elevtal - sum per skuleår:										
Grasdal skule	156	169	171	179	167	13	2	8	-12	11
Sagstad skule	417	457	467	474	476	40	10	7	2	59
Meland Ung.skule	129	145	171	199	232	16	26	28	33	103
										-
Vestbygd skule	196	187	180	174	174	-9	-7	-6	-	-22
Rosland skule	113	108	101	96	89	-5	-7	-5	-7	-24
Rossl. ungd.skule	111	108	113	118	116	-3	5	5	-2	5
Sum skuleborn Meland k.	1 122	1 174	1 203	1 240	1 254	52	29	37	14	132
Antar vekst i barn i private skular (pr. år):										
Elevar i private skular:	66	76	78	78	78	10	2	-	-	12
Sum skuleborn pr skuleår:	1 188	1 250	1 281	1 318	1 332	62	31	37	14	144
Tal barn 6-15 år i befolkn.-prognose (tal per 01.07)	1 187	1 215	1 239	1 276	1 327	28	24	37	51	140
Avvik tal på skuleborn og befolkningsprogn.:	1	35	42	42	5					4

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren for skulebudsjettet er talet på klassar. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill. per klasse på barnetrinnet og 1,4 mill. per klasse på ungdomstrinnet til drift. I skuleåret 2017/18 er det totalt 64 klassar ved dei 5 skulane. I skuleåret 2021/22 har vi ein prognose som synar at vi treng 71 klassar, ein auke på 7. Gjennomsnittleg elevtal per klasse for kommunen totalt i skuleåret 2017/18 er 17,5, og denne er berekna å halde seg omtrent på dette nivået eller auke litt framover. Grasdal og Vestbygd skular har det lågaste elevtal per klasse, medan Meland ungdomsskule har det høgaste.

Klassar:	Endring frå året før:										Sum Auke
	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	18/19	19/20	20/21	21/22		
Sum pr skule pr år:											
Grasdal skule	12	13	13	13	12	1	-	-	-1	-	
Sagstad skule	20	22	22	23	24	2	-	1	1	4	
Meland US	6	6	7	8	9	-	1	1	1	3	
Vestbygd skule	13	13	13	13	13	-	-	-	-	-	
Rosland skule	13	13	13	13	13	-	-	-	-	-	
Sum pr år	64	67	68	70	71	3	1	2	1	7	

Gj.snittleg elevar per klasse:					
Sum pr skule pr år:	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22
Grasdal skule	13,0	13,0	13,2	13,8	13,9
Sagstad skule	20,9	20,8	21,2	20,6	19,8
Meland US	21,5	24,2	24,4	24,9	25,8
Vestbygd skule	15,1	14,4	13,8	13,4	13,4
Rosland skule	17,2	16,6	16,5	16,5	15,8
Sum pr år	17,5	17,5	17,7	17,7	17,7

Ser vi på utviklinga per skule, får vi følgjande tabell:

Omregning elevtal til klassar pr skule pr skuleår i økonomiplanperioden

Born fødd i år:	11	10	09	08	07	06	05	04	03	02		Språk-
Klassar 17/18 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum	deling
Grasdalen skule	2	2	2	2	1	2	1				12	4
Sagstad skule	3	3	3	3	3	3	2				20	1
Meland US								2	2	2	6	
Vestbygd skule	2	1	2	2	2	2	2				13	3
Rossland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2	13	
Sum pr trinn	8	7	8	8	7	8	6	4	4	4	64	8
Gj.snitt elever pr klasse:	15,8	16,4	16,9	17,3	17,9	16,6	18,3	19,0	21,5	19,5	17,5	

Born fødd i år:	12	11	10	09	08	07	06	05	04	03		Sum	Auke
Klassar 18/19 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum	Auke
Grasdalen skule	2	2	2	2	2	1	2					13	1
Sagstad skule	4	3	3	3	3	3	3					22	2
Meland US								2	2	2		6	-
Vestbygd skule	2	2	1	2	2	2	2					13	-
Rossland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2		13	-
Sum pr trinn	9	8	7	8	8	7	8	4	4	4		67	3
Gj.snitt elever pr klasse:	14,8	15,8	16,4	16,9	17,3	17,9	16,6	27,5	19,0	21,5		17,5	

Born fødd i år:	13	12	11	10	09	08	07	06	05	04		Sum	Auke
Klassar 19/20 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum	Auke
Grasdalen skule	2	2	2	2	2	2	1					13	-
Sagstad skule	3	4	3	3	3	3	3					22	-
Meland US								3	2	2		7	1
Vestbygd skule	2	2	2	1	2	2	2					13	-
Rossland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2		13	-
Sum pr trinn	8	9	8	7	8	8	7	5	4	4		68	1
Gj.snitt elever pr klasse:	14,4	14,8	15,8	16,4	16,9	17,3	17,9	26,6	27,5	19,0		17,7	

Born fødd i år:	14	13	12	11	10	09	08	07	06	05		Sum	Auke
Klassar 20/21 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum	Auke
Grasdalen skule	1	2	2	2	2	2	2					13	-
Sagstad skule	4	3	4	3	3	3	3					23	1
Meland US								3	3	2		8	1
Vestbygd skule	2	2	2	2	1	2	2					13	-
Rossland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2		13	-
Sum pr trinn	8	8	9	8	7	8	8	5	5	4		70	2
Gj.snitt elever pr klasse:	14,1	14,4	14,8	15,8	16,4	16,9	17,3	25,0	26,6	27,5		17,7	

Born fødd i år:	15	14	13	12	11	10	09	08	07	06		Sum	Auke	Sum auke
Klassar 21/22 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum	Auke	Sum auke
Grasdalen skule	1	1	2	2	2	2	2					12	-1	-
Sagstad skule	4	4	3	4	3	3	3					24	1	4
Meland US								3	3	3		9	1	3
Vestbygd skule	2	2	2	2	2	1	2					13	-	-
Rossland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2		13	-	-
Sum pr trinn	8	8	8	9	8	7	8	5	5	5		71	1	7
Gj.snitt elever pr klasse:	13,1	14,1	14,4	14,8	15,8	16,4	16,9	27,6	25,0	26,6		17,7		

I tillegg til elevtalsauke, står skulane ovanfor utfordringar kvart år med auka tal på barn som ynskjer bokmål som målform. Dette får konsekvensar for talet på klassar på kvar skule, og behov for klasserom. I skuleåret 2017/18 reknar vi at vi har 8 ekstra klassar som følgje av språkdeling. Kommunen får ikkje refundert kostnader knytt til dette, eller auke i rammetilskot som følgje av språkdelinga. Dette gjer at kommunen må bruke om lag kr 8 mill. til skuledrift ut over det som vert lagt til grunn for berekning av kommunens inntekter gjennom rammetilskotet. Noko av fylkesmannen sitt skjønstilskot til Meland kommune er grunngeven med at språkdeling ikkje er tilgodesett gjennom inntektssystemet. Gjennomsnittleg elevtal per klasse ville auke til 20,0 dersom ein ikkje hadde språkdeling.

Auken i klassetal vert størst på Sagstad der vi reknar med 4 nye klassar fram til 2021/22. På Grasdalen og Vestbygd balanserer elevtalet i kulla som skal begynne på skulen i åra framover slik at det er usikkert kor mange klassar det er trong for, men vi reknar ikkje med auke der i økonomiplanperioden. Dette vil vere avhengig av om vi får tilflytting i skulekrinsane, noko som vil avhenge av korleis framdrifta i aktuelle vegprosjekt vert. Meland Ungdomsskule er venta å få 3-8 klassar frå skuleåret 2019/20, og så auke med ein nye klasse per år framover. Det er og usikkert kor mange barn som vel å gå på private skular.

13.2. Andre generelle forhold vedr. skulane i Meland kommune

Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland

Det er utarbeid felles ressursfordelingsmodell for skulane. Som følgje av dei økonomiske rammevilkåra er det i budsjettet for 2018 ikkje prioritert midlar til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar.

Skuleskyss

Vedtak om særskilt skyss grunna farleg veg for elevar frå Flatøy til Meland ungdomsskule og Danielsen ungdomsskule (Fv 564) blir oppheva gjeldande frå 01.01.2018. Det vert laga eigen sak til kommunestyret med føremål om oppheving av skyss for elevar frå Flatøy til Sagstad skule for aktuelle aldersgrupper gjeldande frå 1.8.2018.

13.3. Grasdalen skule

Skulen får auke i elevtalet omlag som venta i fjorårets økonomiplan. Det er 156 elevar ved skulen i skuleåret 17/18. Vi reknar med å få 31 nye 1. klassingar hausten 2018. Det er 17 7.klassingar som går ut våren 2017, så elevtalet er venta å auke til 170 elevar i skuleåret 18/19. Det er ein total auke på 14 elevar. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det sannsynleg at vi kan forvente ei deling i målform i den nye 1.klassen, med ei bokmålgruppe og ei nynorskgruppe.

Dette inneber at vi skuleåret 2018/19 får ein ny klasse på skulen, og det vil då vere til saman 13 klassar ved skulen. Det er ikkje rom for å auke skulen si driftsramme med meir enn 200.000,- frå det skulen har i revidert budsjett for 2017. Rektor sitt framlegg til budsjett var 300 000,- høgare. Det inneber at vi kan auke med ein lærarstilling i 100% til ny stor 1.klasse, men ikkje auke i assistentstilling eller sekretærressurs. Vi må også ta ned midlar til vikarutgifter, og slå saman grupper og klassar ved kortvarig fråvær. Vi må omorganisere og flytte timar frå tilpassa opplæring og assistentressurs for å ivareta elevar med store behov. Vi har ein god utvikling ved skulen med å styrke den ordinære opplæringa og gi tilpassa opplæring i klasserommet. Det gjer at vi kan redusere spesialundervisning. Det blir vanskeleg å oppretthalde dette. Vi skal vidareføre tiltak med Tidleg innsats i 1.-4.klassesteg med statleg tilskot. Skulen har behov for auke i sekretærressurs frå 30 til minimum 50% stilling når elevtal og tal på tilsette aukar.

Vi har høg vaksentettleik, men mange lærartimar er bunde opp i delingstimar etter målform. Frå 2019 har vi to klassar på kvart trinn, og treng ikkje planlegge for auke i klassetal vidare framover i økonomiplanperioden. Sjølv om det er stor auke i elevtal, har vi ikkje rom for å auke i kostnader til læremidlar i 2018. Vi har elevar som har behov for undervisning på alternativ læringsarena, og vidarefører finansiering av dette.

Skyssutgifter er venta å bli høgare enn nivået i 2017, grunna auke i elevtal og kommunalt vedtak om farleg skuleveg. Vi har også ekstra utgifter til skyss til symjeopplæring på Frekhaug. SFO ved Grasdalen skule merkar og auken i elevtal med større grupper av 1.klassingar kvart år. Vi kan rekne med at det vert ca. 80 barn påmeldt SFO frå august 2018. Vi budsjetterer difor med å ta inn igjen vakant assistentstilling i 50% frå august 2018.

Vi har no ein flott og ny skule og skuleplass som vi er glad for å ta i bruk.

Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og andre endringar

Grasdal skule 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Auka klassetal Grasdal skule og lærarressurs	1 000	1 600	1 600	1 600	Årseffekt av ein auke med ein klasse hausten 2017, kr 600.000,- per år i perioden. Auke med ein klasse hausten 2018 (kr 400.000,-), ingen 2019 og åra etter, der ein berre får årsverknad av auka i 2018, 100% lærarstilling
2	Auka sekretær-ressurs Grasdal skule	110	250	360	360	Auke 20% i 2018 og til totalt 80% i 2020. Auka behov i samband med auka elevtal, klassetal og tal på tilsette, behov for tilgjengeleg sentralbord og skuleadministrasjon
3	Assistentressurs for elevar med særskilde behov	105	300	480	480	50 % elevassistent. Elevar med særskilde behov som kjem hausten 2018 og ny elev i 2019, 50%
4	Auke i symjeopplæring	100	200	200	200	Oppnå likeverdig tilbod i kommunen frå aug 2018
Sum endr. i forhold til 2017		1 315	2 350	2 640	2 640	
nr.	Inkl. rådmannen sitt framlegg:	2 018	2 019	2 020	2 021	
1	Auka klassetal Grasdal skule og lærarressurs	200	1 000	1 000	1 000	Årseffekt av ein auke med ein klasse hausten 2017, kr 200.000,- per år og kr 1,0 mill. resten av perioden. Behov for lærerressurs til ny klasse hausten 2018 må dekkast med innsparing på andre områder
Sum inkl. i framlegg:		200	1 000	1 000	1 000	

13.4. Meland Ungdomsskule og Vaksenopplæring

Meland ungdomsskule har skuleåret 2017/2018 totalt 130 elevar, men forventar auke i åra framover tilseier eit elevtal på totalt 199 i 2020/2021. Når det likevel er rekna med berre to klassar per trinn fram til 2019, byggjer det på forventning om at foreldre søkjer mot privatskular. Utfordringa er at vi ikkje veit kva elevtalet vert før nokre månader før skulestart, og det er heller ikkje bra at ein kommune må basere planlegginga si på at innbyggjarane skal velje private alternativ.

Talet på elevar med særskilte behov ved skulen er aukande, og gjer at det er behov for både utbygging og auka bemanning frå hausten 2019. For årsskullet som skal starte ved skulen hausten 2019 er det uvanleg mange elevar i denne kategorien, og det blir dermed auka ressursbehov i fleire år framover frå 2019.

Nedskjering i budsjett for 2018 gjer at vi reduserer delingstimar/støttetimar til tilpassa opplæring. Vi vil også måtte kutte i symjeopplæringa. Tidlegare har vi hatt symjing på 8. og 10. trinn, no reduserer vi til symjing kun på 8.trinn. I tillegg må vi redusere budsjettpost for innkjøp av lærebok og undervisningsmateriell. Ettersom vi har handla inn nye lærebok i tre fag over dei siste to åra, er det ikkje kritisk å stoppe/redusere innkjøp. Ved innføring av nye læreplanar om to år, vil vi måtte auke denne budsjettposten igjen. Skulen reknar også med mindre utlegg til skuleskyss fordi vi reknar med at skuleskyss ikkje lenger vil vere gratis for elevar frå Flatøy etter at vegen er utbetra.

Skulen nyttar per i dag lokalitetar for kroppsøvingfaget og valfag på Frekhaug folkehøgskule og i Meland aktiv. Denne ordninga gjer at vi må nytte undervisningstid til å gå til og frå lokalitetane utanfor skulen sitt område. Dette har også FAU tatt opp som ein lite tilfredstillande ordning, og presisert behovet for kroppsøvinglokalitetar. Skulen må leige lokale når vi skal ha store foreldremøter, elevarrangement, kulturelle arrangement m.m. Nedskjeringar i budsjettet vil medføre at vi i mindre grad vil leggje opp til fellessamlingar.

På **vaksenopplæringa** reknar vi med ei svak nedgang i tildeling av timar til elevar. Innsøking av nye elevar er lågare enn dei vi gjer frå oss. Samstundes kan dette fort snu, så lågare budsjettering er utfordrande om vi skulle få nye elevar med rett på vaksenopplæring.

Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og andre endringar:

Meland Ungdomsskule og Vaksenopplæring 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarar
1	Auka klassetal Meland Ungd.skule		590	2 000	2 590	Auke med ein klasse hausten 2019, og ein ekstra til vi har tre parallellar haust 2021, årsverknad av auken startar 2019.
2	Meland Ungd.skule: Ekstra assistent- og lærarressursar til elevar med særskilde behov	170	1 210	2 370	2 200	Assistentressurser aukande med om lag 3 årsverk og 1,8 årsverk lærar for gjennomføring av fleire tiltak.
3	Diverse kutt Meland Ungd.skule	-410	-410	-410	-410	Diverse vakante stillingar og andre mindre justeringar
4	Red. skysskostnad Meland US	-150	-200	-200	-200	Noko for høgt budsjettet i 2017, samt forventa vedtak om at elevar frå Flatøy ikkje lenger skal ha gratis skyss.
Sum endr. i forhold til 2017		-390	1 190	3 760	4 180	

Alle endringar er inkludert i rådmannen sitt framlegg, men slik at auke i assistentressurs er redusert i 2020 og 2021

13.5. Rosslund skule

På grunn av lite utbygging i krinsen er elevtalet på Rosslund skule svakt synkande, og mest på småtrinnet. Frå hausten av vil vi difor starte med fådeling i 1. og 2. klasse. Det vil seie at 1. og 2. klasse vil ha ein del av undervisninga saman. Frå hausten -18 vil vi såleis trenge om lag ein halv lærarstilling mindre og ein 20% mindre stilling i SFO enn i inneverande skuleår. Innsparinga på dette er om lag kr 200 000,-

I høve til opprinneleg budsjettframlegg frå rektor på skulen må skulen spare om lag kr 400 000,-. Konsekvensane av dette er at vi må spare ytterlegare på tidleg innsats og på tilpassa opplæring for dei minste elevane. Midlar til tidleg innsats i skulen er særskilt nemnt i Statsbudsjettet. Innsparing på tilpassa opplæring er allereie tatt i inneverande år på ungdomstrinnet og på mellomtrinnet. Vi ser på dette tiltaket som svært uheldig, då vi er inne i ein prosess der vi skal erstatta så mykje spesialundervisning som råd med tilpassa opplæring. Ei nedskjering på lærartettleik vil gjere at vi ikkje har høve til å demme opp for dei ekstra tilpassingane elevar med skulevanskar i starten av skuleløpet har bruk for.

I tillegg må vi spare på generell assistentbruk. Dette er assistentbruk som ikkje er knytt til faglege vanskar, men vi vil ikkje kunna følgje opp elevar med medisinske vanskar i skuletida. Inkludering og likeverd vil verta svært utfordrande for elevane det gjeld. Resten av kuttet må vi ta frå eit allereie kutta budsjett til læremidlar og fornying av inventar, men mest dramatisk er at vi må setja saman meir kunstige grupper med elevar med særskilte behov som mottar spesialundervisning.

13.6. Sagstad skule

Elevtalet ved Sagstad skule er framleis aukande. I dag er det 417 elevar på skulen. Dette er nokre fleire enn skissert i økonomiplanen. Elevtalet er venta å auke til 457 skuleåret 2018-2019. Talet på nye 1. klassingar hausten 2018 er venta å bli 87. Elevtalet ved skulen vil då auke med 40 elevar. Våren 2018 går det ut to 7. klassar, samtidig som det hausten 2018 kjem inn 4 nye 1. klassar. Det er då totalt 22 klassar ved Sagstad skule. Dette klassetalet er noko usikkert ettersom innflytting og språkdeling kan gjere at vi får 5 1. klassar hausten 2018. Vi vil då ha 23 klassar og skulen er allereie full etter utbygginga.

Tala over er basert på elevar som bur i skulekrinsen i dag, og tek ikkje omsyn til endringar som følgje av at det både flyttar elevar inn og ut av skulekrinsen i løpet av skuleåret. Erfaring har vist at for Sagstad sin del har desse prognosane på elevtalsutvikling dei siste åra vore for låge. For å dekkje auke i talet på klassar er det i 2018 budsjettet med to nye lærarar i 100% stilling frå hausten 2018.

Det er ikkje dekning i budsjettet om det skulle bli 5 klassar på Sagstad til neste år.

Sagstad skule 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Auka klassetal Sagstad skule	800	2 000	2 400	3 400	Auke med to klassar hausten 2018, ingen 2019, der ein berre får årsverknad av auka i 2018, ein klasse 2020 og ein klasse 2021.
2	Auka administrasjonsressurs Sagstad skule		335	800	800	Auka behov i samband med auka elevtal, klassetal og tal på tilsette.
3	Ekstra assistentressurs Sagstad skule	-	200	480	480	Auke i assistentressurs til elevar med særskilde behov
4	Sagstad skule sosiallærer 100% stilling frå 01.08.2018	300	720	720	720	Auka oppfølgingsbehov av einskildelevar og klassemiljø.
Sum endr. i forhold til 2017		1 100	3 255	4 400	5 400	

Alle endringar er inkludert i rådmannen sitt framlegg, men slik at auke i administrasjonsressurs er redusert i 2020 og 2021

Det er budsjettert med ein sosiallærarstilling i 100% stilling frå 01.08.2018. Vi ser allereie no i haust at endringane i Opplæringslova §9a om retten til eit trygt og godt skulemiljø medfører meirarbeid for administrasjonen på skulen. Varsel om elevar som ikkje har eit trygt og godt miljø skal følgjast opp og skriftlege tiltaksplanar skal lagast. Skulen er og pliktig å setje inn tiltak dersom årsaka til at eleven ikkje har eit trygt og godt miljø ligg utanfor skulen. Denne delen kan ein sosiallærer betre følgje opp enn administrasjonen på skulen har moglegheit til i dag.

I høve til rektor sitt opprinnelege budsjettframlegg må skulen spare inn kr 860.000,-. Dette løysast mellom anna ved at skulen lar ei 50% stilling gå ut frå 1. februar 2018. Stillinga er knytt til spesialundervisning og fagtimar og utgjer ca. 10 timar. Konsekvensen av denne innsparinga er at desse timane må då hentast frå tidleg innsats timane, og styrkinga av det ordinære opplæringstilbodet vi har gjort på Sagstad for å redusere talet på elevar som får spesialundervisning. Sagstad skule har for hausten 2017 hatt ei stor reduksjon i talet på elevar som har behov for spesialundervisning. Dette har vi kunne gjort fordi vi har styrka det ordinære opplæringstilbodet. Dersom det ordinære opplæringstilbodet vert svekka, vil fleire av desse elevane igjen ha behov for spesialundervisning.

I det opprinnelege budsjettframlegget var det og eit framlegg om ein 100% stilling som assistent/barne- og ungdomsarbeidar i skule og SFO frå 01.08.2017. Tiltaket er tatt ut i dette budsjettframlegget. Vi veit at det kjem inn fleire elevar med assistentbehov i 1. klasse enn det som går ut i 7. klasse. Konsekvensen at dette blir at elevar som vil ha behov for assistenthjelp i skulekvardagen ikkje får all den hjelpa som er ynskjeleg.

I det opprinnelege budsjettframlegget låg det og inne eit framlegg om ny undervisningsinspektør i 100% stilling frå 01.08.2018. Tiltaket er tatt ut i dette budsjettframlegget. Sagstad skule har i dag 200% administrasjonsressurs og ligg lågt dersom ein ser på skular det er naturleg å samanlikne seg med storleiksmessig. Og med tanke på at Meland kommune er ein to-nivå kommune burde administrasjonsressursen vore større med tanke på å løyse arbeidsoppgåvene på ein god måte. Dette bør prioriterast i økonomiplanperioden (Det er venta at dette vert endra, og løyst i Alver kommune). Det resterande sparasast inn ved å redusere på innkjøp av undervisningsmateriell, matvarer til heimkunnskap og utgifter til ekskursjonar, sjølv om det er ei stor utfordring for skulen at desse kostnadane i utgangspunktet går opp ved eit aukande elevtal.

Skulen forventar omtrent same elevtalet på born i SFO neste år, og kan drive vidare med den bemanninga ein har no. På sikt bør bemanninga noko opp for å kunne gje eit betre tilbod til dei borna i SFO med særskilde behov. Vi er usikker på korleis talet på born i SFO vil utvikle seg vidare i økonomiplanperioden, men vi ser at med auka SFO prisar er det færre born som har heil plass i SFO, noko som gjev mindre inntekt for skulen.

Etter utbygginga ser vi kor mykje av skuleplassen som blir borte. Utearealet ved Sagstad skule var allereie lite før utbygginga. Derfor er det sær viktig at prosessen med utviding at skuleplassen går så fort som mogleg og at det vert sett av pengar til opparbeiding av arealet tidleg i 2018.

Vidare i økonomiplanperioden tilseier prognosane ein vekst i både tal elevar og klassar. Prognosane tilseier 476 elevar skuleåret 2021/2022. Basert på tidlege erfaringar er dette talet for lågt, ettersom det kun baserer seg på talet på born som bur i skulekrinsen i dag, og ikkje tek omsyn til at Sagstad skulekrins er eit vekstområde. Skuleåret 2019/2020 ser det ut som om klassetalet vil halde seg uforandra, mens det skuleåret 2020/2021 og 2021/2022 vil auke med ein klasse kvart år. Basert på desse anslaga vil det skuleåret 2021/2022 være 24 eller 25 klassar på skulen. Klasse- og elevtalsauka vil dra med seg eit auka ressursbehov inn i økonomiplanperioden, både når det gjeld arbeidskraft og undervisningsmaterieill og andre kostnader.

13.7. Vestbygd skule

Vestbygd skule har i skuleåret 2017/18 200 elevar fordelt på 13 klassar. Prognosane seier 22 1. klassingar hausten 2018, medan det går ut 32 elevar våren 2018. Elevtalet ved Vestbygd skule hausten 2018 vil då vere 190, 10 mindre enn i år. Det er ikkje rekna med auke i talet på klassar på Vestbygd skule frå hausten 2018. Prognosane viser at elevtalet på Vestbygd vil halde seg stabilt framover. Det er deling på 6 av 7 klassetrinn, noko som set grenser for i kor stor grad grupper kan slåast saman. Om lag halvparten av dette er skuldast språkdelling direkte, medan resten er ein kombinasjon av språkdelling og meir enn 30 elevar per trinn. Dette betyr at det går ekstra ressursar til skuledrifta.

Vi har og store og omfattande behov innanfor spesialundervisning, og det kan vere vanskeleg å stipulere dette nøyaktig i og med at fleire elevar framleis er til utgreiing/vurdering. Med dei strame rammene som ligg i budsjettet for 2018, kan det vera utfordrande å møta eventuelt nye tilrådingar og ha tilstrekkeleg timar til tilpassa opplæring. Vestbygd har måtta redusere framlegget med kr 300.000,- i høve til rektor sitt opprinnelege budsjettframlegg. Dette fører til mindre timar til tilpassa opplæring noko som lett kan føre til auka behov for spesialundervisning på sikt. Vi har hatt auke frå hausten 2017 i tilrettelegging/ spesialundervisning, og heilårsverknader slår inn på noko av dette for 2018.

Vi har eit stort etterslep på ein del innkjøp av ulike læremiddel. Dette ser vi også i samband med realfagsatsinga i kommunen der me manglar ein god del relevant utstyr. Vi ser også at mange digitale læringsressursar krev lisensar noko som gjer seg utslag på budsjettet. Det blir vanskeleg å auke opp denne posten slik vi hadde tenkt.

Vestbygd skule har tilsett sekretær i 50% stilling. Dette er lite, og kontoret vil store deler av veka vera utan nokon som kan svare på telefonar eller møte publikum. Vi hadde i budsjettforslaget lagt opp til ein auke på 30 %, men finn berre rom for 15% i denne omgang. Vidare auke er foreslått i økonomiplanperioden. Vi vidarefører styrkingstiltaka «Tidleg innsats» for 1.-4.kl. som er direkte finansiert med statlege øyremerka tilskot. Vi har gode erfaringar med desse tiltaka. Vi har skuleåret 2017/2018 auka opp symjeopplæringa. Meirkostnadene til bemanning og skyss er tatt innanfor eiga ramme. Vi reknar med at SFO vil ha like mange born i 2018 som i inneverande år.

Vestbygd skule 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Auka sekretærressurs	80	160	160	160	Auke 15% i 2018 og 15% i 2019 til totalt 80% stilling. Auka behov i samband med auka elevtal, klassetal og tal på tilsette. Behov for tilgjengeleg sentralbord og skuleadministrasjon kvar dag.
2	Auka assistentressurs for elevar med særskilde behov skule/SFO	420	600	600	600	140% elevassistent. Elevar med særskilde behov som kjem hausten 2018, samt nye elevar med særskilde behov.
3	Auke i pedagogressurs	270	650	650	650	100% lærarstilling.
4	Auke på diverse postar	260	260	260	260	
Sum endr. i forhold til 2017		1 030	1 410	1 410	1 410	

Alle framlegg frå tenesteområdet over er inkludert i rådmannen sitt framlegg

14. Helse, NAV og Barnevern

14.1. Helse

Budsjettet for helseavdelinga dekker utgifter til legeteneste, legevakt, ergo-/fysioterapiteneste, avdeling for psykisk helse og rus, helsestasjon og skulehelseteneste. Delar av utgiftene dekker tenester som vert gjevne til andre tenesteområde, t.d. lege og fysioterapi på sjukeheim, skulehelseteneste til alle grunnskular, og ergoterapitenester til brukarar med tverrfaglege tenester. Kommunen har plikt til å tilby skulehelseteneste til alle grunnskular, også den private, sjølv om elevane er busett i andre kommunar. Største enkeltpost i budsjettet er til Nordhordland interkommunale legevakt med døgnseger, om lag kr 5,5 mill. Andre store budsjettpostar er tilskot til private legar og fysioterapeutar i samsvar med sentralt avtaleverk.

Mykje av drifta i helseavdelinga er finansiert gjennom tilskot frå Fylkesmannen eller Helsedirektoratet. Nokre av tilskota er gitt som konkrete summer i rammeoverføring til kommunen. Andre tilskot er finansiert etter søknad. I 2017 er om lag 1,5 årsverk innan helsestasjon og skulehelse og 2,1 årsverk innan kommunalt rusarbeid direkte tilskotsfinansiert. Ein del andre tilskot er aktivitetsbasert, t.d. tenester frå fastlege, fysioterapi, og jordmorteneste gjennom ulike refusjonssystem. Kommunen har også fått tilskotsmidlar til visse andre formål, som t.d. utgifter til spesialisering av fastlegar.

Dei søknadsbaserte tilskotsordningane kan ein ikkje budsjettere nøyaktig, då ordningane må søkast på i januar og februar 2018, med tildeling i april/mai 2018. I kommunen sitt budsjett er det derfor lagt inn forventning om tilskot basert på dei føringar som ligg i tidlegare vedtak, og etter dei tilrådingar kommunen har fått per oktober 2017. Hausten 2017 er kommunen i rekrutteringsprosess knytt til nyoppretta stilling som kommunepsykolog. Verknadstidspunkt og avlønning er p.t. ikkje fastsett. Tilskot frå Staten vil dekke 30-40% av lønnskostnadane med kommunepsykolog. Stillinga er lovpålagt frå 2020.

Generelt legg ein i 2018 opp til å oppretthalde nivået frå 2017 på tenestene, men det kan bli naudsynt med noko tenestereduksjon innan skulehelseteneste og offentleg legearbeid. Andre utgiftsområde er i stor grad låste i dei eksterne finansieringsordningane, med øyremerka tilskot, aktivitetsbasert finansiering, interkommunale avtalar eller sentralt avtaleverk, og det er difor vanskeleg å redusere aktivitet utan samstundes å miste inntekter.

I 2017 var det i økonomiplanen ikkje lagt opp til reell driftsauke i helseavdelinga, med unntak av kommunepsykolog. I budsjettet for 2017 var det heller lagt opp til noko tenestereduksjon. I statsbudsjettet for 2017 var det imidlertid lagt inn ekstra midlar og statlege tilskotsordningar til styrking av helsestasjon, skulehelseteneste, psykisk helse og rus. Desse tenestene vart dermed styrkt ut over det som opprinneleg var vedteke i budsjett og økonomiplan. I dette budsjettet er det ikkje lagt opp til vidare styrking av desse tenestene i 2018. Ein av tilskotsordningane knytt til psykisk helsearbeid vert gradvis trappa ned, frå full statleg finansiering gjennom fleire år, til full kommunal kostnad i løpet av 5-6 år. Året 2018 blir første år med kommunal eigendel, berekna til kr 160.000,-.

Innan fysioterapitenesta er det gjennom 2016 og 2017 gjennomført eit omstillingsarbeid for å auke kapasiteten i tenesta. Ein usikkerhet i budsjettet er lovendring frå 1. januar 2018 om at det ikkje lenger er naudsynt med tilvising frå lege for å få kommunale fysioterapitenester. Tenesta vert meir styrt etter etterspurnad, og mindre etter behovsvurdering. Korleis dette slår ut for kapasiteten i tenesta er uvisst. Frå februar 2017 vart fysioterapiområdet styrkt med ei engasjementstilling over eitt år, finansiert med statlege midlar. Denne nyttast i skulane for å auke tilbodet om fysisk aktivitet til dei elevane som treng det mest, samt til å auke kompetansen hjå dei tilsette. I budsjettet for 2018 er denne stillinga ikkje sikra vidare finansiering, men må sjåast i samanheng med tilskotsordningane som vert etablert. I 2016/17 var det eit vilkår frå

Helsedirektoratet for å få denne typen tilskot, at kommunen har budsjettert all statleg rammeauke til helsestasjon og skulehelse til formålet. Kommunar som ikkje vedtok styrking av helsestasjon og skulehelsetenester i tråd med forventningane i statsbudsjettet, fekk avslag på ekstra tilskot. Om dette kravet vert lagt inn som vilkår i tilskotsordningane for 2018 er uvisst.

Listekapasiteten i fastlegeordninga har lenge vore underdimensjonert, med lite mulighet for skifte av fastlege. Årsaka har langt på veg vore pågang av listepasientar frå andre kommunar. Kommunen har ikkje heimel for å avgrense fastlegetilbodet til eigne innbyggjarar. I 2017 har innbyggjartalet passert fastlegekapasiteten. Per 23.10.17 står 88 personar på Helfo si offisielle venteliste for å få plass hjå fastlege i Meland. Arealutfordringar, samt nye forventningar til fastlegeordninga, som t.d. attestarbeid for skulebarn, har gjort det vanskeleg å auke kapasiteten. Nye fastlegeheimlar har i utgangspunktet ingen kommunal kostnad, så lenge ein klarer å rekruttere. Ny 70% driftsheimel er oppretta i 2017, med drift frå november 2017. Dette vil venteleg dekke det lovpålagde fastlegetilbodet fram til ferdigstilling av plan for legeteneste i Meland og nye Alver kommune.

Det offentlege allmenntedisinske arbeidet er knytt til helsestasjon, skulehelseteneste og tilsyn ved sjukeheim. I Meland vert dette arbeidet utført av fastlegar i kommunale bistillingar.

14.2. NAV / Sosiale tenester

Tenesteområdet si budsjetttramme for 2018 er på kr 12,26 mill. mot 12,3 i 2017, som er ein reell nedgong dersom ein og tek med forventa prisstigning. Dei største budsjettpostane er tilskotet til Varig tilrettelagt arbeid med 5,0 mill. og økonomisk sosialhjelp med 4,5 mill.

Gløde har omarbeidd tilbodet noko og etablert ein alternativ arena for nokre av dei arbeidstakarane som har full kommunal finansiering gjennom ein kommunal VTA-plass (varig tilrettelagt arbeid). Trass omlegging av tilbodet ved Gløde, har verksemda utfordringar med å kunne leggje til rette for tilbodet for alle. Det er trong for fleire plassar med «Varig tilrettelagt arbeid» enn det NAV kan tilby. Det er ikkje tatt høgde for nye brukarar som kjem i løpet av året.

Det er lagt inn ein liten auke i sosialhjelp med 2,8 %. Auken samsvarer med prognosar for 2017. Sosialhjelp knytt til flyktningar ligg på eige budsjett og vert dekkja av flyktingemidlane kommunen mottok. Vi har hatt ein auke i talet på søkjarar til sosialhjelp med vel 10% frå september 2016 til september 2017. I år starta vi «Aktiv Jobb» der vi kan stille krav om at personar som tek i mot sosialhjelp kan arbeide tre dagar kvar veke for å verta klar for ordinært arbeid eller andre arbeidsretta tiltak. «Aktiv jobb» er ikkje budsjettert som eige tiltak. Vi vil søke å oppretthalde tilbodet i 2018. Det er eit mål at brukarar ikkje skal vera passive mottakarar av ytingar. Over tid er det få brukarar som har sosialhjelp som einaste inntektskjelde.

Det er ei auke i tal personar som får gjeldsrådgeving frå kommunen. Vi reknar med vekst med om lag 20% frå 2017 til 2018. Sakene er omfattande og ofte komplekse.

Busetjing av flyktningar

Alle tiltak og tilskot til busetting av flyktningar er ført på eige ansvarsområde. Det er usikkert kor mange flyktningar Meland kommune skal busetje neste år då det kjem langt færre flyktningar til landet enn det kommunane vart oppfordra om å busetje og har fatta vedtak om. Kommunestyret har vedtatt eit måltal for busetting av flyktningar med 25 for 2018. Dette talet vert langt lågare, men vi har per no ikkje fått nye tal frå IMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet).

For 2018 er det som tidlegare budsjettert med at tilskotet til flyktningar balanserer med utgiftene.

Tiltak for flyktningar som ligg på andre tenesteområde er finansiert frå flyktningeområdet via interne overføringer. I budsjettet for 2018 er det lagt inn at ein frå ansvarsområdet for flyktningar finansierer tiltak og dermed utgifter i dei andre tenesteområda i kommunen med kr 5,5 mill. Tilsvarande overføring var i 2015 budsjettet med 1,5 mill. og for 2016 budsjettet med 3,1 mill. Det er auka overføringer til mellom anna skule og barnehage.

Det er ei utfordring å budsjettere utgifter til flyktningeområdet då ein ikkje veit kven som vert busett neste år (alder, helsetilstand, trong for ekstra oppfølging). Dersom det vert trong for fleire tiltak i løpet av året enn det som er forutsett i budsjettarbeidet, har vi midlar frå tidlegare avsetningar til flyktningfond til å styrkje arbeidet innan til dømes skule, barnehage, helse, teknisk m.m. utan at det går utover kommunen si totale budsjetttramme. Aktiviteten med busetjings- og integreringsarbeidet er stor og vi har per oktober 2017 63 personer som deltek i introduksjonsprogram.

NAV 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Arbeid for sosialhjelp / aktivitetskrav		500	500	500	Avsette ressurser til å drive tiltaket aktivt. Vil gje reduksjon i sosialhjelpsutbetalingane og betre tilbodet til mottakarane, slik at dei blir klar for arbeid og/eller arbeidsretta aktivitet.
2	Gjeldsrådgivning		400	400	400	Vi har 20% auke i talet på gjeldsrådgjevingssaker, og det er stor trong for å auke ressursane til oppfølging av desse sakene.
Sum endr. i forhold til 2017		-	900	900	900	

Endringane er inkl. i rådmannen sitt framlegg

14.3. Barnevern

Barnevernstenesta er oppdelt i generell drift og lønnskostnader til medarbeidarane med kr 4,3 mill., kr 0,2 mill. til barnevernstiltak i heimen (i familien) og kr 6,0 mill. til tiltak utanfor familie. Kommunen får også i 2018 statlege tilskot til 2 heile stillingar i barnevernet. Av midlane til tiltak utanfor familie er det budsjettet med kr 1,0 mill. i godtgjersle til fosterheimar, og kr 3,2 mill. til kjøp av tiltaksplassar. Totalt er budsjetttramma for tenesteområdet redusert med kr 2,4 mill. i forhold til revidert budsjettet for 2017.

Budsjettframlegget for tenesteområdet ligg om lag kr 0,3 mill. over den internt tildelte budsjetttramma. Med den aukande saksmengda som tenesta har er budsjettet svært stramt. Den kommunale eigendelen ved plassering har og auka. I framlegget er det ikkje tatt høgde for eventuelle nye barnevernsplasseringar, det er bare med tiltak i kjende sakar. Tenesta er lågt bemanna. Vi får såleis ikkje arbeid godt nok med førebyggjande tiltak. Resultatet kan då verte at vi kjem for seint inn. Det er eit press mot tenesta og forventningane er ofte større enn det vi klarer å innfri.

Det er planlagt at barnevernet i Meland, Radøy og Lindås kommunar vert slått saman hausten 2018. I budsjettet for 2018 er det er ikkje lagt inn ekstra kostnader til samanslåingsprosessen eller auke i kostnader for Meland kommune til drifta av den samanslåtte tenesta.

15. Sjukeheimen og Heimetenesta

15.1. Meland sjukeheim

I budsjettframlegget for Meland Sjukeheim for 2018 er det auke i netto totalramme frå 2017 til 2018 3,8 mil. Bakgrunn er auke med 4 pasientrom frå 01.07.2017 og det er tilsett 6 heile stillingar for å dekkja teneste til pasientane både dag, kveld og helg.

TO	Tenesteområde	Budsj. 2018	Revidert budsj. 2017	Auke 17 - 18	Auke 17 – 18 i %
37	Meland Sjukeheim	45 412	41 565	3 847	9,3 %

Meland Sjukeheim har per oktober 2017 i drift: 12

pasientrom ved demensavdelinga i Lerketunet,
22 pasientrom på langtidsavdelinga, Nordgardstunet og
9 pasientrom ved korttid- og rehabiliteringa, Solkroken.
Det gjev totalt drift av 43 pasientrom og heile sjukeheimen utbygd.

Inntekt frå eigenbetalingar er oppjustera for langtidsopphald til kr 14.500,- per måned i gjennomsnitt.

Nattenesta

Natt-tenesta handterer alle pasientar ved både institusjon og heimeteneste i tidsrom kl. 2145-0715. Samhandlingsreforma og auke i tal utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, med komplisert og samansett sjukdomsbilde, stiller krav til sjukepleiekompetanse også innan natt-tenesta.

Det er krav til medisinsk-teknisk kompetanse og aue i døgnkontinuerleg tenesteyting. Det er framleis trong for auka ramma med kr 0,36 mill. for å sikre forsvarleg tilsyn og tenesteyting på natt. Slik budsjettframlegget ligg føre må denne auke takast over to år. (2018 / 2019)

Korttidsavdelinga

I dag er 9 pasientrom i bruk. To rom er planlagt til bruk ved lindrande behandling med pårønderom tilknytt. Drift av dei to romma ved lindrande eining er ikkje bemanna med palliativ kompetanse. Auka ressurs til dette ligg inne i økonomiplanen som framlegg til tiltak frå tenesteområdet frå 2018, men er ikkje med i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Langtidsavdelinga

Langtidsavdelinga har frå 1. juli 2017 auka drifta med 4 nye ordinære pasientrom. Det er auka stillingsressurs både dag, helg og kveld med totalt 6 årsverk.

Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021–

Framlegg til nye tiltak og andre endringar frå tenesteområdeleiar:

Sjukeheimen 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Dagaktivitet for heimebuande med demenssjukdom	600	900	1 200	1 200	Frå 2020 er det lovkrav at kommunen skal ha eit dagtilbod til heimebuande demente. Dagaktivitetstilbod er relatert til Rundskriv 1-5/2007 Aktiv omsorg. Tilbod til heimebuande personar med demenssjukdom skal m.a. stimulere til eigenmestring tilpassa den einaskilde sitt funksjonsnivå slik at ein kan bu heime så lenge som mogeleg kombinert med naudsynt avlastning for pårørande. Framlegget gjeld i første omgang tilbod 2-3 dagar i veka i oppstartsfase med 5 plassar. Ein kan her vurdere kjøp av tenester frå private. Kommunen har utfordringar med lokalitetar knytt til gjennomføring av tiltaket. Kan og søkje tilskot til diverse utgifter med omlag 30% per plass.
2	Ernæring/ Måltid / Kjøkkendrift, Flytting av middag til ettermiddag	500	500	500	500	Sentrale myndigheter, faglege råd og pårørande anbefalar flytting av middag til seinar på dagen. Ved kjøkkenet må ein auka tal på tilsette då tillaging av varm mat og oppvask/ opprydding vil skje seinare på ettermiddag. Auka ressurs med sosiale kotnader vert: 1,2 stilling (Kr 282.000,- x 1,45 = Kr 408.900,-) kostar Kr 490.400,-
3	2 pasientrom brukt til palliasjon / lindrande behandling	1 200	1 200	1 200	1 200	Ressurskrevjande tenesteyting med heildøgnsdrift av 2 pasientrom v/Solkroken. Sjukepleierressurs døgnbemanna pt stipulert til 2 årsverk. Tiltaket føreset at oppjustering av at Natt-tenesta også vert gjennomført. Kan vurdere kombinasjonsbruk av lokala ved korttidsavdelinga.
4	Administrativ ressurs - turnusplanlegging og vikarinnhenting - 1 årsverk.	550	550	550	550	Spesialiserer kompetanse innan turnus/vikarinnhenting og omgjer av ansvarsområder internt. Samordninga skal bistå både heimeteneste og institusjon. Tiltaket skal frigjera tid for avdelingsleiarane.
5	Natt-tenesta - auka kapasitet med 1,8 årsverk auka frå 2016 til heilårseffekt frå 2018	200	200	200	200	Samhandlingsreform og utskrivingsstakt frå sjukehus set auka krav til sjukepleiarkompetanse innan natt-tenesta. Natt-tenesta handterer både institusjon og heimebuande pasientar. Tiltaket er prioritert frå hausten 2016. Rest av heilårseffekt med kr 354 000,-, delt over to år 2018 / 2019 vil gi totalt 6 nattevakter på alle netter heile veka.
6	Læringsatsing innan helsefag - samla sum for både institusjon og heimeteneste	50	100	150	200	Felles satsing med heimetenesta innan omsorg, auka med 1 lærling per år i tillegg til to lærlingar frå før. Eit lærlingeløp er 2 år. Kostnad grunnløn er ca. 450 000 m/ sosiale utgifter er 30% 1 halvår, 40% 2 halvår, 50% 3 halvår og 80% 4 halvår. I tillegg er det to TAF - elevar og TAF- lærlingar kvart år.
7	Tiltak "Ungsamarjobb" for ungdom 10 klasse, for 3 veker av ferien, 3 vikarar frå 10. klasse.	60	60	60	60	Gjeld tre avdelingar / tre elevar (ikkje dagsenteret dersom det er feriestengt)
8	Palliativ sjukepleiar, nettverksarbeid, undervisning og arbeid med Livets siste dagar	120	120	120	120	Frigjere ressurs 20 % stilling - deltaking i nettverk for lindrande behandling.
9	Ressurssjukepleiar, m/ sosiale utgifter	650	650	650	650	Jmf til strategisk kompetanseplan punkt 3 og 5, samt ny forskrift for kvalitet og leing. Stipulert kostnad med 25% stilling på 4 avdelingar/ grupper vert kr 650 000,- m/ sosiale utgifter.
10	I samband med utbygging av velferdsateknologi, trengjein ressurs-personor og kompetansehevingstilskot	250	250	250	250	Pr i dag har ein ikkje ekstra resursar til dette arbeidet og ein må "tappa" eksisterande drift.
Sum endr. i forhold til 2017		4 180	4 530	4 880	4 930	
nr.	Inkl. rådmannen sitt framlegg:	2 018	2 019	2 020	2 021	
1	4 nye pasientrom langtid - auka frå 18 til 22 pasientrom, heilårsverknad.	3 900	3 900	3 900	3 900	Auka kapasitet med 4 pasientrom på sjukeheimen frå 01.07.17 med årsverknad frå 2018. Stipulert stillingsressurs/årsverk pt ved døgnkontinuerlig bemanning.
2	Natt-tenesta - auka kapasitet frå 2016 til heilårseffekt frå 2018 / 2019	150	350	350	350	Samhandlingsreform og utskrivingsstakt frå sjukehus set auka krav til sjukepleiarkompetanse innan natt-tenesta. Natt-tenesta handterer både institusjon og heimebuande pasientar. Tiltaket er prioritert frå hausten 2016. Rest av heilårseffekt frå 2018, med kr 154 000,- (-)
3	Sommarstenging av dagsenteret og diverse andre endringar	-200	-200	-200	-200	
Sum inkl. i framlegg:		3 850	4 050	4 050	4 050	

Konsekvens av budsjettframlegget for 2018:

- I framlegget til budsjett er det foreslått at dagsenteret har sommarstengt 4 veker i ferien 2018, men elles normal drift resten av året. Dette gjev ei innsparing på kr 90 000, redusert vikarbehov og dermed auka kvalitet på tenesta resten av året.
- Vidare er det noko reduksjon av ferie- / sjuke- vikarbudsjettet. Midlane vert nytta til styrking av natt-tenesta og kjøkkendrifta - område som har utfordringar i dag bla pga. utviding av drifta.

- Strammare ferievikarbudsjetten gjer at ein ikkje får høve til å vidareføra tiltaket «Ung sommarjobb» for ungdommar frå 10. klasse i 3 veker av ferien i 2018 slik ein gjorde sommaren 2017. Ferievikarbudsjetten er redusert med kr 60.000,- fordelt på ulike avdelingar
- Det er ingen auke i budsjettet til kurs- og kompetanseheving. Totalt har sjukeheimen ca. kr 1.500,- pr. tilsett i midlar til dette, og det er utfordrande å få gjennomført naudsynt kompetanseheving og vidareutvikling av tenestetilbodet med så lite midlar til disposisjon.
- Dagaktivitetstilbod heimebuande demente:
Meland kommune har trong for å styrkje dag-aktivitetstilbodet særskilt for personar med begynnande demenssjukdom (tidleg fase). Frå 2020 vert dette eit lovkrav og ein må då ha midlar til drift og lokale. Oppgåva vert å løyse i Alver kommune frå 1.1.2020.
- Tilbod til heimebuande personar med demenssjukdom skal m.a. stimulere til eigenmestring tilpassa den enskilde sitt funksjonsnivå slik at ein kan bu heime så lenge som mogeleg kombinert med naudsynt avlastning for pårørande. Framlegget gjeld i første omgang tilbod 2-3 dagar i veka i ein oppstartsfase med 5 plassar. Kommunen har utfordringar med lokalitetar knytt til gjennomføring av tiltaket. Det er mogeleg å søkje tilskot til diverse utgifter med omlag 30% per plass. Dette tiltaket er lagt inn i nye tiltak Meland Sjukeheim (sjå tabell, tiltak nr 1) og ligg ikkje i framlegget til driftsbudsjettet.
- Ein legg opp til auke i drifta for 2 plassar ved lindrande eining frå 2018. Dette gjer at heimetenesta i 2018 må ivareta de i målgruppa som ikkje får tilgang til institusjonsplassar her.
- Ernæring/ Måltid / Kjøkkendrift/ Flytting av middag til ettermiddag:
Sentrale myndigheter og faglege råd anbefaler flytting av middag til seinare på dagen. Ved kjøkkenet må ein auka tal på tilsette då tillaging av varm mat og oppvask/ opprydding vil skje seinare på ettermiddag.

Sjå elles tabell, nye tiltak førre side.

Investerings tiltak:

1. Takheisar

Ved langtidsavdelinga er det berre 5 av 22 pasientrom som har takheis. Dette fører til at pasientar som bur ved sjukeheimen må bytte rom oftare enn nødvendig. Vi ser at pasientgruppa har aukande pleiebehov og krav innan helse- miljø og tryggleik krev tekniske hjelpemiddel som tek i vare dei tilsette i eit tungt pleieyrke. Prosjektet er inkludert i investeringsframlegget kap. 19.1.4 med kr 0,5 mill. (ekskl. mva)

2. Utviding av stove og terrasse ved landtidsavdelinga

Langtidsavdelinga har utvida drifta med inntak av fire fleire pasientar frå 1.juli 2017. Det er vanskeleg å finna god nok plass til pasientar og pleiarar ved måltid og ved kulturelle samlingar, og det er difor trong for å utvide fellesareala. Tiltaket er kostnadsrekna til kr 1,7 mill. ekskl. mva. Rådmannen har ikkje prioritert dette investerings tiltaket i sitt framlegg.

15.2. Heimetenesta

Det er utfordrande for Heimetenesta å utforme sikre prognosar for drift då ein til ei kvar tid må handtere individuelle omsorgsbehov frå både noverande og nye innbyggjarar, samt nye akutte behov som kjem i løpet av budsjettåret.

Etter innføring av samhandlingsreforma er sjukehusoppfalda kortare og pasientane er dårlegare og meir ressurskrevjande ved utreise enn tidlegare. Sjukeheimen har ikkje kapasitet til å gje plass til alle aktuelle søkjarar som ville hatt god nytte av eit sjukeheimsopphald. Dette har i ein del tilfelle ført til at pasientar har

blitt liggjande lenger enn nødvendig på sjukehus med dei betydelege økonomiske konsekvensar det har for kommunen. Pasientar som bur i eigen heim må få forsvarleg hjelp der. Dette stiller store krav til kunnskap og tilgjengeleg fagpersonale på dei ulike vaktene i heimetenesta.

Vi har difor behov for ein ressursjukepleiarstilling 100% som har oppgåver knytt mot prosedyrar, kvalitetsforbetring. Viser til «Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta». Denne stillinga er ikkje prioritert i budsjettet. Behovet for ekstra personale har vore stort, og har resultert i mykje overtid for det faste personalet. Det er ikkje lagt inn nokon sum på overtid i budsjettet 2018.

I Stortingsmelding 29, «Morgondagens omsorg», vert kommunane oppmoda til å utvikle tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. Meland kommune har frå våren 2015 tatt del i nasjonal satsing/nettverk innan «kvardagsrehabilitering». Arbeidsforma er krevjande ved oppstart og etablering, men gjev dokumenterte gevinstar som t.d. reduserte vedtakstimar, meir sjølvstendige pasientar og betre helse på lang sikt. Etter søknad til Fylkesmannen vart det innvilga prosjektmidlar med kr 500.000,- til formålet i 2017. Grunna manglande fagpersonar har vi kun klart å gjennomføre kvardagsrehabilitering for nokre få pasientar. For å kunne vise til resultat må ein ha personar som kan setje av tid til dette arbeidet. I 2018 vil vi få ein fysioterapeut som kan delta i arbeidet, og ein vonar at det då kan setjast av noko ressursar frå heimetenesta til å arbeide konkret med aktuelle pasientar.

I fylgje statlege føringar skal omsorgsteknologi vere ein integrert del av heimetenesta innan 2020. Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den enkelte brukar i større grad sjølv kan ivareta eigenomsorg og bidra til at vedkomande opplever seg som meir sjølvhjulpel. Dei fleste ønskjer å klare seg sjølv mest mogleg og bu i eigen heim. Dette er viktig med omsyn til oppleving av eigenverdi, sjølvbestemming, livskvalitet og tryggleik. Lindås kommune har gjennomført eit stort forskingsprosjekt i velferdsteknologi perioden 2012-2016 og implementert dette i drift.

Dei tre kommunane som skal gå inn i Alver kommune har difor i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og erfaring med bruk av velferdsteknologi. For å nå felles ståstad, og kunne yte likeverdige tenester til alle innbyggjarane i den nye kommunen må ein setje i verk tiltak og eit målretta samarbeid alt no. Dette arbeidet er tidkrevjande og omfattar både brukarar av tenester og tilsette som yter tenestene. I tillegg legg ein til grunn at ein skal følgje nasjonale føringar frå til dømes Omsorg 2020. I oktober 2017 startar storprosjektet «Saman for Velferdsteknologi i Nordhordland». Det er laga eit opplegg for to gongar felles gjennomføring av «Velferdsteknologiens ABC» innan sommaren 2018 gjeldande for dei tre kommunane i tillegg til dei Nordhordlandskommunane som er i 10 kommune prosjektet. Dessutan vil to sjukepleiarar i kommunen i tilsaman 40% stilling finansiert av prosjektmidlar ha ei rolle som pådrivar i prosjektet. Ein forventar og at dei innehar kunnskap til å kunne ta ansvar for ein del vurderingar og oppgåver i si avdeling.

Heimetenesta nyttar for tida om lag 60 % av samla budsjetttramme til tenesteyting til barn og unge vaksne med særskilte behov/funksjonsnedsetting. Dette er ei målgruppe med spesielle helseutfordringar og krav til forsvarleg helsehjelp både på kort og lengre sikt. Når det gjeld kjende brukarar, er det for tida 8 personar som har trong for sær sresskrevjande tenester med refusjonsrett frå staten. Vi har det siste året hatt fleire vakante fagstillingar knytt mot brukarar med nedsett funksjonsevne. Mangel på fagfolk har medført store utfordringar når det gjeld tenesteyting til denne brukargruppa. På forsommaren 2017 vart det starta eit prosjekt som vil vare ut 2017 og eventuelt inn i 2018 der formålet er vurdering av noverande organisering. Endringar i organiseringa vil medføre noko ekstra kostnadar som ikkje er lagt i budsjettet 2018.

Pårørande til barn og unge med ulike funksjonsnedsettingar har i mange tilfelle ein krevjande omsorgssituasjon der det er viktig med til dømes avlastingstiltak. Når det gjeld avlastning, støttekontakt, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn, er det ikkje sett av tilstrekkeleg midlar i budsjettet for 2018 til

å gi teneste til alle som har fått innvilga vedtak om tenester, og det er heller ikkje tatt høgde for at det kan kome søknadar som fører til trong for auke i tenestetilbodet hjå kjende brukarar eller nye søkjarar i 2018.

Kommunen har dessutan ei utfordring når det gjeld rekruttering av avlastarar og støttekontaktar. Eit tiltak for å løyse mangel på avlastarar er ein avtale som Meland kommune saman med Lindås og Radøy har inngått om å levere brukarstyrt personleg assistanse frå to private tilbydarar, Uloba og Hjemmebest. Ein av foreldra tek då på seg rolla som arbeidsleiar for aktuelle assistentar. Det er eit dyrare alternativ for kommunen, men ein sikrar at foreldra får den hjelpa dei har vedtak om. Desse avtalane må ein fortsetje med i 2018. Det er naudsynt med ei ny stilling innan forvaltning med hovudarbeidsoppgåve sakshandsaming i samband med vedtak. Ressursar til ei slik stilling er ikkje prioritert i budsjettframlegget for 2018.

Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021–

Framlegg til nye tiltak og andre endringar frå tenesteområdeleiar:

Heimetenesta 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Ressurs-sjukepleiar	600	600	600	600	1 ressurs-sjukepleiarstilling 100%. Oppgåver knytt mot prosedyrer, kvalitetsforbetring. Viser til forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesten. Vidare til kompetanseplanen – Meland kommune Strategisk del kap 3. Fagleg kompetanseheving, og kap 5 systematisk kvalitetsarbeid. Dette er oppgåver som vi ikkje klarer å utført på ein tilfredstillande måte i ein travel kvardag.
2	sjukepleiar-eit årsverk	600	600	600	600	100% Sjukepleierressurs, nødvendig for å fylgje opp tidleg utskrivning av pasientar frå sjukehus som treng spesialisert behandling i heimen.
3	Vernepleie ressurs-eit årsverk	600	600	600	600	Ressurskrevande brukarar - spesiell oppfølging, barn og unge.
4	Medleverturuss ressurskrevjande teneste	400	400	400	400	Netto auke i forhold til refusjon for ressurskrevande tenester, knytt til ein brukar.
5	Tiltak avlastning	1 000	1 000	1 000	1 000	Ny brukar -Kjøp av teneste
6	Avlastning barn/ungdom både i avlastningsbustad og i heim	600	800	1 000	1 200	Kjøp av spesialisert avlastningsteneste til barn / unge med vedtak. Ikkje lagt inn auke hjelpebehov jfr folkevekst.
7	Kvardagsrehabilitering - Førebyggjande satsing med integrert modell - 3 årsverk	1 200	1 800	1 800	1 800	Behov vurdert til kapasitetsauke med 2 årsverk sjukepleierressurs og 1 årsverk helsefagarbeidar. I tillegg er det trong for å sikre deltaking via ergoterapi og fysioterapi.
8	Administrativ ressurs - turnusplanlegging og vikarinnhenting - 1 årsverk.	300	550	550	550	Spesialiserer kompetanse innan turnus/vikarinnhenting og omgjering av ansvarsområder internt. Samordninga skal bistå både heimeteneste og institusjon. Er pt vurdert å kreve kompensasjon i tenesteyting v/heimetenesta med samla 1 årsverk helsefagarbeidar.
9	Sakshandsaming og forvaltning innan heimetenesta - 1 årsverk.	350	600	600	600	Trong for auka kapasitet forvaltning av lovkrav og vedtaksvurdering. 100 % sjukepleiarressurs/3 årig høgskule
10	Sekretærressurs	200	200	200	200	40%, evt knytta mot 60% Meland sjukeheim slik at ein tilsaman får 100%
11	Læringsatsing innan helsefag - samla sum for både institusjon og heimeteneste	50	100	150	200	Felles satsing innan omsorg - Auke med ein lærling pr år. Dette er i tillegg til 2 lærlingar og som ein alt har avtale om. Dessutan har ein 2 TAF elevar /2TAF lærlingar kvart år.
Sum endr. i forhold til 2017		5 900	7 250	7 500	7 750	
nr.	Inkl. rådmannen sitt framlegg:	2 018	2 019	2 020	2 021	
	Diverse tiltak prioritert av rådmannen	2 700	2 700	2 700	2 700	Diverse tiltak i lista over prioritert av rådmannen
Sum inkl. i framlegg:		2 700	2 700	2 700	2 700	

16. Kultur

Kulturtenesta er delt opp i 8 ansvarsområde:

500 – Kulturadministrasjon

501 – Kulturminnevern

502 – Idrett og friluftsliv

503 – Born og unge

504 – Kulturuttrykk og –aktivitetar

505 – Frivilligsentralen

506 – Kulturskulen

510 – Biblioteket

Kultur er mellom områda i budsjettet som har fått størst prosentvis auke i ramme med ein vekst på 9,1% frå revidert budsjett for 2017 til budsjettframlegget for 2018. Dette som følgje av satsinga på Ung Meland, ungdomsklubb og fritidstilbod til ungdom, samt driftsressurs til Meieriet frå hausten 2018.

Kulturadministrasjonen driv kulturfagleg rådgjeving og sakshandsaming, prosjektleiing, generelt kulturarbeid, tilskot og leiing av tenesta. Budsjettframlegget inneheld ei mindre auke til nyetablerte stipend, samt prisjustering frå 2017 til 2018 av nivå på tilskot til idrett, song og musikk, kulturminnevern og barn og unge.

Ung Meland, ungdomsklubb og fritidstilbod til ungdom er ei sentral satsing i budsjettframlegget, der ein aukar opp ungdomskoordinatorressursen med 30% og etablerer ei mindre klubbarbeidar/aktivitetsleiarstilling. I tillegg ligg det inne nøkterne driftskostnader for etablering av ein regulær ungdomsklubb. I 2017 og våren 2018 driv Ung Meland på tilskot, for å skaffe seg erfaringar, kontaktar og medverking blant ungdom. Den eksterne delfinansieringa er ikkje å forvente etter 1. halvår 2018. Ungdomsrådet har òg inne ei auke i til deltaking i regionale ungdomspolitiske fora og kompetanseheving.

Meieriet ligg inne med ei mindre nøktern drift til vedlikehald og oppsyn med bygget, samt noko programmering og ei mindre stilling til oppsyn og administrasjon, i samband med ny klubbarbeiderstilling. Meieriet vert lagt fram som del av den kommunale drifta, sidan driftsnivået er for lågt til å tilrå alternative driftsformar. Ein er avhengig av eit reelt driftsopplegg for bygget, med tilsett ansvarsperson, for å kvalifisere for eksterne tilskot til gjennomføring av rehabiliteringa og innkjøp av kulturteknisk utstyr. Bygget ventast å opne hausten 2018.

Frivilligsentralen er ein svært viktig ressurs for den store frivillige aktiviteten i kommunen, både for lag og organisasjonar og for einskildpersonar. I tillegg til å drive rettleiing, støtte og ta prosjekt- og samarbeidsinitiativ mot laga, driv sentralen fram fleire tiltak. Døme frå dei siste åra er flyktingefadderordninga og sommaraktivitetsveker for barn og unge frå vanskelegstilte familiar. Frivilligsentralen er frå 2017 finansiert som del av rammetilskotet under posten saker med særskilt fordeling, for 2018 kr 392.000,-. Dette inneheld midlar med formål om å auke aktivitet og kompetanse. Resten av utgiftene i budsjettframlegget, totalt kr 758.000,- vert då finansiert av kommunen sjølv med kr 366.000,-.

Kulturskulen driv eit breitt tilbod for kring 240 barn og unge, innanfor grunnopplæring, musikk, dans, drama og kunst. Tilbodet har som mål å vere på eit høgt pedagogisk og kunstnarisk nivå, og har eit høgt utdanna kollegium. Skulen har drive fagplansamarbeid med mellom anna Bergen og Askøy kommunar i eit pilotprosjekt, som no er implementert. I tillegg til nemnde kommunar vert det og drive eit breidd fagleg samarbeid med Fjell, Sund, Øygarden, Os og Samnanger, samt nabokommunane i Nordhordland.

Drifta er delfinansiert gjennom brukarbetaling. Satsane for dette i Meland kommune er noko over gjennomsnittet for landet. I framlegget er det budsjettert med auke i eigenbetalingane med 3% for skuleåret 2018/19, frå 1 745 kr til 1 797 kr per semester, grunna større kostnader. Kulturskulen har svært gode søskenmoderasjonsordningar, 25% for første søsken og 50% deretter, samt 10 plassar med redusert eigenbetaling for hushald med låg inntekt.

Eigenbetalingssatsane for skulekorpsa har stått stilt i mange år, mens kostnadane har auka gradvis. Korpsa betalar i dag ein relativt låg prosentdel av kostnadane ved dirigent. Eigenbetalinga er i framlegget prisjustert med 3%.

Biblioteket gjekk i 2016 inn i Strilabiblioteket, saman med Knarvik bibliotek. Dei to hovudbiblioteka har her delt opp ansvar ved å spisse satsinga på skjønn- og faglitteratur, høvesvis på Frekhaug og i Knarvik. I dag delar kommunane bibliotekssjef.

Drifta av biblioteket er sårbar med eit lite kollegium på 2,5 årsverk, derav 0,2 på Rossland filial. Løyvingane til biblioteksdrift, inkludert bok- og AV-innkjøp, ligg under det nasjonale gjennomsnittet. Dersom ein skal oppfylle målparagrafen for biblioteka si oppgåve som debattarena og ålmenn møteplass, er ein òg avhengig av ei styrking av tilgjengelege midlar til arrangement. Budsjettframlegget for 2018 legg opp til ei mindre styrking av biblioteksdrifta, samt innleige av bokbuss ein dag i veka for å styrke tilbodet i skulekrinsane.

Nytt lokale for bibliotek, Frivilligsentral og kulturadministrasjon

Biblioteklokala i 2. etasje i Lindgjerdebygget er mindre eigna til biblioteksdrift. Tenesta er lite synleg, har behov for fleire studieplassar, dedikert barneavdeling og ungdomsavdeling, samt større magasin. Biblioteket må kassere fleire titlar enn naudsynt, og kan ha ein mindre katalog enn ønskjeleg. Biblioteket er hovudbibliotek for skjønnlitteratur for Meland og Lindås kommunar, noko som fordrar god magasinkapasitet. Kommunen og Meland Sogelag sine fotoarkiv på over 4 500 bilde har òg lite eigna forhold, og det er eit svært stort behov for å betre oppbevaringstilhøva for både fotoarkiv og lokalhistoriske samlingar.

Ein kan om ønskjeleg styrke bibliotekets stilling som kultur- og senterutviklande tiltak ved å auke arealet for biblioteket på bakkeplan i Lingjerdebygget. Dette vil innebere auke i leigeutgifter, samt nokre ombyggingskostnader, og gi ei føreseieleg, framtidsretta og tenleg drift av biblioteket. Ein vil her få ei synleg og inviterande teneste, med eigen barneavdeling, ungdomsavdeling, areal for arrangement, møterom og studieplassar. Sistnemnte er òg viktig for innbyggjarar under vidareutdanning og gründerar i oppstartsfase. Ved ei slik løysing vil Frivilligsentralen og kulturadministrasjonen flytte inn saman med biblioteket, som vil gi gode lokale og møteplass for frivilligheita, og samle ei spreidd kulturteneste.

Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og andre endringar

Kultur 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Drift av ungdomsklubb	210	250	250	250	Ung Meland har starta base i mellombelse lokale i Frekhaug senter, i påvente av innflytting på Meieriet. Det trengs midlar til eigendelar, drift, utstyr og aktivitetar. Kulturtenesta kan ikkje drive berekraftig og kredibelt ungdomsarbeid utan denne auka
2	Drift av Meieriet	200	250	250	250	Ein treng midlar til vedlikehald av teknisk utstyr, samt til eigendelar søknadar og kommunal programmering. Meieriet kan ikkje ha berekraftig drift eller kvalifisere for tilskot utan denne auka
3	Ungdomskoordinatressurs 30%	180	180	180	180	Kultur og - ungdomskonsulent har i dag 70% stilling, derav 30% til ungdom. Denne ressursen må verte auka for å vidareføre satsinga på barn og unge, slik at stillinga vert 100%. Kulturtenesta kan ikkje drive berekraftig og kredibelt ungdomsarbeid utan denne auka
4	Klubbarbeidar/ansvarleg Meieriet 60%	150	300	300	300	For å drifte Ung Meland må ein ha fleire tilsette grunna arbeid om kveld, helg og i skuleferiar. I tillegg må det vere ein mindre stillingsressurs knytt til oppsyn og administrasjon av og med Meieriet. Kulturtenesta kan ikkje drive ungdomstilbod utan denne auka, og ein kan ikkje drifte Meieriet utan eit visst kommunalt oppsyn. Halvtårseffekt i 2018.
5	Styrke kulturskuletilbodet		250	650	650	Tilbodet er redusert med ca 100 plassar sidan 2006 som følgje av løpande reduserte rammer. Kostnaden er ca kr 5 000 per elevplass per år. Ved ei gradvis auke vil vi komme tilbake til 2006-nivå, men framleis ikkje ta høgd for folketalsauken.
6	Nytt årsverk biblioteket			650	650	Nøkkeltal seier at det skal vere ein bibliotekar per 1500 innb, dvs 5 årsverk. I dag har vi 2,7 - kring halvparten av dei stillingane vi bør ha. Drifta er svært sårbar og ein kan vanskeleg levere meir til barnehage/skule utan fleire tilsette.
7	Auke i tilskot til lag og organisasjonar			200	200	Det er eit stort behov for auke i midlar til tiltak ved samlingshus, kuturminnevern og sang og musikk.
8	Diverse korreksjonar kultur	140	140	140	140	
Sum endr. i forhold til 2017		880	1 370	2 620	2 620	

nr.	Inkl. rådmannen sitt framlegg:	2 018	2 019	2 020	2 021	
	Diverse tiltak prioritert av rådmannen	880	1 370	1 820	1 820	Diverse tiltak i lista over prioritert av rådmannen
Sum inkl. i framlegg:		880	1 370	1 820	1 820	

17. Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

17.1. Oversikt

Tenesteområdet er oppdelt i følgjande ansvarsområde:

600 – Egedomsforvaltning og utbygging

601 – Plan, geodata og oppmåling, delvis finansiert med gebyrinntekter

602 – Byggesak, sjølvkostbasert og finansiert med gebyrinntekter

603 – Landbruk, natur og miljø

610 – Drift og vedlikehald kommunale bygg

612 – Drift og vedlikehald vegar, kaiar, kyrkjegard og plassar

613 – Reinhold (Innkjøp)

614 – Avlaupsreinsing Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.

615 – Vassforsyning Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.

616 – Slamtømming og feiing, interkommunale tenester der alle driftskostnader ligg i samarbeidet.

Meland kommune står for innkrevjing av avgifter. Netto ramme 0, områda er sjølvkostbaserte.

17.2. Egedomsforvaltning og utbygging. Drift og vedlikehald

Kommunen eig mange bygningar, store tekniske anlegg og mange vegar, til bruk for innbyggjarane. Trygg og stabil vassforsyning, klasserom fri for muggsopp, avlaupsanlegg som ikkje ureiner og vegar som er framkommelege sommar som vinter, er fundamentet for at det i det heile kan bu folk i kommunen. Det gjeld for gamal og ung, for sjuke og friske, for næringsdrivande og privatpersonar. Dette fundamentet er verken brukarstyrt eller behovsprøvd.

Dei siste tiåra har kommunen fått fleire vegar å drifte, fleire bygg å vedlikehalde, fleire vatn- og avlaupsanlegg å drifte, meir kompliserte driftsovervåkingssystem, strengare krav til dokumentasjon og rapportering, høgare krav til brøyting og anna vintervedlikehald, og generelt fleire innbyggjarar med høge forventningar til kvaliteten på kommunale bygg, vegar og anlegg.

Kommunen har ei stor og viktig oppgåve i verdiforvaltning slik at den felles bygnings- og anleggskapitalen vert teken vare på. Vidare har kommunen ei stor og viktig oppgåve i verdiskaping når nye bygg og anlegg må byggjast ut. Måten investeringsoppgåvene blir planlagt og gjennomført på, har stor verknad for kommunen sin økonomi både når det gjeld investeringsbudsjettet og etterfølgjande kostnader til drift og vedlikehald.

17.2.1. Vedlikehaldsplanen for kommunale bygg

Vedlikehaldsplanen for kommunale bygningar vart første gong godkjent av kommunestyret i møte 19.10.2011, og revidert gjennom nytt vedtak 14.10.2015. Kommunestyret skal ha rapport i samband med budsjettbehandlninga kvar haust. Konkrete prioriteringar blir gjort av Utval for drift og utvikling første kvartal kvart år, etter innspelsrunde frå tenesteområda. Utover dei planlagde vedlikehaldstiltaka må det utførast vedlikehald og oppgraderingar som oppstår i akutte situasjonar, og reparasjonar etter hærverk eller skader.

På Rosland skule er det siste ventilasjonsanlegget under førebuing pr. oktober 2017, elles er det gjort mindre forefallande vedlikehald og ferdigstilling av arbeid som starta i 2016, m.a. knytt til svømmehallen. Elles er ein musikkpaviljong (brakkeløysing) under førebuing.

På Meland ungdomsskule er skulekjøkkenet skifta, og det er kome på plass kameraovervaking.

På Sagstad skule er det gjort ein del arbeid i samband med den store utbygginga, m.a. er 5 toalett pussa opp. Elles blir det oppgradering av noko ventilasjon og fyrrom.

På **Grasdals skule** er det også gjort ein del arbeid i samband med den store utbygginga. Elles er styringsanlegget oppgradert.

På **Vestbygd skule** er det ikkje gjort større tiltak, anna enn forefallande vedlikehald.

Ved **Meland sjukeheim** er det skifta nærare 30 vindauge og nokre ytterdører. I tillegg er Lerketunet og stakittgjerdet blitt malt.

I **utleigebustadene** er det gjort utskiftingar, ombyggingar og oppgraderingar der det har vore nødvendig før nye leigetakarar flytter inn, i hovudsak kjøkken og bad. Fleire bustader har blitt malt utvendig som følgje av det statlege tilskotet til ekstraordinært vedlikehald.

Statleg tilskot til ekstraordinært vedlikehald

Statstilskotet i 2017 er nytta til utvendig maling av ulike kommunale bustader, rassikring langs kommunale vegar, skifte av låssystem på skulane og ventilasjonsanlegg Marihøna barnehage. Prosjekta er enten gjennomført eller starta.

17.2.2. Asfaltering kommunale vegar

Det er gjort framlegg om å sette av kr 1,5 mill. i investeringsbudsjettet til oppgradering av kommunale vegar framover. I 2017 var det sett av kr 1 mill. og følgjande vegar er oppgradert og asfaltert:

- Havnevegen
- Del av Nordgardshaugen
- Del av Grønlandsvegen
- Del av Bjørndalsvegen

Vegstandarden blir vurdert etter vintersesongen, og dei vegane som er mest nedslitt blir prioritert for oppgradering komande år. I tillegg blir dei prosjekta som det ikkje var rom for å gjennomføre førre år teke med. I 2018 bør t.d. fortauet langs Havnevegen takast opp og reetablerast med ny kantstein mm.

17.2.3. Trafikksikringstiltak

Kommunen har ansvaret for trafikksikringstiltak på dei kommunale vegane. Prioritering av tiltak følgjer den vedtekte tiltaksplanen for trafikksikring 2012 – 2016, med rullering i 2016. Nullvisjonen er: «Ingen vert drepne eller varig skadd i trafikkulukker. Innbyggjarane i Meland er, og føler seg, trygge i trafikken.»

Det er gjort framlegg om å sette av kr 500 000 i investeringsbudsjettet til trafikksikringstiltak kvart år. I 2017 var det sett av kr 490 000 til fleire mindre trafikksikringstiltak, i hovudsak fartsdumper og utbetring av fortau i Mjåtveitvegen, Grønlandsvegen, Skurtveitvegen og Orrhøyen. Handlingsplanen kvart år blir godkjent av Utval for drift og utvikling etter innspelsrunde, m.a. frå skulane.

17.3. Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø

Meland som lokalsamfunn er avhengig av ein viss vekst både i folketal og næringsliv, for å oppretthalde - og helst vidareutvikle - eit godt tenestenivå. Meland har eit heldig utgangspunkt i så måte, tett på Bergen. Det tyder at kommunen må få dei nyutdanna til å flytte heim att når dei går ut i arbeidslivet, og få familiar til å komme til Meland når dei etablerer seg eller ser seg om etter noko nytt. Det tyder igjen at kommunen må kunne tilby bustadområde som folk finn attraktive, med variert bustadtilbod. Det må vere næringsområde og verksemder som utviklar seg. Det må vere god nok barnehagekapasitet, og god nok skulekapasitet. Ingen ting av dette kjem av seg sjølv.

Gode utbyggingsplanar, god byggesaksbehandling og korrekt matrikkelføring er nødvendige tenester for at folk skal kunna bu i kommunen, og for kommunen sine skatteinntekter. Innbyggjarane kan t.d. ikkje velje berre «litt» byggesaksbehandling. Den private eigedomsretten blir i høgste grad påverka av korleis kommunen handterer desse tenestene, som er særskild detaljert lov- og forskriftsregulert. Oppgåvene krev at kommunen har høg kompetanse og god nok kapasitet.

I tidlegare budsjett er det varsla at kommunen om få år må auke kapasiteten innan arealplanlegging. Det er særleg høg aktivitet i området Mjåtveit – Frekhaug kai – Frekhaug sentrum – Langelandsskogen – Fosse – Moldekleiv – Flatøy – Knarvik. Det er nødvendig å ta imot private utbyggjarar på ein god måte og sørge for effektiv behandling av private reguleringsplanar, med sikte på gode bustad- og næringsområdet for dei som etterpå skal etablere seg og leve liva sine der. Det krevs også ressursar til å møte arbeidet med Nordhordlandspakken, slik at vi får ei planbehandling som sikrar god framdrift hjå Statens vegvesen.

Kommunen har elles eit stort ansvar for å følgje opp ureiningssaker og forsøpling, og føre tilsyn med ulike private bygg og anlegg / avlaup. Sakene er tidkrevjande og det er nødvendig å bruke relativt store ressursar for at eventuelle miljøsyndarar skal bli pålagde å rydde opp etter seg eller for at ulovlege tiltak blir fjerna. Dersom kommunen sjølv må rydde opp til slutt, kan kostnadene bli store. Administrasjonen er noko uroleg for at desse sakene ikkje får nok prioritet og kva for inntrykk som då blir skapt.

17.4. Behandling av private planar og utarbeiding av kommunale planar / utgreiingar

Oversikt over private reguleringsplanar og kommunale planar / utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk blir lagt fram for kommunestyret i budsjettprosessen.

Kommunale planar og utgreiingar

Arbeidet med offentleg områdeplan for Midtmarka har pågått for fullt, i samarbeid med utbyggjar og deira konsulentar. Kommunen sin arealplanleggjar og samfunnsplanleggjar følgjer tett opp denne plansaka. Offentleg områdeplan for Vikebø er i sluttfasen. I det statlege byregionsamarbeidet har det i 2017 blitt utarbeidd ein del rapportar som er venta ferdige i årsskiftet 2017/2018. Arbeidet med studie av Langelandsskogen er ferdig, og områdeplan er i startfasen. Det er starta eit samarbeid mellom Meland og Lindås kommunar og Statens vegvesen om å sjå på løysingar for Haglesund bru, for å betre tilhøva for gåande / syklande og ha betre beredskap ved utrykking. Her vil m.a. dei såkalla «Klimasats»-midlane bli nytta.

Private planar/planar frå andre offentlege instansar

I 2017 er det halde oppstartsmøte for tre reguleringsplanar (mot ti i 2016). Fem reguleringsplanar er godkjent av kommunestyret (ingen i 2016). Tre plansaker har vore ute på offentleg ettersyn. To saker er klar for sluttbehandling (Fossemyra Idrettspark og Bustader Mjåtveitstø). Elles har det vore mange samrådsmøte med Statens vegvesen når det gjeld tiltaka i Nordhordlandspakken, og med private utbyggjarar for planar som blei starta i 2016.

17.5. Budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021– Nye tiltak og andre endringar

Budsjett 2018

Budsjettframlegget inneheld ingen nye driftstiltak. Som følgje av naturleg avgang er nokre stillingar omgjort for å styrke arbeidet med prosjekt, finansiert av investeringstiltaka. Dei store skuleutbyggingane og den siste sjukeheimsutbygginga har ført til auke i faste driftskostnader (straum, forsikringar, driftsavtalar, alarmer,

overvakingssystem mm) og reinhald. For vegane sin del kjem det auka straumutgifter til veglys etter kvart som trafikkisikringstiltak blir gjennomført. På kyrkjegarden er det nødvendig å klargjere nytt gravfelt etter som dagens felt snart er fullt.

Dersom ein legg normale nøkkeltal til grunn, burde driftsbudsjettet vore auka med 1.6 mill. kr berre som følgje av utbygging av Sagstad og Grasdal skular (kr 600 pr. m2). Dette er det ikkje rom for innafør budsjettamma.

Midlar til vedlikehald skal gå fram av både investeringsbudsjettet og vedlikehaldsbudsjettet. I investeringsbudsjettet er det sett av 2,5 mill. for 2018, mot 1,85 mill. i 2017. I framlegg til driftsbudsjett er det sett av 1,7 mill. i 2018, det same som i 2017.

Det er på høg tid å auka kapasiteten innan kommunal planlegging, men dette er det ikkje rom for innafør budsjettamma – verken når det gjeld stillingar eller konsulenthjelp. Gebysatsane innan plan, byggesak og oppmåling blir justert i tråd med erfaringane etter siste lovendingar.

PUK (Plan, Utbygg. Komm.teknikk) 2018 - 2021: Endringar og nye tiltak						
nr.	Framlegg til tiltak/endr.	2018	2019	2020	2021	Kommentarer
1	Auka husleige Meland Aktiv	160	160	160	160	Noko av auken var lagt inn i budsjett 2017, men ikkje alt
2	Utvida kapasitet Meland sjukeheim	150	150	150	150	Etter kvart som bygningsmassen aukar, aukar dei faste kostnadene til driftsstyring, låssystem, forsikringar, straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter osv.
3	Utvida areal Grasdal og Sagstad skular	145	550	550	550	Etter kvart som bygningsmassen aukar, aukar dei faste kostnadene til driftsstyring, låssystem, forsikringar, straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter osv.
4	Drift av kommunale vegar	95	105	155	205	Etter kvart som byggefelta blir ferdigstilte må kommunen ta over dei kommunale vegane for drift og vedlikehald. Nye veglys som følgje av trafikkisikringstiltak. Auka faste kostnader til veglys, brøyting, strøing.
5	Utkøyring hjelpemiddel	110	110	110	110	Stor auke i utkøyring og montering av hjelpemiddel hjå heimebuande. Tilhøyrande stor auke i utgifter til transport/leige bil.
6	Ny kommunal vaktmeister		650	650	650	Stor auke i bygningsareal over fleire år
7	Vedlikehald kommunale bygg		800	800	800	Revisjonen er kritisk til å bruke investeringsbudsjettet for vedlikehald av kommunale bygningar, og vi bør difor auke driftsutgiftene på dette feltet for å ha midlar til å bokføre meir av vedlikehaldet på driftsbudsjettet.
8	Vedlikehald kommunale vegar		600	800	800	Revisjonen er kritisk til å bruke investeringsbudsjettet for asfaltering av kommunale vegar, og vi må difor auke driftsutgiftene på dette feltet for å ha midlar til å bokføre meir av vedlikehaldet på driftsbudsjettet.
9	Konsulentkjøp kommunale planar		500	500	500	Det vil alltid vere trong for spisskompetanse på ulike delutgreingar, og for planleggingstenester når kommunen sin eigen kapasitet ikkje strekk til. Dei næraste åra er det arealplanarbeidet frå Mjåtveit via Frekhaug til Flatøy og Knarvik, revisjon av kommuneplanen sin arealdel og tilrettelegging for næringsutvikling som er mest kritisk når det gjeld kapasitet og spisskompetanse.
10	Nysaksbehandlarstilling på private planar		800	800	800	Etter at kommuneplanen sin arealdel vart godkjent, auker aktiviteten hjå private utbyggjarar. Det er for lite med ein stilling dersom kommunen skal møte utbyggjarane på ein god måte, sikre rask behandling og klargjere kvalitet og rammer i tråd med føringane i kommuneplanen.
11	Ny planleggjarstilling ved PUK		800	800	800	Plan- og bygningslova krev at kommunen har kapasitet til å stå for ein større del av arealplanlegginga, slik at utbyggjarar og andre kan konsentrere seg om detaljplanar for sine delfelt. Gjeld krav til kommunale områdeplanar og utgreingar, m.a. næringsplanlegging, og er ein føresetnad for vekst.
12	Generell auka bygningsmasse å drifte			500	800	Konsekvens av økonomiplan investering. Nøkkeltal 600 kr i driftskostnader pr kvm nytt bygningsareal.
13	Lønstilllegg og diverse korr.	700	700	700	700	
	Sum endr. i forhold til 2017	1 360	5 925	6 675	7 025	
Alle framlegg er prioritert av rådmannen						
nr.	Inkl. rådmannens sitt framlegg:	2 018	2 019	2 020	2 021	
	Diverse tiltak prioritert av rådmannen	1 360	3 465	4 235	4 500	Diverse tiltak i lista over prioritert av rådmannen
	Sum inkl. i framlegg:	1 360	3 465	4 235	4 500	

Økonomiplan 2018 – 2021

Økonomiplanframlegget inneheld vesentleg auka kostnader til drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det skuldast mange års oppsamla nedprioritering av faste driftskostnader, kompensert ved minimumsløysingar, kreativ effektivisering og innsats ved hjelp av statlege tilskotsordningar. Det er etter kvart ikkje ressursar til å betale faste kostnader (t.d. straum).

Framlegget inneheld også vesentleg auka kostnader til arealplanlegging. Det er særleg høg aktivitet i området Mjåtveit – Frekhaug kai – Frekhaug sentrum – Langelandsskogen – Fosse – Moldekleiv – Flatøy – Knarvik. Det er også gjort vedtak om å rullere kommuneplanen sin arealdel, utan at kostnadene er dekkja.

18. Gebyr, avgifter og betalingsattsar

18.1. Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester – nye sattsar frå januar 2018

Viser til kommunestyret sak 005/10 samt sak 101/10 der ein vedtok prinsipp for fastsetting av eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosiale tenester. Her vart det mellom anna fatta vedtak om at Meland kommune årleg skal justera sattsar og utgiftstak jamfør auke i Grunnbeløp (G), samt at ein i hovudsak skal nytte sjølvkostprinsipp for fastsetting av prisnivå.

Sjølvkost tyder at kommunalt prisnivå på eigenbetaling ikkje er høgare enn kommunen sine egne samla utgifter til aktuell tenesteyting. Sjølvkost vert rekna til ein gjennomsnittleg timeløn inklusiv sosiale utgifter for den tenesteytinga som vert utført pluss administrasjonsutgifter. Administrasjonsutgifter kan her utgjere inntil 10% av nemnde kostnadsnivå.

Lovgrunnlag er Lov om helse- og omsorgstenester kap. 11 samt «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstenester». I tillegg føreligg det eiga presisering «presisering gjeldande Rundskriv I-6/2006».

Per 01.05.17 auka grunnbeløp frå kr. 92.576,- til kr. 93.634. Dette er ein auke med 1,14 %. Forrige prisendring vart godkjent av kommunestyret sak 121/2016, og tabell nr. 1 og 2 under syner framlegg til prisendring frå 2017 til 2018.

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg å justere samla prisauke gjeldande for 2018 for lovpålagte tenester samt for tenester som ikkje er lovpålagt. Syner her til tabell 1 og 2 under. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt satts vert desse endra fortløpande jamført gjeldande forskrift. Rådmann tilrår elles å vidareføre prinsipp for fastsetting av eigenbetaling jamfør kommunestyret sak 005/10.

Det er naudsynt å understreka at Meland kommune vil halde fram med å sikre lovkrav med omsyn til brukargrupper med lågt inntektsgrunnlag (inntil 2 G). Vidare vil ein sikre brukargrupper med omfattande trong for tenesteyting ved å nytte fastsett utgiftstak per månad. Med andre ord vil tenestemottakarar med omfattande trong for koordinert tenestetilbod få eit prisvern jamfør utgiftstak.

Rådmann har og fullmakt til å vurdere reduksjon/fritak for eigenbetaling i individuelle saker. Dette for å sikre at tenestemottakar har tilstrekkeleg midlar til å dekke sine personlege behov og eventuelt bere sitt ansvar som forsørgjar.

Tabell nr. 1

Nr.	Teneste med krav til brukarbetaling	Pris 2017	Pris 2018
	Heimehjelp og praktisk bistand. (inntekt inntil 2 G – vert årleg justert via forskrift)	Per time kr. 200,- Maks. per mnd. Kr. 200,-	Per time kr. 205,- Maks per mnd. Kr. 205,-
2.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt over 2 G), samt: Ledsagerteneste Bistand v/handling BPA v/handling Vaktmeisterteneste	2-3 G kr. 322,- 3-4 G kr. 375,- 4-.. G kr. 486,- Maks per mnd.: 2-3 G kr. 941,- 3-4 G kr. 1412,- 4-5 G kr. 1976,- 5-.. G kr. 2539,-	2-3 G kr. 326,- 3-4 G kr. 379,- 4-.. G kr. 492,- Maks per mnd.: 2-3 G kr. 952,- 3-4 G kr. 1428,- 4-5 G kr. 1999,- 5-.. G kr. 2568,-
3.	Kommunal kjøring ved private gjeremål tenestemottakar (vert nytta minimalt og er ikkje eit generelt tilbod)	Statleg sats	Statleg sats
4.	Tryggleiksalarm (I-6/2006)	Per mnd. kr. 449,-	Per mnd. kr. 454,-
5.	Korttidsopphald (justert via forskrift)	Per døgn kr. 155,-	Per døgn kr. 160,-
6.	Dag eller nattopphald	Per dg/n kr. 80,-	Per dg/n kr. 80,-
7.	Maksimalsats langtidsopphald (per mnd)	Ingen maksimalsats	Ingen maksimalsats
8.	Langtidsopphald Meland sjukeheim	Jfr. lov og forskrift	Jfr. lov og forskrift
9.	Opphald v/dagsenter – pris per dag	Kr. 34,-	Kr. 35,-
10.	Transport hente/bringe dagsenter	Kr. 34,-	Kr. 35,-
11.	Transport matlevering (I-6/2006) – pris per dag levering	Kr. 24,-	Kr. 25,-
12.	Teknisk hjelpemiddel – korttid (2 år). Gebyr per oppdrag (h/b lokalt lager)	Kr. 130,-	Kr. 132,-

Tabell nr. 2

Nr.	Mat produkt	Pris 2017	Pris 2018
13.	Frukost	Kr. 37,-	Kr. 38,-
14.	Middag m/dessert	Kr. 78,-	Kr. 80,-
15.	Graut	Kr. 41,-	Kr. 42,-
16.	Kvelds	Kr. 37,-	Kr. 38,-

Vedr. velferdsteknologi

I utgangspunktet vil velferdsteknologi vere gratis for dei som får teknologi som erstatning for anna helsehjelp. Kommunen vil kunne sette krav til brukarbetaling om aktuell teknologi kjem i tillegg til anna helsehjelp.

18.2. Gebyrsatsar kulturskule og skulefritidsordninga for 2018

Det vert lagt opp til at satsane aukar med den forventa lønsveksten for 2018, som er på 3,0%, sjå tabellen nedanfor. Følgjande satsar skal gjelde for 2018:

Kulturskule

Vårsemester	2017	2018	% auke
Instrumentopplæring	1 690	1 740	3,0 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 267	1 310	3,0 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	845	870	3,0 %
Haut-semester	2017	2018	% auke
Instrumentopplæring	1 745	1 800	3,0 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 309	1 350	3,0 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	873	900	3,0 %

Skulefritidsordninga

Born i heil plass	2017	2018	% auke
Heil plass (15-23 timar per veke)	2 560 pr. mnd	2 640 pr. mnd	3,0 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 920 pr. mnd	1 980 pr. mnd	3,0 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	1 280 pr. mnd	1 320 pr. mnd	3,0 %
Born i halv plass	2017	2018	% auke
Halv plass (7-14 timar pr. veke)	1 660 pr. mnd	1 710 pr. mnd	3,0 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 245 pr. mnd	1 280 pr. mnd	3,0 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	830 pr. mnd	850 pr. mnd	3,0 %
Born med korttidsplass	2017	2018	% auke
Korttidsplass (0-6 timar pr. veke)	835 pr. mnd	860 pr. mnd	3,0 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	625 pr. mnd	645 pr. mnd	3,0 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	410 pr. mnd	420 pr. mnd	3,0 %

18.3. Kopisatsar 2018

Følgjande satsar skal gjelde for 2018:

Sal av kopiar til private/ firma:

Enkle kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 4,- pr. stk.	Enkle kopiar A-4 farge	Kr. 6,- pr. stk.
To-sidig kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 6,- pr. stk.	To-sidig kopiar A-4 farge	Kr. 8,- pr. stk.
Enkle kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 6,- pr. stk.	Enkle kopiar A-3 farge	Kr. 8,- pr. stk.
To-sidig kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 8,- pr. stk.	To-sidig kopiar A-3 farge	Kr. 12,- pr. stk.

Til lag og organisasjonar:

Enkle kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 2,- pr. stk.	Enkle kopiar A-4 farge	Kr. 3,- pr. stk.
To-sidig kopiar A-4 svart/kvit	Kr. 3,- pr. stk.	To-sidig kopiar A-4 farge	Kr. 4,- pr. stk.
Enkle kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 3,- pr. stk.	Enkle kopiar A-3 farge	Kr. 4,- pr. stk.
To-sidig kopiar A-3 svart/kvit	Kr. 4,- pr. stk.	To-sidig kopiar A-3 farge	Kr. 6,- pr. stk.

Utskrift printar/ storformatplottar- frå kartsystem eller skanna dokument (kart/ teikning):

Format	Svart/ kvit	Farge
A-4	Kr. 30,- pr. stk.	Kr. 60,- pr. stk.
A-3	Kr. 60,- pr. stk.	Kr. 120,- pr. stk.
A-2	Kr. 90,- pr. stk.	Kr. 180,- pr. stk.
A-1	Kr. 120,- pr. stk.	Kr. 240,- pr. stk.
A-0	Kr. 150,- pr. stk.	Kr. 300,- pr. stk.

Berre skanning og sending av dokument med e-post: Minstepris 200,-

Andre betalingssatsar vert lagt fram som egne saker.

19. Investeringsbudsjett og kapitalrekneskapen for 2018 - 2021

Oppsummering investeringsframlegg 2018 - 2021

Alle tal i heile 1000 kr							
Sektor	Ekskl. MVA						Inkl. MVA
	2018	2019	2020	2021	Seinare	Sum 18-21	2018
IKT	2 500	1 500	1 300	1 300	-	6 600	3 125
Skular	1 800	15 600	147 200	102 000	-	266 600	2 250
Barnehage	6 700	1 000	40 000	48 000	-	95 700	8 375
Helse, sosial og omsorg	18 400	10 700	20 000	20 000	-	69 100	20 500
Kyrkje, Kultur, Næring	10 600	21 500	36 500	35 000	-	103 600	13 200
Teknisk sektor	17 550	8 000	14 500	19 500	-	59 550	21 188
Sum ordinære driftmidlar:	57 550	58 300	259 500	225 800	-	601 150	68 638
Sum andre kapitalutgifter:	9 650	10 650	11 700	12 700	-	44 700	9 650
Vatn	53 890	69 600	16 200	13 300	10 100	152 990	53 890
Avlaup	16 000	20 800	3 000	3 000	-	42 800	16 000
Sum VA-investeringar:	69 890	90 400	19 200	16 300	10 100	195 790	69 890
Sum investeringar:	137 090	159 350	290 400	254 800	10 100	841 640	148 178
Finansiering og kapitalinntekter							
Lån Husbanken for vidareutlån	7 000	8 000	9 000	10 000	-	34 000	7 000
Mottekne avdrag startlån	1 600	1 600	1 600	1 600	-	6 400	1 600
Mva-refusjon	-	-	-	-	-	-	11 088
Bruk av disp.fond	3 000	-	-	-	-	3 000	3 000
Bruk av kapitalfond	2 600	2 000	2 000	2 000	-	8 600	2 600
Lån	122 890	147 750	277 800	241 200	10 100	789 640	122 890
Sum finansiering:	137 090	159 350	290 400	254 800	10 100	841 640	148 178

Rådmannen gjer framlegg om betydelege investeringar både for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021. Investeringane vil auke driftsutgiftene til renter og avdrag betydeleg, og gjere kommunen sin handlefridom med omsyn til drifta vanskelegare. Som følgje av vekst og demografiutviklinga i kommunen er det likevel naudsynt å gjere store investeringar for å legge til rette for eit framtidig godt tenestetilbod for kommunen sine innbyggjarar. Det er og viktig å leggje til rette for at det skal vere attraktivt å bu og leve i Meland/Alver kommune framover. Det er og viktig å vidareutvikle Frekhaug som senter i kommunen og som lokalsenter i den nye Alver kommune.

Oversynet viser framlegg til investeringar på kr 842 mill. i økonomiplanperioden ekskl. mva. For 2018 aleine er det framlegg om kr 137 mill. ekskl. mva. Kommunen skal i årsbudsjettet for 2018 budsjettere med investeringar inkl. mva.refusjon. Refusjonen er berekna til kr 11,1 mill., slik at budsjettert investeringsbeløp for 2018 vert kr 148,2 mill. Investeringane i 2018 fordeler seg slik (inkl. mva):

Driftsmiddel ordinær kommunal drift:	kr 68,6 mill.
Andre kapitalutgifter (Startlån mm.)	kr 9,7 mill.
VA-investeringar:	kr 69,9 mill.

Investeringane i budsjettet er finansiert med kr 8,6 mill. i nye startlån og motteke avdrag på startlån, kr 19,3 mill. i mva-refusjon, kr 3,0 mill. med bruk av disposisjonsfond, kr 2,0 mill. med bruk av kapitalfond og kr 122,1 mill. i nye lån.

19.1. Ordinære investeringar og andre kapitalutgifter

Tabellen nedanfor viser detaljert framlegg til investeringar i ordinære driftsmidlar og til andre kapitalutgifter, med totalt kr 646 mill. i økonomiplanperioden 2018-2021 ekskl. mva. og kr 78,3 mill. i 2018 inkl. mva-refusjon. Sjå kollonna heilt til høgre viser budsjett-tal for 2018 inkl. mva, som er det kommunestyret skal gjere vedtak på i budsjettet for 2018. I første del av tabellen er investeringane sett opp ekskl. mva i heile økonomiplanperioden.

Alle tal i heile 1000 kr		Ekskl. MVA				1		Inkl. MVA
nr	Prosjekt	2018	2019	2020	2021	Sum 18-21	2018	
	IKT	2 500	1 500	1 300	1 300	6 600	3 125	
100	IKT diverse direkte invest kommunen	600	600	600	600	2 400	750	
101	IKT-prosjekt via IKT NH	1 200	400	400	400	2 400	1 500	
109	Digitalisering av eigedomsarkivet					-	-	
256	Datautstyr skulane	500	500	300	300	1 600	625	
	Datautstyr - Realfagsstrategi	200				200	250	
	Skular	1 800	15 600	147 200	102 000	266 600	2 250	
254	Tilbygg Sagstad skule					-	-	
257	Uteområde skular	200	200	200		600	250	
261	Uteareal Sagstad skule					-	-	
262	Utgreiing/planlegging ungdomsskule	1 000	4 000	145 000	100 000	250 000	1 250	
	Skifte tak Vestbygd skule	600				600	750	
	Auka kapasitet Meland ungdomsskule		11 400			11 400	-	
	Ny barneskule Frekhaug			1 000	1 000	2 000	-	
	Ny barneskule Flatøy			1 000	1 000	2 000	-	
	Barnehage	6 700	1 000	40 000	48 000	95 700	8 375	
270	Ny kommunal barnehage	1 000	1 000	40 000	48 000	90 000	1 250	
	Utviding Marilhøna barnehage	5 700				5 700	7 125	
	Helse, sosial og omsorg	18 400	10 700	20 000	20 000	69 100	20 500	
350	Utleigebustader for vanskelegstilte	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000	10 000	
351	Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	300	700	10 000	10 000	21 000	375	
	Utgreiing nye omsorgsbustader Frekhaug	500				500	625	
	Spesialtilpassa utleigebustader/småhus	6 000				6 000	7 500	
354	Balkong omsorgsbustader Meland rådhus	700				700	875	
376	Omsorgsteknologi / kvardagsrehabilitering	400				400	500	
	Takheisar Meland sjukheim	500				500	625	
	Kyrkje, kultur og næring	10 600	21 500	36 500	35 000	103 600	13 200	
570	Utviding av kyrkjegard	500	18 500			19 000	625	
578	Kjøp av sentrumsareal					-	-	
579	Nytt varmeanlegg og kabelnett	2 500				2 500	3 125	
581	Kyrkje/kulturhus	500	500	34 000	35 000	70 000	625	
556	Restaurering av meieribygget	5 100				5 100	6 375	
	Turstiar/lyssette turløypar	500	2 000	2 500		5 000	625	
	Aktivitetssområde Frekhaug torg	800				800	1 000	
	Parkering/rasteplassar	500	500			1 000	625	
	Areal ro- og jollesegling	200				200	200	
	Teknisk sektor	17 550	8 000	14 500	19 500	59 550	21 188	
760	Kommunale vegar	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	1 875	
761	Trafikksikring	500	500	500	500	2 000	625	
762	Kommunale bygg	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000	3 125	
787	Forskottering underg./trafikksikr. Holme	3 000				3 000	3 000	
789	Ny driftsstasjon	8 000				8 000	10 000	
791	Utbeholdning opprensning, gangsti og Veilys Mjåtveittjørna					-	-	
	Tilhenger traktor	200				200	250	
	Nye ventilasjonsaggregat rådhuset	950				950	1 188	
	Fortau Mjåtveitvegen	200	2 800			3 000	250	
	Oppgradering Frekhaug sentrum	700	700	10 000	15 000	26 400	875	
	Sum ordinære driftsmidlar:	57 550	58 300	259 500	225 800	601 150	68 638	
	Andre kapitalutgifter							
910	Startlån - vidareutlån	7 000	8 000	9 000	10 000	34 000	7 000	
910	Avdrag på startlån - Husbanken	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	1 600	
929	Eigenkapitalinskot KLP	1 050	1 050	1 100	1 100	4 300	1 050	
	Sum andre kapitalutgifter:	9 650	10 650	11 700	12 700	44 700	9 650	
	Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter	67 200	68 950	271 200	238 500	645 850	78 288	
	Finansiering og kapitalinntekter ordinære investeringar							
	Lån Husbanken for vidareutlån	7 000	8 000	9 000	10 000	34 000	7 000	
	Mottekne avdrag startlån	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	1 600	
	Mva-refusjon					-	11 088	
	Bruk av disp.fond	3 000				3 000	3 000	
	Bruk av kapitalfond	2 600	2 000	2 000	2 000	8 600	2 600	
	Lån	53 000	57 350	258 600	224 900	593 850	53 000	
	Sum finansiering ordinære driftsmidlar:	67 200	68 950	271 200	238 500	645 850	78 288	

19.1.1. IKT-prosjekter

100- IKTNH-prosjekter

Meland kommune sin del av fellesinvesteringar i IKT Nordhordland. Anslag på løpande investeringar, ikkje definert kva prosjekt som skal gjennomførast i økonomiplanperioden.

101- IKT Meland

Løpande investeringar i IKT utstyr i kommunen. Fast årleg sum til diverse tiltak har normalt vore om lag kr 0,4 mill. Grunna større oppgradering av driftsløysingane og maskinvare hjå IKTNH vert investeringsbeløpet i 2018 auka til kr 1,2 mill.

109 - Digitalisering av eigedomsarkivet

Krav om fullelektronisk saksbehandling betyr at det gamle eigedomsarkivet, som berre eksisterte i papirutgåve fram til slutten av 1990-talet, må digitaliserast. Arbeidet er omfattande og må utførast av innleigd kompetanse. Digitaliseringa må koordinerast opp mot dagens elektroniske arkivløysing. Resultatet av arbeidet er at alle gamle og nye tiltak knytt til gards- og bruksnr. kan hentast opp elektronisk, og på sikt vere tilgjengeleg for den enkelte grunneigar i ei «mi side»- løysing. Prosjektet er starta opp i 2017 og vil gå inn i 2018.

256 - Datautstyr skulane

Investering i digitalt undervisningsmateriell på skulane.

NY – Datautstyr Realfagsstrategi

Realfagsstrategi for skular og barnehagar er vedteken i kommunestyret 10.05.2017. Hovudmål er:

- 1) Gi barn og unge meir variert og motiverande læring i realfag
- 2) Auke barn og unge sin digitale kompetanse i realfag og
- 3) Auke barn og unge sin språklege kompetanse i arbeid med realfag.

Innkjøp av utstyr til bruk i realfag er ein av fleire tiltak som ligge inne i strategien.

19.1.2. Skular

254 - Tilbygg Sagstad skule

Utbygging av skulen med ca. 1700 m². Utbygginga inkluderar mellom anna fleire nye klasse- og grupperom, nytt musikkrom, allrom og areal for personale. Tilbygget skal stå klart til utgangen av 2017, men noko kostnader vil påløpe i 2018.

257 - Uteområde skuler

Investeringar i uteområde for elevar og parkeringsplassar på skulane. Kva tiltak som skal gjennomførast det einskilde år vert spesifisert det årlege budsjettet.

261- Uteareal Sagstad skule

Kjøp og prosjektering av meir uteareal på Sagstad skule. Vurdering av riving av symjehall. Utføring av prosjektet ligg ikkje inne i kalkyla. Kommunen er i forhandling med grunneigarar om kjøp av areal til meir uteareal. Når dette er avklart vil utforming av utearealet bli prosjektert. Før ein eventuell riving av symjehallen må det bli utarbeidd ein miljøkartleggingsrapport som spesifiserer omfanget av rivinga. Det er planlagt ein eigen sak i 2018 om opparbeiding av utearealet, riving av symjehallen og kostnadskalkyle på utføring av arbeidet. Dette er ikkje kalkulert no grunna for stor usikkerheit i omfanget på prosjektet. Som eit utgangspunkt vil ein anta at berre rivinga av symjehallen vil ha ein kostnad på mellom 1 og 2 mill. kr.

262- Utgreiing/planlegging ungdomsskule

Arbeid med reguleringsplan for aktuell plassering av ny ungdomsskule på Frekhaug/Langelandskogen er starta opp hausten 2017. I økonomiplanen er det satt av midlar til planlegging og prosjektering i 2018 og 2019. Midlane må mellom anna må dekke skisseprosjekt, forprosjekt, administrative kostnader,

grunnundersøkingar og detaljprosjektering. Rekkefølgekrev for tilkomst (opprusting av Frekhaugkrysset) er eit viktig premiss for når skulen kan stå ferdig. Administrasjonen trur det kan bli utfordrande å få byggestart før 2020. Byggetid vil vere avhengig av storleik på bygget, men eit utgangspunkt er 1 - 2 år. Dvs. at skulen tidlegast kan takast i bruk i 2021.

I vedteken økonomiplan for 2017-2020 er det sett av 250 mill. til dette prosjektet. Administrasjonen vil foreløpig vidareføre denne kalkyla. I samband med utarbeiding av skisseprosjekt for bygget vil det i løpet av 2018 bli utarbeidd ei ny kalkyle som kan leggst inn i neste års økonomiplan.

NY - Skifte tak Vestbygd skule

Det er behov for å skifte taket på Vestbygd skule. I utgangspunktet var det antatt at taket hadde noko lengre levetid, men fleire lekkasjar hausten 2017 tyder på at tiltaket no hastar.

NY - Auka kapasitet Meland ungdomsskule

Prognosen for elevtalsutvikling og forventta klassetal i økonomiplanperioden i kap. 13.1 viser at skulen vil gå frå 2 til 3 til klassar per trinn frå skuleåret 2019/20, slik at det frå hausten 2019 er det venta behov for ein ny klasse kvart år dei neste 3 åra. I tillegg til behov for nye klassar får skulen framover fleire elevar med spesielle behov, og det vert behov for fleire eigne tilpassa undervisningsrom. For å løyse behovet frå hausten 2018 er det nok med ein mindre ombygging av eit eksisterande grupperom.

Ettersom økonomiplanen også inkluderer bygging av ny ungdomsskule er det ikkje grunnlag for utviding av skulen, men rådmann gjer i staden framlegg om å bygge på skulen med midlertidige modular. Dersom heile arealbehovet til skulen skal dekkast av modular, vil det måtte byggast eit modulbygg på ca. 400 m² med 3 klasserom og 6 grupperom. Behovet er estimert slik:

2019 – 1 klasserom, 4 grupperom

2020 – 1 klasserom, 1 grupperom

2021 – 1 klasserom, 1 grupperom

Totalkostnad for dette er førebels rekna til kr 11,4 mill., med om lag 20 % usikkerheit. Heile summen er lagt inn i økonomiplanen i 2019, men kan fordelast på fleire år etter kvart som det er behov for auka romkapasitet, men då med noko auka usikkerhet knytt til kostnadane.

For å få til ei fortsatt god drift ved skulen er det viktig at arealbehovet ikkje løysast ved ombygging av spesialrom. Det er og lagt opp til kjøp av modular over investeringsbudsjettet, då ein reknar med at det ikkje vil vere midlar nok på driftsbudsjettet til å betale leigekostnadar. Dette kan ein eventuelt analysere nærare i neste års budsjettframlegg.

NY – Ny barneskule Frekhaug

Kommunen har starta opp arbeidet med kommuneplanen sin arealdel på deltema. Eit av tema er vurdering av plassering av ny barneskule i området Dalstø-Frekhaug. Prognosen over forventta utvikling i elevtal og klassetal viser at all ledig kapasitet på Sagstad skule vil vere oppbrukt i 2021, sjølv med det nye tilbygget som vil stå klart ved årsskiftet 2017/2018. Dersom skulegrensar vert endra grunna kommunesamanslåing kan det bli noko seinare, men som eit utgangspunkt bør kommunen starte planlegging og prosjektering av ein ny barneskule på Frekhaug i slutten av økonomiplanperioden.

NY – Ny barneskule Flatøy

Planlagt utbygging av Midtmarka på Flatøy vil gi behov for ein barneskule på Flatøy. Areal til skulebygg vil bli satt av i områdeplanen. Det er satt av midlar i slutten av økonomiplanperioden til planlegging og prosjektering av skulen.

19.1.3. Barnehage

270 - Ny kommunal barnehage

Det er behov for fleire barnehageplasser, og det er politisk vedteke at ny barnehage i kommunen skal vere kommunal, jf. Barnehageplan 2015-2020 – Kapasitetsdel, KS-vedtak 51/2015. Vedtaket seier at: «Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassing vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.» Ein ny kommunal barnehage er foreslått plassert i Langelandsskogen, og planarbeid for området er starta opp hausten 2017. Rekkefølgekrav for tilkomst (opprusting av Frekhaugkrysset) er eit viktig premiss for når barnehagen kan stå ferdig. I likskap med ny ungdomsskule er det lagt inn ein framdriftsplan med prosjektering i 2018-2019 og bygging i 2020-2021. Den planlagde barnehagen har plass til om lag 150 barn.

NY – Utviding Marihøna Barnehage

Fram til ny barnehage står klar er det eit stort behov for fleire barnehageplasser sentralt på Frekhaug. Det vert foreslått å sette opp eit midlertidig modulbygg på 200 m². i tilknytning til eksisterande barnehage. Dette vil gje mulighet for ca. 28 nye barnehageplasser for store barn. Modulen er tenkt plassert på parkeringsplassen mellom Marihøna barnehage og den kommunale driftsstasjonen. Kalkyle: 5,7 mill. 20 % usikkerheit.

19.1.4. Helse, sosial og omsorg

350- Utleigebustader for vanskelegstilte

Bustadmelding 2017-2020 legg opp til at det vert kjøpt 5 nye bustader i året. Det er eit eige investeringstilskot via Husbanken på inntil 40 % til det enkelte prosjekt. Grunna stor søknad vert investeringstilskotet normalt lågare; rundt 25 %. Kommunen har relativt få utleigebustader i forhold til normalt for ein kommune som Meland. Husleigeinntekter vil i stor grad finansiere investeringa.

351– Omsorgsbustader særskilt tilrettelagt for heildøgntenester

Bustadmelding 2017-2020 legg opp til at det vert bygd 12 omsorgsbustader i 1-2 grupper med tilknytta tenestetilbod sentralt i Meland. Målgruppa er personar som treng tenester på ulike tider av døgnet. Omfang av tenester vil kunne variere gjennom døgnet og over tid. Dette kan inkludere personar med langvarig somatisk sjukdom, ulik type funksjonsnedsetting, rusvanskar og/eller psykiske lidingar. Det er eige investeringstilskot via Husbanken som dekkjer inntil 45 % av kostnadene til oppføring, men kor mykje tilskot ein i praksis vil få er usikkert. Det er viktig å ivareta medverknad i planprosessen jf. KS-vedtak 68/17.

Beste plassering av desse bustadane er så langt vurdert å vere i Langelandsskogen, og då må framdrifta skyvast på i forhold til tidlegare planer. Dette fordi det tek tid å gjennomføre planarbeid og regulering for dette området. Det er i framlegget sett av kr 1,0 mill. til planlegging og prosjektering i 2018 og 2019, og kr 20 mill. i 2020 og 2021. Dette er foreløpig ei initiell grovkalkyle. Det må lagast ny kalkyle etter kvart som ein får gjennomført skisseprosjekt/forprosjekt.

NY - Utgreiing nye omsorgsbustader Nordgardshaugen

Meland kommune eig 16 bustader på Nordgardshaugen 29A-P. Av desse er 11 sosialbustader og 5 er omsorgsbustader. Bustadene er ca. 20 år gamle og vil få store kostnader til vedlikehald i nær framtid. Tomta har også låg utnytting i forhold til si sentrale plassering på Frekhaug. Det er ønskjeleg å kartlegge moglegheitene for å betre utnytte potensiale i tomta til etablering av nye omsorgsbustader.

Nye omsorgsbustader vil kunne gje eit betre og meir tilpassa tilbod til brukarane. Det er tenkt ein kombinasjon av ordinære omsorgsbustader og bustader særskilt tilrettelagt for heildøgntenester. Samtidig vil det vere spesielt viktig å ivareta brukarane som bur der i dag, og dette må følgjast opp gjennom kjøp og utbygging i prosjekt 350 og 351, for å sikre at kommunen har god nok kapasitet i ein overgangsfase. Det er satt av midlar til eit forprosjekt i 2018. Utbyggingskostnader må leggjast inn i neste rullering av økonomiplaninvestering når forprosjektet er gjennomført.

NY - Spesialtilpassa utleigebustader/småhus

Bustadmelding 2017-2020 anbefaler å bygge 3-5 spesialtilpassa bustader i form av småhus for brukarar med spesielle behov (både omsorg og vanskelegstilte). Framdrift på desse er avhengig av når kommunen får hand om eigna tomter, men som utgangspunkt er det satt av midlar allereie i 2018.

354 - Balkong omsorgsbustader Meland rådhus

Leigetakarar i 3. etasje på rådhuset har ikkje eige uteopphaldsareal. Behovet kan dekkast ved bygging av ein balkong. Prosjektet skulle i utgangspunktet blitt gjennomført i 2017, men kommunen har ikkje fått tilbod i anbodskonkurransen som har vore gjennomført. Det er planlagt ein ny anbodskonkurranse, og gjennomføring av prosjektet er flytta til 2018.

376 – Omsorgsteknologi/kvardagsrehabilitering m/utstyr

Prosjektet inneber kjøp av utstyr. Det var i utgangspunktet budsjettert med 1 mill. i 2017, men delar av summen er flytta til driftsbudsjettet. Resterande investeringssum på 0,4 mill. eks mva vert flytta til 2018.

NY – Takheisar Meland sjukeheim

Det er behov for fleire takheisar på langtidsavdelingane på Meland sjukeheim. Få takheisar fører til at pasientar som bur på sjukeheimen må bytte rom oftare enn nødvendig. Til saman er det 17 rom som manglar takheisar, og dersom alle romma skal få installert heis vil det vere behov for ei kostnadsramme på prosjektet på kr 500.000,-

19.1.5. Kyrkje, kultur og næring

556 - Restaurering av meieribygget

Gjeld restaurering og ombygging av Holsnøy meieri til kultur- og næringsverksemd. Bygget fungerer i dag som lager og verkstad for den kommunale driftsavdelinga, og desse funksjonane må flyttast til nye lokale våren 2018. Prosjektering er starta opp. Foreløpig kostnadskalkyle er ei grovkalkyle som er usikker. Når forprosjektet er ferdig vil ein få utarbeidd eit oppdatert kostnadsoverslag og ved behov vil det bli ei eigen sak i formannskapet og kommunestyret.

570 - Utviding av kyrkjegard

Det er eit krav om at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ein kvar tid. Prognosar viser at ein i år eller neste år ikkje lenger vil tilfredsstillte dette kravet. Det er ønskeleg at det vert bygd ny kyrkjegard med plass til 600 nye gravplassar innan 2020. Grunnundersøkingar har vist at arealet som er avsatt i kommuneplanen har høg grunnvasstand, og difor er svært utfordrande å bygge gravplass på. Det er gjennomført ei mogleghetsstudie som har sett på andre areal rundt kyrkja. Foreløpig er det vurdert at det best eigna arealet er det som allereie er regulert og ikkje bygd ut sist gravplassen vart utvida. I utgangspunktet hadde kommunen gått vekk frå å utvide dette arealet pga. at arealet er for bratt, men det vert no utgreidd om det kan etablerast ein ny tilkomst og parkeringsplass, som i stor grad kan løyse problemet med manglande universell utforming. Ei slik løysing vil også kunne betre tilkomst til eksisterande gravplass.

578 – Kjøp av sentrumsareal

Må sjåast i samanheng med prosjekt kyrkje/kulturhus. Kommunen er i forhandling med grunneigar. Summen er budsjettet i 2017, men kan verte utsett til 2018.

579 – Nytt varmeanlegg og kabelnett Meland kyrkje

Det har lenge vore behov for å oppgradere Meland kyrkje si elektriske oppvarming. Det elektriske anlegget er frå 50-talet og dårleg effekt i varmeanlegget gir tørkeskadar på orgel og interiør. Ein har hatt fukttrarar, men det viser seg å ha andre uheldige verknader på interiøret. Sommaren 2017 var det utarbeidd ein rapport som har vurdert kyrkja si tilstand og dei tekniske anlegga sin funksjon og drift. Rapporten har anbefalt fleire tiltak som går utover det opphavlege prosjektet sine investeringsrammer, men som vil lønne seg på sikt grunna vesentleg energibesparing over tid. Rapporten reknar med at utgiftene til dei anbefalte tiltaka vil kunne dekkast inn i løpet av 10-15 år. Tiltaka inkluderar:etting av luftlekkasjer rundt dører og i overgang mellom golv-vegg, forbetra isolering av himling over kyrkjerommet, luft-luft varmepumpe samkjørt med noko oppgradert el-oppvarming, utskifting til meir energieffektiv belysning, utskifting av alle vindauge frå 1-lags til 2 lags glas og utskifting av eldre elektriske varmekjelder.

Prosjektet er førebels kalkulert til kr 2,5 mill., men med stor usikkerheit rekna til 50%, grunna at denne type arbeid i eit verna bygg er vanskeleg å kostnadsrekne.

581 – Kyrkje/kulturhus

Under handsaming av økonomiplanen for 2017 – 2020 satt kommunestyret av midlar til delfinansiering av ny kyrkje/kulturhus i Meland. Det vart også sett av noko midlar til planlegging. For å utgreie saka vidare vart det i januar 2017 satt ned ei arbeidsgruppe bestående av politiske representantar frå kommunen og representantar frå kyrkja. Arbeidsgruppa si innstilling vart levert til Rådmannen i april. Innstillinga legg opp til eit romprogram på 2.790 m² netto som inkluderar mellom anna kyrkjerom, barne- og ungdomslokale, bibliotek og nærsenter. Byggekostnad var estimert til 85 mill., med utgangspunkt i at kommunen dekker 70 mill. medan kyrkja skal dekke dei resterande 15 mill.

I KS-sak 72/2017 vart det vedteke å sette ned ein plankomit  med 3 medlemmer oppnemnd frå sokneradet og 3 frå kommunen (administrasjon/fagkompetanse). Mandatet vart å vidareutvikle behovsanalysen, lage rom- og funksjonsplan, gjennomf re konsekvensanalyse av samlokaliseringa mellom kyrkje/kultur og utarbeide driftsmodell og finansieringsplan. R dmannen satt ogs  i gang arbeid med   kvalitetssikre kostnadsoverslag for bygget, og n rere vurdere kommunen sine behov for kulturlokale.

Asplan Viak vart engasjert for   utarbeide eit kostnadsoverslag basert p  erfaringstal og romprogrammet til arbeidsgruppa. I kostnadsoverslaget vart det tatt h gde for kostnader med utomhus, infrastruktur og ein usikkerheitsfaktor. I tillegg vart funksjonsarealet (nettoareal) som l g inne i arbeidsgruppa si kalkyle omrekna til bruttoareal for   inkludere areal til inner- og ytterveggar, kommunikasjonsareal (korridorar, trapper o.l.), tekniske rom og f ringsveier m.m. Dette utgj r bruttoarealet av bygget og skildrar det omfanget bygget til slutt vil ha.

Kostnadsoverslaget skisserte at eit nytt Kyrkje/kulturhus b r ha ein kostnadsramme p  205 mill. kr. Dette var langt h gare enn kostnadsramma som vart vedteke i desember 2016. R dmannen engasjerte ogs  Kulturhusplan DA for   kvalitetssikre kostnadskalkyla og gje anbefalingar for vidare arbeid med prosjektet. I denne rapporten g r det fram at prim rbehovet til Meland er ei moderne arbeidskyrkje. Anbefalinga vidare var   redusere areala i romprogrammet, og fokusere p  kyrkjefunksjonane.

I etterkant har kyrkja kome med eit revidert arealbehov, og Rådmannen har på bakgrunn av dette og tidlegare kalkyler kostnadsrekna på fire ulike alternativ for kyrkje/kulturhus. Alternativa vart lagt fram for plankomitèen i oktober, og ser slik ut:

- | | | |
|--------------------------|--------------|---|
| 1. Kyrkje / kulturhus | kr 176 mill. | (funksjonar som oppstilt frå arbeidsgruppa, men med noko redusert areal til kyrkje) |
| 2. Kulturhus | kr 158 mill. | (korrigert arealbehov for reint kulturbygg m/bibliotek) |
| 3. Kyrkje | kr 110 mill. | |
| 4. Nøktern arbeidskyrkje | kr 86 mill. | (byggekostnader kr 30 000/m2) |

Alle alternativ utanom «Nøktern arbeidskyrkje» vil vesentleg overstige den opphavlege kostnadsramma for prosjektet. Dette alternativet omfattar dei funksjonane kyrkja har behov for, medrekna kulturelle aktivitetar og møtepunkt som kyrkja kan vere viktig bidragsytar til. Byggekostnadene ligg på eit særns nøkternt nivå med 30 000 kr pr. m2 for brutto areal. Dette er det lågaste anslaget det vert anbefalt å estimere med. I tillegg er det lagt inn midlar til utomhus og usikkerheit på 20 %. Forslaget til økonomiplan investering inneheld 70 mill. kr til arbeidskyrkje i tråd med budsjettvedtaket i desember 2016. Midlane bør settast av utan rom for overskridingar som ei absolutt kostnadsramme.

Turstiar/lysette turløypar

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 legg opp til ulike alternativ for etablering av lysette turvegar. Tiltaket kan kvalifisere for spelemidlar, som berer med seg krav til mellom anna hellingsgrad og bredde. Tiltaket må ta mange omsyn og vil krevje ei rekkje avklaringar, noko som fører til eit behov for ei auke i prosjektmidlar til planlegging. I tillegg kjem lysanlegg og forskottering av spelemidlar. Kostnadsestimat for prosjektet er på 7,5 mill. der 2,5 mill. er forskottering av spelemidlar, dvs. at kommunen si netto investering er rekna å verte kr 5 mill.

Aktivitetsområde Frekhaug torg

Utomhusplan for Frekhaug identifiserer ulike areal som kan vere aktuelle for konkrete tiltak. Området mellom austleg hjørne av Kiwi og Meland rådhus er peikt på som aktuelt for å etablere eit aktivitetsareal; møteplass, leikeplass og opphaldsareal. Tiltaka kan vere aktuelt for spelemidlar, som i tilfelle vil verte fokusert på trening og aktivitet for større barn, ungdom og vaksne. Spelemidlar kan ikkje nyttast til møteplass, til dømes for småbarnsfamiliar og eldre. Investeringsramma tek dermed høgde for at ein i mindre grad kan delfinansiere med spelemidlar, eller kan forskotere eventuelle tilskot.

Parkering/rasteplassar

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 vert rullert på deltema hausten 2017. Arbeidet legg opp til ei målretta satsing på å betre tilhøva for parkering til mykje brukte friluftsområde, samt etablering av fleire rasteplassar og utsiktspunkt til kvile, opphald og leik.

Areal ro- og jollesegling

Tilrettelegging for utsetting av kano og kajakk på Rylandsvassdraget ved Rossland skule.

19.1.6. Prosjekter teknisk drift

760 - Kommunale vegar

Kommunedelplanen for kommunale vegar som vart vedteken av kommunestyret 12.03.2008 inneheld overordna plan for vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 1,5 mill. per år til føremålet. I tidlegare økonomiplanar og budsjett har vi ikkje følg opp dette med nok midlar, noko som har ført til eit betydeleg etterslep på

oppgradering av dei kommunale vegane. I denne økonomiplanen er det foreslått å følgje tilrådinga i kommunedelplanen og sette av kr 1,5 mill. per år.

761 - Trafikksikring

Trafikksikringsplan for Meland kommune 2017-2020 er godkjent av kommunestyret i møte 08.03.2017. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling. Det er tidlegare satt av kr 300.000,- årleg til trafikksikringstiltak. Det vert i økonomiplanen for 2018-2021 foreslått å auke denne summen til kr 500.000,- per år, for å sikre at flest mogleg av tiltaka i den nye trafikksikringsplanen faktisk vert gjennomført.

762 - Kommunale bygg

Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar er vedteken av kommunestyret 14.10.2015. Planen legg premissane for det planlagde vedlikehaldet. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling. Det er eit sterkt behov for meir midlar til oppgradering av den kommunale bygningsmassen, og det er lagt opp til ei auke i investeringsramma i økonomiplanperioden.

Det har i budsjettprosessen kome inn fleire særskilte behov, mellom anna:

- ombygging av resepsjonen på Rådhuset
- nytt møterom på NAV
- ombygging av omsorgsbustad på Frekhaug.
- I tillegg er det tatt høgde for å legge inn prosjekt 259 Tilbygg Vestbygd skule som er eit ombyggingsprosjekt for elevar med særskilte behov.

Framlegg til kostnadsramme for dette prosjektet er difor auka til kr 2,5 mill. per år i heile økonomiplanperioden. I revidert budsjett for 2017 er kostnadsramma for prosjektet kr 1,85 mill. ekskl. mva, I opprinneleg budsjett 2017 hadde vi avsett kr 1,2 mill. og i budsjettet for 2016 kr 1,0 mill.

787 - Forskottering undergang/trafikksikring Holme

Kommunen ønskjer å få fortgang i trafikksikringstiltak på Holme. Løysinga må vere regulert og godkjent av Statens vegvesen før gjennomføring. Tiltaket inngår i Nordhordlandspakken. Det er etablert eit samarbeid mellom kommunen, Statens vegvesen og utbyggar. Budsjettert sum i 2017 på kr 3,0 mill. vert flytta til 2018.

789 - Ny driftsstasjon

Det er kjøpt tomt til ny driftsstasjon i Mjåtveit næringspark, og vi held på med detaljprosjektering av bygget. Tomteprisen vart høgare enn rekna med, men dette er mellom anna fordi tomta vert levert ferdig opparbeidd med veg, vatn og avlaup til tomtegrensa. Den samla kalkyla er difor oppjustert til 13,5 mill.

Av dette er kr 8,0 mill. (ekskl. mva) lagt inn i budsjettet for 2018 I tillegg til den tidligare budsjetterte summen på kr 5,5 mill. i 2017.

791 – Utbetring/opprensning og veglys Mjåtveittjørna

Budsjettert i 2017. Prosjektet gjeld opprensning av Mjåtveittjørnet og etablering av veglys. Det er tatt sedimentprøver frå tjørnet for å kunne vurdere kor massane kan plasserast/deponerast. Når dette er avklart kan ein kome i gang med gjennomføring av prosjektet. Så langt ikkje avsett midlar i 2018, men prosjektet kan verte forseinka og skyvd over i 2018.

NY – Tilhengar til traktor

Driftsavdelinga har behov for ein ny tilhengar til traktor. Tilhengaren skal mellom anna nyttast til frakt av massar og gravemaskin. I dag er det berre den kommunale lastebilen som kan frakte gravemaskinen, men

lasteplanet er høgt. Kommunen har ein liten gravemaskin med kort beltevogn, og det er vanskeleg og risikofylt å gå på og av lastebilen og samtidig overhalde HMS-krav.

NY – Nye ventilasjonsaggregat rådhuset

I samband med miljøsertifisering av rådhuset har det blitt gjennomført ei energimerking av bygget. Energimerkinga skildrar tilstanden i dag og gjev råd om tiltak som bør gjennomførast for å minske energibehovet. Det vert anbefalt å skifte ventilasjonsanlegg i bygg A og bygg C. Det er estimert at dette vil gje ein innsparing i overkant av 100 000 kr i årlege energikostnader. I praksis inneberer dette at tiltaka vil vere spart inn etter ca. 9 år. Etersom anlegga vil ha ei økonomisk levetid på 20 år vil dette vere ei svært lønsam investering.

NY – Fortau Mjåtveitvegen

Utbygginga på Frekhaug fører til aukande trafikk og behov for betre skilje mellom gåande og køyrande. I samband med bygging av Danielsen skule er det stilt krav i reguleringsplan om etablering av fortau. Når dette fortauet vert utbygd vil det berre vere strekninga mellom Badevika og den nye innfartsparkeringa ved Varnappen som manglar fortau. Dette er ei strekning på ca. 170 m, men den er noko utfordrande å bygge grunna hus som ligg tett til vegen. Bygging av fortauet er føreslått starta opp med prosjektering i 2018 og utbygging i 2019. Grovt kostnadsrekna til mellom 2 og 3 mill.

NY - Oppgradering Frekhaug sentrum

Etter kommunesamanslåinga vil Frekhaug sentrum vere eit lokalsenter i staden for kommunesenter. Det ligg eit stort utviklingspotensiale i den godkjente områdeplanen, særleg for næringsutvikling og service. I dag framstår ikkje sentrum på ein måte som trekkjer til seg private investeringar; det trengs m.a. meir liv og opprusting av uteområda og vegsystemet. Området bør detaljplanleggjast og utformast med eit meir urbant preg. Utforminga bør bidra til å knyte saman dei ulike delområda i sentrum, frå Langelandsskogen via dagens tomt for ungdomsskulen til snøggåtkaien. Ei løysing som byggjer på konseptet Shared Space bør vere svært aktuelt for det mest sentrale området. Det trengs midlar til planlegging/prosjektering og gjennomføring. Anlegget bør koordinerast i tid med bygging av ny rundkøyring. Foreløpig gjort ei heilt grov kostnadsalkyle. I det endelege kostnadsbiletet bør sal av eigedomar (t.d. eksisterande ungdomsskule og barnehage) vurderast.

19.1.7. Andre bygg, ikkje kostnadsrekna

Idrettshall/Symjehall

Det er eit stort behov for ny idrettshall i kommunen. Både Sagstad skule og Meland ungdomsskule manglar gymsal. Dei lokala som i dag vert leigd (Meland Aktiv, Nordhordland folkehøgskule) byrjar å få lite kapasitet. Ved bygging av ein ny idrettshall er det ønskeleg å bygge eit anlegg som kan nyttast i fleire samanhengar og også kunne fungere som eit regionalt anlegg. Her vil det også kunne vere ønskeleg å etablere eit nytt symjebasseng. I dag er det berre Rosslund skule som har symjebasseng. Bassenget er av eldre dato, og vil ha ei avgrensa levetid. Prosjektet er i ein for tidleg fase til at ein kan legge inn budsjetta.

Helsehus

Det er behov for samlokalisering og større lokale til fastlege, helsestasjon, fysioterapi og psykiske helsetenester på Frekhaug. Grunna usikkerheit knytt til framtidig bruk av Meland rådhus i ein eventuell ny kommunestruktur, er det ikkje lagt inn noko midlar til helsehus i denne økonomiplanperioden.

Tilbygg Meland sjukeheim

Det er kome inn innspel på behov for meir opphaldsareal for sjukeheimen og utvida areal for fysioterapi som er lokalisert på sjukeheimen. Desse behova må vurderast i samband med kommunesamanslåinga, og det er foreløpig ikkje oppretta konkrete prosjekt i denne økonomiplanen.

19.1.8. Andre kapitalutgifter

910 – Startlån til vidareutlån

Kommunen låner midlar i Husbanken som vert lånt vidare til private etter søknad. Lån vert dersom låntakar innfrir vilkår frå Husbanken for slike lån, og etter grundig sakshandsaming av kommunen. Dei siste åra har kommunen budsjettet med kr 6,0 mill. per år til slike formidlingslån. Grunna stort behov gjer rådmann i budsjettet framlegg om å auke summen med kr 1,0 mill. per år, i 2018 kr 7,0 mill. aukande til kr 10,0 mill. i 2021.

929 – Eigenkapitalinskot KLP

Ettersom kommunen sin forsikringsportefølje i KLP stadig veks, som følgje av fleire tilsette og fleire pensjonistar, må kommunen kvart år auke sin eigarkapital i KLP. I 2017 må kommunen skyte inn kr 1,1 mill., og det er budsjettet med om lag same beløp per år i økonomiplanperioden.

19.2. Investeringar i Vatn og avlaup

	Alle tal i heile 1000 kr	Ekskl. MVA					Sum 18-21
		2018	2019	2020	2021	Seinare	
	Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfin.)						
	Vatn	53 890	69 600	16 200	13 300	10 100	152 990
601	Nyttvassbehandlingsanlegg Hestdal	25 000	47 000	3 000			75 000
	Vassleidning Tveit-Holme	6 750					6 750
	VA-kryssing E39	390					390
	Vassleidning Meland vassverk - Meland høgdebasseng	17 000					17 000
	Vassleidning Myrvollane-Moldekleiv	500	15 600				16 100
	Vassleidning Litlebergen - Flatøy	500	4 000				4 500
	Vassleidning Fosse-Moldekleiv			10 200	10 300		20 500
	Vassleidning Fosse-Frekhaug					10 100	-
	Oppgradering VA Frekhaug sentrum	750					750
	Mindre prosjekt vatn	3 000	3 000	3 000	3 000		12 000
	Avlaup	16 000	20 800	3 000	3 000	-	42 800
654	VA-kryssing E39	750					750
662	Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	9 000	8 300				17 300
668	Sanering Rosslandspollen	1 000					1 000
	Avlaupsleidning Meland vassverk - Moldekleiv	500	9 500				10 000
	Oppgradering VA Frekhaug sentrum	1 750					1 750
	Mindre prosjekt avlaup	3 000	3 000	3 000	3 000		12 000
	Sum VA-investeringar:	69 890	90 400	19 200	16 300	10 100	195 790
	Finansiering og kapitalinntekter VA-investeringar						
	Lån	69 890	90 400	19 200	16 300	10 100	195 790
	Sum finansiering VA-investeringar:	69 890	90 400	19 200	16 300	10 100	195 790

Framlegg til investeringar er basert på vedteken tiltaksplan for Vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015 - 2019. Investeringane er planlagt som ein heilskap for å oppfylle målsetjingane i denne planen, og endringar i investeringsnivå krev at tiltaksplanen må revurderast. Tabellen nedanfor viser detaljert framlegg til investeringar i VA-anlegg med totalt kr 195,8 mill. i økonomiplanperioden 2018-2021 og kr 69,9 mill. i 2018. Budsjett for VA-anlegg skal vere ekskl. mva.

I 2017 er det i tillegg til tiltaksplanen utarbeidd ei ny modellering av vassleidningsnett i kommunen for å ha eit enda betre grunnlag for å prioritere investeringsprosjekt dei neste åra, også utover planperioden i tiltaksplanen. Modelleringa viser at det er eit stort behov for å oppgradere dimensjonane på overføringsleidningane frå Meland vassverk til Frekhaug. Årsaka er den raske befolkningsveksten. Delar av den eksisterande overføringsleidningen frå Meland til Frekhaug vart bygd i 1975. Da hadde kommunen rundt 3.000 innbyggjarar, medan innbyggjartalet i dag er på meir enn 8.000.

Norconsult AS har i samarbeid med administrasjonen vurdert at det vil vere mest formålstenleg å leggje nye overføringsleidningar på austsida av Holsnøy. Denne traseen vil mellom anna kunne gje samdriftsfordelar med vegvesenet si utbygging av FV 245 frå Fosse til Moldekleiv. I tillegg vil den, saman med ei ny sjøleidning frå Litlebergen til Flatøy, sikre tilstrekkeleg vatn til den planlagde utbygginga av Midtmarka og Rotemyra. Samtidig viser detaljprosjektering av nytt vassverk at det sannsynlegvis er behov for å bygge ei avlaupsleidning frå vassverket til sjø. Årsaka er at behandlingsprosessen til vassverket vil gje mykje slam som må fraktast vekk. Slammet er hovudsakleg humus, men det kan ikkje sleppast ut igjen i Storavatnet. Løysinga som er foreslått er å bygge ein avlaupsleidning til Moldekleiv. Dette vil også gje samdriftsfordelar ved at kommunen kan leggje ny overføringsleidning frå vatn og ny avlaupsleidning frå Meland vassverk til Moldekleiv i same grøft.

Nokre av dei tidlegare planlagde utbyggingane vert føreslått utsatt til etter 2022 for å unngå for høgt investeringsnivå. Dette gjeld: Vassleidning Landsvik-Rosslund med høgdebasseng samt tidlegare utsette anlegg som vassleidning frå Vollo-Brakstad.

19.2.1. Prosjekt innan vassbehandling og vassforsyning

601 - Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal

Nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal. Nytt vassverk er nødvendig for å sikre Meland kommune nok vatn og overhalde kvalitetskrava i drikkevannsforskrifta. Hovudårsaka til at det må byggast nytt vassverk er at det eksisterande vassverket ikkje kan fjerne humus (farge) i vatnet. Når det er mykje farge i råvatnet vil reinsinga med UV-stråling fungere dårlegare, og det vil vere utfordrande å sikre drikkevatt av god kvalitet. I tillegg er kapasiteten til vassverket for lite til å dekke befolkningsauka i kommunen. I dag er det allereie utfordrande i tørtversperioder. Kommunen held på med detaljprosjektering av vassverket, og kostnadsramma er auka for å ta høgde for usikkerheit i kalkyla.

Vassleidning Tveit-Holme

I samband med legging av ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen vert det tilrådd å oppgradere eksisterande leidning frå Tveit til Holme i felles grøft med avlaupsleidning. Kostnadsramma er auka på grunn av større dimensjon på leidningen enn først planlagt.

VA-kryssing E39

Statens vegvesen har forskottert delar av kryssingane under E39. Desse må tilbakebetalast, men kommunen ventar framleis på kravet frå vegvesenet. Prosjektet er delt mellom vatn og avlaup.

NY - Vassleidning Meland vassverk - Meland høgdebasseng

For å sikre at det vert overført tilstrekkeleg med vatn frå det nye vassverket på Hestdal må dagens overføringsleidning til Meland høgdebasseng skiftast ut. Det er mogleg at ein ikkje treng å skifte ut heile leidninga, men dette må avklarast under detaljprosjekteringa. Kostnadsestimatet er basert på at heile leidninga vert skifta. Vassleidninga fram til Myrvollane vil bli lagt i same grøft som avlaupsleidninga frå nytt vassverk, og må byggjast parallelt med vassverket for å sikre at avlaupet er operasjonelt når vassverket står klart.

NY - Vassleidning Myrvollane-Moldekleiv

Oppdimensjonering av dagens vassleidning for å sikre nok vatn til Frekhaug og Flatøy området. Vassleidninga vil bli lagt i same grøft som avlaupsleidninga frå nytt vassverk, og må byggjast parallelt med vassverket for å sikre at avlaupet er operasjonelt når vassverket står klart.

Vassleidning Litlebergen - Flatøy

Vassleidningane på Flatøy har ikkje kapasitet til å forsyne planlagt utbygging av Midtmarka og Rotemyra. Det er behov for å legge ein ny sjøleidning frå Litlebergen til Flatøy. Prosjektet ligg foreløpig inne med ferdigstilling i 2019.

Vassleidning Fosse-Moldekleiv

Oppdimensjonering av dagens vassleidning for å sikre nok vatn til Frekhaug og Flatøy området. Vil bli gjennomført samtidig med vegvesenet si utviding av fylkesvegen på strekninga som er planlagt utført i 20-21.

Vassleidning Fosse-Frekhaug

Bygging av ny vassleidning frå Fosse til Frekhaug for å sikre nok vatn til Frekhaug. Leidninga vil også fullføre eit nytt ringleidningssystem som vil gje god sikkerheit for vassforsyninga ved eventuelle leidningsbrot. Prosjekta Fosse-Moldekleiv og Fosse-Frekhaug ligg inne i tidlegare økonomiplaner, men da som eit prosjekt med eit mindre omfang med namn Vassleidning Litlebergen-Frekhaug. På grunn av behovet for å få oppdimensjonert leidningsnett heile vegen frå Meland vassverk til Frekhaug er prosjektet utvida og delt i to ettersom bygginga vil bli gjennomført i ulike entreprisar.

NY - Oppgradering VA Frekhaug sentrum

Det har vore store setningar i området som har ført til svankar/driftsproblem på leidningane. Avlaupsnettet går difor ofte tett. Leidningsnettet er også gammalt og «rotete» og går delvis under bygningar. Det er mange tilkoplingar på uhensiktmessige stader som gjer det vanskeleg å kontrollere vassforsyninga. Samtidig med at avlaupsleidningane vert oppgradert kan ein få lagt ein ny vassleidning med betre dimensjon som vil sikre at når nye overføringsleidningar frå Meland vassverk vert utbygd blir det ein god tilførsel inn til Frekhaug sentrum. Prosjektet må også sjåast i samanheng med vegvesenet sitt planleggingsarbeid for Frekhaugkrysset. Prosjektet er delt mellom vatn og avlaup.

NY - Mindre prosjekt vatn

Erfaringsmessig oppstår det kvart år akutte behov for mindre investeringsprosjekt som bør gjennomførast på kort tid. Dette kan vere flytting av eksisterande leidningsnett, mindre sanering eller separeringstiltak på eksisterande nett eller mindre VA-arbeid knytt til andre prosjekt som pågår i same område. Istadenfor å opprette fleire små prosjekt i løpet av budsjettåret er det ønskeleg å ha eit samleprosjekt som tek høgde for desse mindre prosjekta. Summen er satt opp av beredskapsomsyn, men den treng ikkje nødvendigvis å bli brukt opp kvart år.

19.2.2. Avlaups-prosjekt

654 - VA-kryssing E39

Statens vegvesen har forskottert delar av kryssingane under E39. Desse må tilbakebetalast, men kommunen ventar framleis på kravet frå vegvesenet. Prosjektet er delt mellom vatn og avlaup.

662 - Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit

Sanering av avlaup frå Tveit til Holmeknappen. Det er gjennomført eit forprosjekt for anlegget som viser at det bør byggjast vesentleg større dimensjoner på slamavskiljaren enn det som opphavleg vart berekna i

tiltaksplanen for VA. Årsaka er dei store utbyggingsområda som no ligg inne i kommuneplanen frå krysset FV 564 og FV 247 og nordover langs FV 247.

Forprosjektet viser også at dersom ein skal sanere heile området ved Holmeknappen, vil det føre til store inngrep i kulturlandskapet og store kostnader. Ettersom saneringa skal omfatte heile område frå Brakstad og Tveit til Holmeknappen er det vurdert at prosjektet bør fokusere på hovudtyngda av utsleppa som er nord for FV 564. Dette inneberer at prosjektet ikkje lenger vil inkludere heile Holmeknappen, men at denne delen evt. kan byggjast i framtida. Sjølv om delar av anlegget ved Holmeknappen vert teke ut vil prosjektet framleis få ein høgare kostnadskalkyle grunna dei større dimensjonane på slamavskiljar og usikkerheit i kalkyla.

668 - Sanering Rosslandspollen

Rosslandspollen er ei innelukka og sårbar resipient med dårleg vassutskifting. Pollen tilfredsstillar ikkje krava i vassforskrifta til minimum god tilstand. Oppsamla avlaup ved Ryland-Vikebø vert ført ut av pollen gjennom ei lang pumpeleidning, til utslepp i Herdlefjorden. Men det er mange bustader i Rossland-, Skurtveit- og lo-området som har direkte/indirekte avlaupsutslepp til pollen.

Det er satt i gang eit forprosjekt for saneringa hausten 2017. Saneringa er svært omfattande og må også skissere løysingar for dei nye utbyggingsområda som er satt av i kommuneplanen. Det har tidlegare vore satt av noko midlar til gjennomføring av prosjektet, men summene er ikkje lenger lagt inn fordi omfanget av prosjektet er så utfordrande å definere på dette tidspunktet. Når forprosjektet er ferdig vil ein kunne gje nye kostnadsestimat som kan legges inn i økonomiplan investering.

NY - Avlaupsleidning Meland vassverk – Moldekleiv

Bygging av ny avlaupsleidning frå Meland vassverk til Moldekleiv. Det nye vassbehandlingsanlegget på Hestdal vil gje mykje slam som må fraktast vekk. Slammet er hovudsakleg humus, men det kan ikkje sleppast ut igjen i Storavatnet. Foreløpig er det vurdert at den beste løysinga er å frakte dette vekk gjennom eit nytt kommunalt avlaupssystem til Moldekleiv. Alternativet er eit slambehandlingsanlegg og mini-reinseanlegg som vil føre til mykje tungtransport på smale vegar og høge årlege driftskostnader. I detaljprosjektet må det vurderast om ein samtidig kan sanere eksisterande utslepp frå bustader.

NY - Oppgradering VA Frekhaug sentrum

Det har vore store setningar i området som har ført til svankar/driftsproblem på leidningane. Avlaupsnettlet går difor ofte tett. Leidningsnettlet er også gammalt og «rotete» og går delvis under bygningar. Det er mange tilkoplingar på vanskeleg tilgjengelege stader som gjer det vanskeleg å kontrollere vassforsyninga. Samtidig med at avlaupsleidningane vert oppgradert kan ein få lagt ein ny vassleidning med betre dimensjon som vil sikre at når nye overføringsleidningar frå Meland vassverk vert utbygd blir det ein god tilførsel inn til Frekhaug sentrum. Prosjektet må også sjåast i samband med vegvesenet sitt planleggingsarbeid for Frekhaugkrysset. Prosjektet er delt mellom vatn og avlaup.

NY - Mindre prosjekt avlaup

Erfaringsmessig oppstår det kvart år akutte behov for mindre investeringsprosjekt som bør gjennomførast på kort tid. Dette kan vere flytting av eksisterande leidningsnett, mindre sanering eller separeringstiltak på eksisterande nett eller mindre VA-arbeid knytt til andre prosjekt som pågår i same område. Istadenfor å opprette fleire små prosjekt i løpet av budsjettåret er det ønskeleg å ha eit samleprosjekt som tek høgde for desse mindre prosjekta. Summen er satt opp av beredskapsomsyn, men den treng ikkje nødvendigvis å bli brukt opp kvart år.

20. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Framlegget til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.
2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2018 i samsvar med tabellane i rådmannen sitt framlegg kap. 9 slik:
 - Netto inntekter og finanspostar kr 454,6 mill.
 - Driftsramme tenesteområda kr 454,2 mill.
 - Avsetning til disposisjonsfond (overskot) kr 0,4 mill.

3. Kommunestyret godkjenner økonomiplanen med følgjande økonomiske rammer for perioden 2018 – 2021 (alle tal i 2018-prisnivå):

År (tall i mill. kr)	2018	2019	2020	2021
Ramme netto inntekter/finans	454,6	467,6	474,2	475,3
Utgiftsramme tenesteområda:	454,2	464,3	469,5	470,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,4	3,3	4,7	4,8

4. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2018. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2018.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2018. Eigedomsskatten for 2018 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

5. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med maksimalsatsane som vert vedteke i statsbudsjettet for 2018. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2018.

6. Framlegg til brutto investeringar i 2018 er totalt kr 147,2 mill. Av dette kr 67,6 mill. til ordinære driftsmidlar, kr 9,65 mill. til andre kapitalutgifter og kr 69,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2018 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 122,9 mill.	
Nye innlån til vidareutlån	kr 7,0 mill.	(startlån)
Mva-refusjon	kr 11,1 mill.	
Mottak av avdrag på utlån	kr 1,6 mill.	(startlån)
Bruk av avsetningar	kr 5,6 mill.	(kapitalfond og disposisjonsfond)

7. Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling slik:
 - a) Satsar for tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosiale tenester frå og med 01.01.2018 jamfør tabell 1 og 2 i rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.1. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.
 - b) Satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå 01.01.2017 jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.2
 - c) Satsar for kopiering mm. jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.3.